I planomtale/ROS-analyse er det vist til aktsemdskart for flaum for Storelva (Øyraelva) i Volda. Det er vist til at to utbyggingsområde er omfatta av aktsemdssona, og føreslege krav i føresegnene §§ 3.4 og 3.5 om avklaring av reell flaumfare i samband med detaljregulering. NVE vil peike på at det i ROS-analysen er vist til område B1, medan det i føresegner og planomtale er vist til områda BKB4 og BKB5. For at planmaterialet skal vere enklare å tyde, rår vi til at aktsemdssona for flaum også vert innarbeidd i plankartet som omsynssone med tilhøyrande føresegner. Vi rår også til at det vert stilt krav til vurdering av fare for erosjon langs vassdraget.

I plankartet er det føreslege regulert omsynssone for ras- og skredfare (H310_) i høve til aktsemdskart for jord- og flaumskred, med tilhøyrande krav i føresegnene om avklaring av reell skredfare i samband med detaljregulering av områda.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor	Region Midt-Norge	Region Nord	Region Sør	Region Vest	Region Øst
Middelthunsgate 29	Vestre Rosten 81	Kongens gate 14-18	Anton Jenssensgate 7	Naustdalsvegen. 1B	Vangsveien 73
Postboks 5091, Majorstuen			Postboks 2124		Postboks 4223
0301 OSLO	7075 TILLER	8514 NARVIK	3103 TØNSBERG	6800 FØRDE	2307 HAMAR

Grunntilhøva i planområdet er skildra i planomtalen s. 15, men omfattar berre områda nær planlagde vegtiltak. I Volda dekkje plankartet også område der NGU sitt lausmassekart viser marine strandavsetningar. I område med marine avsetningar kan det ikkje utelukkast førekomstar av kvikkleire, noko som plandokumenta må ta høgde for.

Det er føreslege krav om detaljregulering for utbyggingsområde som er omfatta av aktsemdssone for skred, og vist til NVE retningslinje 2/2011 og siste avsnitt i kap. 6.5.2 D. NVE reknar med det er ein skrivefeil og her er meint kap. 7.5.2 D.
Krav om utgreiing av den reelle faren i samband med detaljregulering er i samsvar med NVE sine retningslinjer, men vi rår likevel at plandokumenta vert oppdatert slik at det også blir gjeldande for potensiell flaumfare, erosjonsfare og ustabile grunnforhold.

Med helsing

Brigt Samdal
regionsjef

Ole-Jakob Sande
senioringeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg:

Kopi til:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Volda kommune

AVINOR

Statens vegvesen, Region midt
Fylkeshuset
6404 MOLDE

Vår ref.
12/03750-14

Vår dato:
13.11.2017

Deres ref.
16/28947-68

Deres dato:
06.10.2017

Vår saksbehandler:
Einar K Merli - 976 51 687

Volda kommune - E39 Volda-Furene - Varsel om offentlig ettersyn av reguleringsplan sendt fra Statens vegvesen - Uttalelse fra Avinor

Vi viser til Deres brev av 06.10.2017 vedrørende varsel om offentlig ettersyn av reguleringsplan for E39 Volda-Furene, i Volda kommune.

Vi registrerer at vegvesenet for Furene har valgt å gå bort fra løsningen i kommunedelplanen og i stedet senket og forlenget tunnelen. Den nye løsningen gir mulighet for en fremtidig forlengelse av Torvmyrvegen i kulvert nær rundkjøringen og i kulvert under vilttrekket.

Høyderestriksjonene rundt Ørsta-Volda lufthamn er innarbeidet som hensynssone H190 og beskrevet i § 8.2 i tilhørende reguleringsbestemmelser etter ønske fra Avinor.
Bestemmelsen ivaretar hinderflatene (innflygingsflate og sideflate), lysbruk, bruk av kraner og anleggsmaskiner i anleggsperioden samt eventuelt krav om påmontering av hinderlys på lysmaster.

Avinor har ingen ytterligere merknader til planen i forbindelse med offentlig ettersyn.

Med vennlig hilsen
Avinor AS

Einar K Merli
Arealplanlegger
Masterplaner og arealdisponering

Dokumentet er godkjent elektronisk.

Kopi: Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Volda kommune

Postboks 150 NO-2061 Gardermoen
Tlf: +47 815 30 550 / Fax: +47 64 81 20 01
post@avinor.no / avinor.no
NO 985 198 292 MVA

VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Per Heltne	Arkivsak nr.:	2016/1976
		Arkivkode:	2016010

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
53/18	Formannskapet	04.04.2018
46/18	Kommunestyret	26.04.2018

PLANID 2016010 - PLAN FOR STUDENTBUSTADER PÅ LANGVATN/HELTNE - GBR 20/334
SLUTTHANDSAMING AV PLAN, JF. PBL §12-12

Handsaming:
Planleggar Per Heltne orienterte.

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 04.04.2018 til kommunestyret:
Detaljreguleringsplan for - Studentbustader på Langvatn/Heltne-plan ID 1519-2016010 , slik det går fram av plankart og føresegner sist datert 13.03.2018, vert godkjent i samsvar med reglane i plan og bygningslova §12-12.

Administrasjonen si tilråding:

Detaljreguleringsplan for - Studentbustader på Langvatn/Heltne-plan ID 1519-2016010 , slik det går fram av plankart og føresegner sist datert 13.03.2018, vert godkjent i samsvar med reglane i plan og bygningslova §12-12

Vedleggsliste:
Reguleringsplankart sist datert 13.03.2018
Reguleringsføresegner sist datert 13.03.2018
Illustrasjonsplan

Sjekkliste ROS
Arkitektonisk beskriving
Planomtale datert 12.10.2017
Illustrasjon Sol/skuggeanalyse
Illustrasjon landskap og omgjevnader
Illustrasjon fjernverknad
Terrengsnitt
Merknader ved offentleg ettersyn.

Uprenta saksvedlegg:
Kommunedelplan Volda -Furene
Kommuneplanen sin samfunnsdel
Referat etter førehandskonferanse.
Vedtak om planoppstart
Arkeologisk rapport
Støyrapport
Saksopplysningar/fakta:
Prosess for detaljregulering av studentbustader på areal som Studentsamskipnaden eig mellom Vikebygdvegen, Grønbakkvegen og Nygardsvegen, gnr 20 bnr 334 (Vest for eksisterande studentbustader på Heltne), vart starta opp ved gjennomført førehandskonferanse den 9.11.2016.
Studentsamskipnaden i Volda er tiltakshavar og til utabeiding av plan er engasjert plankonsulent P.Mulvik as.

Samskipnaden har signalisert fylgjande intensjonar for planarbeidet og utbygging av området:
"Samskipnaden har ynskje om etablering av ca 120 hyblar/bustader på området.
Dei ynskjer gjennom planprosess også å få avklara mogeleg byggehøgd i området.
Vurderer inntil 5 etasjes bygg som aktuelt, sett i høve til tiliggande område på Heltne i dag og ut frå vurdert økonomi i utbygging.
Vil legge opp til tilkomst felles med eksisterande studentbustader på Heltne, og kanskje også til dels sjå desse områda samla med omsyn til parkering og andre felles uteområde.
Vil gjennom planprosess ta opp spørsmål om krav til parkeringsdekning for aktuell utbygging, basert på erfaringstal ved eksisterande studentbygg, og ut frå eksempel frå tilsvarande prosjekt i Ålesund kommune."

Ut frå førehandskonferanse vart saka lagt fram for Formannskapet i møte den 13.12.2016, som sak PS 249/16. Det vart der gjort slikt vedtak:
"Volda kommune gir løyve til fremjing av privat detaljreguleringsplan for aktuelt område i samsvar med reglane i plan og bygningslova §12-11, basert på føringar gitt i gjeldande kommunedelplan Volda-Furene - planID 20010 013".

Med grunnlag i dette vart planprosess starta opp i samsvar med reglane i Plan og bygningslova §12-8, ved kunngjering i pressa og tilskriving av aktuelle faginstansar og naboar/partar. Varsla oppstart 11.01.2017.
Etter gjennomført planprosess vart det fremja utkast til plan for kommunen for vurdering i høve utlegging til offentleg ettersyn, jf. PBL §12-11.
Etter vedtak i sak PS 194/17 den 21.11.2017, vart det gjort slikt vedtak:

1. *Framlegg til detaljreguleringsplan for - Studentbustader på Langvatn/Heltne-plan ID 1519-2016010 , slik det går fram av plankart og føresegner datert 12.10.2017, vert lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med reglane i plan og bygningslova §12-10.*
2. *Føresegnene pkt 6.4 b, nr 5. vert tilrådd endra slik før utlegging:*

(Utomhusplan skal vise-)
5. Korleis det vert tilrettelagt for sykkelparkering nær inngangsparti, og korleis krav til sykkelparkering under tak vert stetta.

Saksdokumenta vart retta opp i samsvar med vedtaket og plan lagt ut til offentleg ettersyn i perioden 28.11.17 til 12.01.2018

Plangrunnlag:
For området er arealbruken fastsett i kommunedelplan for E39 -Volda - Furene, plan godkjent 18.12.2014. Arealet er her sett av til studentbustader. Område AB-F-1

Planutforming:
Plandokumenta består av planomtale , framlegg til reguleringskart, reguleringsføresegner, samt illustrasjonsplan for uteområde, terrengsnitt, og illustrasjonar knytt til sol/skuggeverknad, bygningar sett i høve til kringliggjande bygningar og landskap .m.m. Dette gir eit samla godt planmateriale som gir godt underlag for å kunne gjere naudsynte vurderingar av planlagt arealbruk og utbygging.



Plankart ved utlegging til off.ettersyn Illustrasjonsplan

Planlagt utbygging viser to bustadblokker med samanhengande felles inngangsparti i mellom. Frå planomtalen vil eg sitere fylgjande om planlagt arealbruk og framlegg til tillatt utbygging i området:

Bustadblokker (BBB)
Innanfor formålet BBB er det planlagt bustadblokker samankopla med eit mellombygg som m.a gjev gangforbindelse mellom blokkene og tener som «tak» over inngangspartia i underetasjen.
Plankartet viser byggjegrenser samt linjer for planlagd bebyggelse (sosi-kode 1213). Bygga skal ligge innanfor byggjegrensene, men kan fråvike linjer for planlagd bebyggelse med inntil 2 meter dersom detaljprosjekteringa syner behov for dette.
Til kvar hybel er det lagt til grunn 1 plass for sykkel under tak innanfor BBB, medan parkeringsplass for bil er avsett som eige formål – SPP1. Det er lagt til grunn 20% parkeringsdekning dekt dels gjennom SPP1 og dels gjennom sambruk av parkeringsplassar ved eksisterande blokker på gbnr.20/45,46,49 og 23
Det er planlagt inntil 195 hyblar fordelt på 120stk i 1.byggjesteg (austre blokk) og 75stk i 2.byggjesteg (vestre blokk). Av desse vil ca 20% vere tilpassa krava til tilgjengeleg hybel. 4 av parkeringsplassane innanfor SPP1 er som følgje av dette tilpassa rørslehemma.

Renovasjonsanlegg (REN)
Dette området er avsett til renovasjonspunkt felles med eksisterande blokker aust for Grønbakken. Det leggast opp til nedgravd containerløysing i samarbeid med VØR.

Uteopphaldsareal (BUT)
Områda BUT1 og 2 er avsett til felles uteopphaldsareal for dei som bur i blokkene. Her vil det vere høve til oppføring av benkar, grill, leikeapparat og anna som naturleg høyrer til. Areala skal opparbeidast etter prinsippa om universell utforming med grasdekke/fast dekke og gjerde mot trafikkareal.
.....
Plassering og bygningshøgde
Det er lagt vekt på ei utforming og plassering av blokkene som etter vårt syn tek omsyn til omgjevnadane. Ein har m.a valt å orientere bygga tilsvarande eksisterande blokker i aust, dvs. med kortsidene mot dei bebygde områda nord og sør for planområdet. Dette sikrar lys og luft mellom bygga og minimerer utsikt sog soltap for bustadane på nordsida.
Blokkene plasserast innanfor byggjegrenser og linjer for planlagd bebyggelse med maksimal byggjehøgd som framgår av føresegner og plankart. Maksimal byggjehøgd er angitt med koter. Ein viser elles til vedlagte perspektivskisser og terrengsnitt som illustrerer verknadane av tiltaket.
Av omsyn til gbnr.20/314, som grensar til planområdet i vest, vert sørlege halvdel av vestre blokk redusert med ein etasje i høve nordlege del. Dette inneber at denne blokka kan oppførast i inntil U+3 etasjar med maksimal gesimshøgd 76,1m nord for mellombygget og i inntil U+2 etasjar med maksimal gesimshøgd 73,1m sør for mellombygget. Avstand til teiggrensa er også regulert med byggjegrense.
Kommunal kartbase syner at den delen av blokka som ligg rett aust for gbnr.20/314 med dette vil få ei
maksimal gesimshøgd som ligg under mønehøgda på bustadhuset. Jfr. vedlegg nr. 16
Tilsvarande vil austre blokk kunne oppførast i inntil U+4 etasjar innanfor maksimal gesimshøgd 79,1m. For begge blokkene gjeld at det ved behov kan tillatast at trapperom/rømningstrapper bryt byggjegrensa med inntil 1m, og at heishus i nødvendig grad kan overstige maksimal tillaten kote for gesimshøgd.
Mellombygget kan oppførast i inntil U+1 etasje innanfor maksimal gesimshøgd c+70,1.

Grad av utnytting (%-BYA)
For BBB er det lagt til grunn slik grad av utnytting: BBB: %-BYA=65%.
Parkeringsplassar er avsett som eige formål og inngår ikkje i berekninga av utnyttingsgrad.

Antal bueiningar/fordeling
Innanfor BBB kan det oppførast to blokker med eit samla tal på 195 hyblar slik:
Austre blokk: Maks. 120 hyblar herav ca 20% som tilgjengeleg. Vestre blokk: Maks. 75 hyblar herav ca 20% som tilgjengeleg.

Barn og unge
Då hyblane ikkje er tilrettelagt for barnefamiliar, er det ikkje avsett eigen leikeplass men to område regulert som uteopphaldsareal. Desse kan opparbeidast med benkar, grill, evt. leikeapparat m.m etter behov. Ein viser også til dei store grøntområda ved eksisterande blokker i aust som også kan disponerast.

Sol-/skuggeanalyse
Vedlagte sol/skuggeanalyse syner tilhøva ved eit utval klokkeslett for datoane 20.mars og 21.juni – og er basert på ei utbygging innanfor rammene i planframlegget. Analysen er lagt til grunn ved utforming og plassering av bygningar og uteopphaldsareal med formål å redusere ulemper for omgjevnadane og sikre gode soltilhøva på uteopphaldsarealet.

Privat og felles uteopphaldsareal

Det er avsett to område – BUT1 og 2 - på tilsaman 910m2 til uteopphald. Areala har god storleik, breidde over 10m, er flate og solrike og på alle måtar godt eigna til formålet. Som omtalt tidlegare kan områda opparbeidast som grasbakke/plen og fast dekke, og utstyrast med benkar, leikeapparat etc. etter behov.
BUT1 har eit areal på 480m2, medan BUT2 utgjer 430m2. Saman med grøntarealet på ca 7500m2 rundt samskipnaden sine eksisterande blokker like ved, vurderer vi det totale uteopphaldsaraealet som rikeleg.
Utforming, innhald og opparbeiding skal framgå av utomhusplan ved søknad – jfr. føresegnene §6.4

Leikeplassar/grunngjeving for evnt. avvik frå vedtekter/normer. Utfrå planlagt bruk som studenthyblar utan tilrettelegging for barnefamiliar, vert ikkje uteområda utstyrt som leikeplass (Jfr. fylkesmannen sin merknad til planoppstart). Opparbeidinga blir elles iht. prinsippa for
universell utforming med høve til etablering av leikeplassutstyr innanfor BUT1 og 2 ved ev. seinare behov.

Tilkomst og tilgjenge
Areala skal opparbeidast etter prinsippa om universell utforming i samsvar med gjeldande lovverk –
synleggjort i byggjesaka.

Krav om utomhusplan og rekkefølgjekrav
Ved søknad om løyve til tiltak skal det utarbeidast situasjonsplan for tiltaket – jfr. føresegner §6.4 og 6.1."

I føresegnene til plan er det her sagt fylgjande om plankrav og rekkefylgje ved utbygging:

"*6.1. REKKEFØLGJEKRAV*
a) Uteopphaldsareal BUT2, parkeringsplass SPP, sykkelparkering under tak og renovasjonsområde BRE skal vere opparbeidd før det vert gjeve bruksløyve for første byggesteg (austre blokk)
b) Uteopphaldsareal BUT1 og sykkelparkering under tak skal vere opparbeidd før det vert gjeve bruksløyve for andre byggjesteg (vestre blokk inkl. mellombygg).
6.2. TERRENGBEHANDLING
a) Nødvendige terrenginngrep skal utførast mest mulig skånsamt og opne terrengsår skal i nødvendig grad tilsåast/tilplantast.
b) Ev. utgravde massar skal leggjast på stader der dei ikkje verkar skjemmande.
c) Ved varige opne utgravingar, som vegskjeringar, der høgdeforskjell mellom topp skjering og botn utgraving er større enn 1,5 m, bør det etablerast støttemur.

6.4. PLANKRAV
a) Ved søknad om løyve til tiltak skal det leggast fram nødvendig dokumentasjon, herunder teknisk plan, som m.a skal vise løysingar for vassforsyning og avløpshandtering frå planområdet. For heile planområdet skal det utarbeidast plan for overvass-disponering og lokal handtering av overvatn i samarbeid med kommunen.
b) Til søknad om rammeløyve skal det til kvart byggjesteg følgje med utomhusplan som m.a skal vise:
1. Bebyggelse og øvrige anlegg si plassering og høgd.
2. Kotelinjer for framtidig og eksisterande terreng.
3. Fylling/skjæring, forstøtningsmurar m.m
4. Korleis krav til parkeringsdekning for bil vert stetta internt og eksternt – herunder erklæring/

avtale om sambruk av eksterne parkeringsplassar.
5. Korleis det vert tilrettelagt for sykkelparkering nær inngangsparti, og korleis krav til sykkelparkering under tak vert stetta.
6. Utforming, innhald og opparbeiding av BUT1 og BUT2.
7. Opparbeiding av øvrig fellesområde, benkar, belysning, skilt m.m.
8. Parkmessig opparbeiding og beplantning.
9. Korleis krav til universell utforming utomhus vert stetta.
10. Materialbruk på gangareal (type kantstein, dekke m.m)
11. Ledelinjer, interne gangsamband i området, mot uteområda og mot eksterne gangsamband/vegar
inkl. stigningsforhold.
12. Korleis området mellombels skal tilretteleggast i 1.byggjesteg og fram til 2. byggjesteg.
c) Til søknad om rammeløyve skal det gjerast greie for korleis omsynet til estetikk og god arkitektur
er teke i vare der det m.a gjerast greie for material- og fargeval på fasadane."

Gjennom desse føresegnene er det lagt gode føringar for vidare handsaming av seinare byggesak.

Ved offentleg ettersyn har ein motteke fylgjande innspel:

Direktoratet for mineralforvaltning, brev av 30.11.2017:
DMF kan ikkje sjå at planen rører registrerte førekomstar av mineralske ressursar av regional, nasjonal eller internasjonal verdi, bergrettar eller masseuttak i drift, og vi har dermed ingen merknader.

Kommentar/endring:
Merknaden gir ikkje grunn til endring.

NVE, e-post den 19.12.2017
NVE har ingen merknader til planframlegget.
Kommentar/endring:
Merknaden gir ikkje grunn til endring

Statens vegvesen (Møre og Romsdal fylkeskommune) brev av 20.12.2017:
Statens vegvesen sine merknader i uttale datert 06.02.2017 til varsling om oppstart av reguleringsarbeidet er teke omsyn til i planforslaget med tilhøyrande reguleringsføresegner.
Statens vegvesen har ut frå sitt ansvarsområde ingen merknad til detaljreguleringsplan for studentbustader på Langvatn/Heltne.

Kommentar/endring:
Merknaden gir ikkje grunn til endring

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, brev av 18.01.2018:
«Generelt
Det leggast opp til studentbustader utan tilgang til veranda, i blokker med opptil 3 etasjar. Kommunen bør vurdere om det er ønskjeleg å etablere bustader som har såpass dårlege butilhøve. Sjølv om det ikkje er snakk om permanente bustader, kan det for mange vere aktuelt å bu fleire år i ein slik bustad

Støy
Etter føresegnene skal avbøtande tiltak mot støy innandørs og på uteareal leggast til

grunn iht. Støyrapport frå Sweco AS. Etter støyrapporten vil «beskrevne tiltak i kapittel 4.1 og med tilgang til stille side mot vest regnes intensjonen il-1442 om tilfredsstillande lydforhold som oppfylt». Ein støyrapport er ei fagleg tilråding. Planføresegnene må konkretisere valgte støytiltak. Det må difor spesifiserast i føresegnene (og eventuelt på plankartet) korleis støytilhøva skal sikrast. Vi har motsegn mot planen inntil føresegnene er retta opp på dette punktet.
Vidare står det i støyrapporten under fasader at det er berekna noko høgt støynivå på utsette fasadar og at mest utsette studentbustad har støynivå på 61 dB. Vår kommentar til dette er at dersom soverom leggast på støyande side (med støynivå over 55 dB) må det gjennom føresegnene sikrast balansert ventilasjon eller tilsvarande. Alle bueiningar må ha enten soverom eller felles opphaldsrom på stille side, og dette må sikrast gjennom føresegnene.

Barn og unge
Ut frå planføresegnene er det ikkje stilt funksjons- og rekkjefølgjekrav til uteopphaldsareala som sikrar høve til leik. Vi legg til grunn at studenthyblane dreiar seg om bukollektiv med felles opphaldsrom og kjøkken, der det er uaktuelt å bu for familie med barn. Dersom planen ikkje legg slike begrensningar på bygningsmassen, krev vi at reguleringsplanen sikrar funksjons- og rekkjefølgjekrav til leikeplassen.

Konklusjon
Inntil det går konkret fram frå føresegnene korleis ein skal sikre tilfredsstillande støyforhold innandørs, har vi motsegn til planen. Vi viser også til merknadene som er knytt til butilhøve og leikeplass».

Kommentar/endring:
Tiltakshavar v/arkitekt har i høve merknaden gitt ei tilbakemelding/utgreiing knytt til utbyggingsform, m.v. som grunnlag for tilbakemelding/drøfting med Fylkesmannen. Jf. Vedlagde notat motteke ved e-post den 2.02.2018.
Det er lagt til grunn at det her skal vere enkelthyblar med felles kjøkken og felles opphaldsareal, og ikkje familiebustader.
Uteareala er tenkt utforma i høve til dette. Vi viser til omtale til dette i merknad frå M.R.Fylkeskommune , og at Fylkeskommunen sin tidlegare varsla motsegn knytt til utearaela no er trekt.
Uteområda er plassert utanfor gul støysone og det er her ikkje krav om tiltak.

Som ein ser av støyberekninga er det berre på den del av bygget som kjem innanfor gul sone at det er grunnlag for krav til tiltak.
Det vil ikkje vere aktuelt med fysiske tiltak langs fylkesvegen som vil gje betra støytilhøve høgare oppe i bygget.
Omsynet til støy innandørs må såleis løysast ved orientering av soverom og krav til fasademessige tiltak, samt vilkår knytt til ventilasjonsløysing.
Dette vil vere naturlege avklaringar som må dokumenterast ved byggprosjektering.
Kommunen held såleis fast på at tiltak i høve til gjeldande krav til sikring mot støy vert prosjektert og avklara i samband med søknad om rammeløyve.

Gjennom forslag til endring i føresegner og planomtale er det såleis søkt å imøtekome dei omsyn som er vist til i merknaden. Planføresegnene pkt. 5.1.3 knytt til dette er såleis foreslått endra for å imøtekome merknaden.

Fylkesmannen har i brev/e-post den 5.03.2018 gitt tilbakemelding om at løysinga er akseptert, og motsegn er trekt.

«I vårt brev av 15.01.2018 fremja vi motsegn mot planframlegget for studentbustader på Langvatn-Heltne grunna i manglar ved føresegner for å sikre tilstrekkeleg gode støyforhold. Etter ein dialog mellom Fylkesmannen og Volda kommune, ligg det no føre reviderte føresegner, datert 28.02.2018, og vi trekkjer med dette vår motsegn. Reguleringsplanen kan no eigengodkjennast for vår del».

Spørsmålet er også søkt avklara opp mot Tiltakshavar som i e-post den 7.03.2018 har gitt innspel med forslag til justering. Vi har difor på ny justert ordlyden, og denne er seinare , jf. E-post den 12.03.2018 akseptert også av Fylkesmannen.

Nytt 5.1.3 Gul støysone (H220):

5.1.3 Gul støysone (H220):

a) Ved etablering av bustadar med tilhøyrande uteopphaldsareal i gul støysone, jf. støyrapport frå Sweco AS (vedlegg nr.11, datert 05.07.2017), skal det ved fremjing av søknad om byggeløyve, jf PBL kap 20, ligge føre fagleg utgreiing og dokumentasjon som sikrar krav til innvendig støy i bustad, gitt i vegleiar til retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442).

b) Alle bueiningar må ha enten soverom eller felles opphaldsrom på stille side. Dersom slike rom leggast på støyande side (med støynivå over 55 dB) må det etablerast balansert ventilasjon, og det må dokumenterast nødvendige bygningsmessige utføring for yttervegg (innkludert vindu) som sikrar lydnivå innanfor preaksepterte grenseverdier i teknisk forskrift.

Med grunnlag i dette er motsegn frå Fylkesmannen trekt og dette er ikkje til hinder for at plan kan godkjennast av kommunen.

Møre og Romsdal Fylkeskommune, brev av 28.11.2017:
«Planfaglege merknader
Vi har gått gjennom planmaterialet og ser at det manglar dokumentasjon for kvaliteten på utomhusareala. Plasseringa og utforminga av bygga innanfor planområdet er svært lik tilsvarande byggstruktur møt aust. Denne forma for byggstruktur, plassering, avstandar og proporsjoner evner ikkje å lage intime og egna uteoppholdsareal. Vi er og kritisk til løysninga av parkering og fortau, blandinga av mjuke og harde trafikkantar.
Vi vurderer planforslaget å ikkje i tilstrekkeleg grad sikre egna uteoppholdsareal, sjølv om dette er avsett i plan.
Vi viser til at plan og bygningslova§ 28-7 (den ubygde delen av tomta/fellesareal) og Teknisk forskrift (TEK 10) § 8-1 (uteareal) og 8-4 (uteoppholdsareal), og Rikspolitiske retningsliner for å styrke barn og unges interesser i planlegging/rundskriv T-2/08, krev at uteoppholds areal skal vere egna.
Vi rår til at ein arbeider vidare med alternative plan og byggkonsept, med mål om å sikre tilstrekkeleg og egna uteoppholdsareal. Vi rår og til at ein finn ei betre løysning i forhold til mjuke og harde trafikkantar.

Konklusjon:
Vi har motsegn til planforslaget inntil dette sikrar egna uteoppholdsareal og betre løysning for mjuke trafikantar.
Motsegna er heimla i plan og bygningslova§ 28-7 (den ubygde delen av tomta/ fellesareal) og Teknisk forskrift (TEK 10) § 8-1 (uteareal) og 8-4 (uteoppholdsareal), og Rikspolitiske retningsliner for å styrke barn og unges interesser i planlegging/-rundskriv T-2108.

Kommentar/endring:

Tiltakshavar v/arkitekt har gitt ei tilbakemelding/utgreiing knytt til utbyggingsform, val av løysing utan veranda, omsynet til støy mv, som grunnlag for tilbakemelding/drøfting med Fylkeskommunen/Fylkesmannen.
Problemstillinga knytt til varsla motsegn vart elles teke opp med sakshandsamar i Fylkeskommunen, den 26.01.2018.

Ut frå denne oversendinga og kommunen sin gjennomgang av planinnhaldet, der dokumentasjon knytt til innhald på uteareala, rekkefylgjekrav, lys-skuggevisning m.v, vart halde fram, er det i brev av 15.02.2018, gitt tilbakemelding frå M.R.Fylkeskommune om at motsegna til plan er trekt.
Her heiter det m.a.:
«Vi fremja ved offentleg ettersyn motsegn til planforslaget på grunnlag av at vi vurderte uteareala å vere lite egna for uteopphald. Vi var og kritiske til trafikkløysninga for dei mjuke trafikantane, kor ganglinja var føreslått rundt parkeringsplassen.
Illustrasjon av studentbustader sett mot nordaust (til venstre). Illustrasjonsplan (til høgre).
Byggprosjektet som ligg til grunn for planforslaget er enkelt forklart av arkitekten i eit notat, og synleggjer dei arkitektoniske grepa. Plasseringa av bygga i nord sørleg retning er vald av omsyn til bakanforliggande naboar, samstundes er organiseringa innanfor planområdet til dels gitt av korleis ein skal kunne handtere støy frå fylkesvegen m.m.
…….
Ved gjennomgang av planforslaget synes det å føreligge manglar i forhold til egna uteoppholdsareal og ganglinje for mjuke trafikkantar. Vi i vurderer i denne samanhengen desse manglane å vere meir ei kommunal utfordring, enn eit regionalt ansvar.
Vi trekk derfor våre motsegn til planforslaget.»

Kommunen har i dialog med m.a. kommunen sin barnerepresentant vurdert den planlagde avsettinga av uteareal i plan og innhald i desse. Dette er også vurdert sett i høve til det samla tilbodet i tilgrensande område ved eksisterande studentbustader. Gjennom slik samla tilbod, og dei føringar som ligg i planføresegnene om utforming og innhald på områda, knytt til søknad om rammeløyve, vurderer vi dette som tilfredsstillande.
Gangvegsystemet vert tilrådd å halde fast på, etter som alternativ løysing skissert av Fylkeskommunen gir redusert tal p-plassar. Eg viser elles til at gangvegen Grønbakken i justert plan vert ført heilt fram til parkeringsarealet og at gangarealet/fortau vert vidareført austover forbi området for renovasjon.

Volda kommune- Opplæring og oppvekst, notat datert 11.01.2018
«Koordinator for ivaretaking av barn og unge sine interesser i plansaker, skal synleggjere og styrke barn og unge sine interesser i all planlegging og byggesakshandsaming etter plan- og bygningslova. Koordinator skal som følgje av det ha høve til å setje seg inn i og rett til å uttale seg i dei delane av denne planlegginga og sakshandsaminga som er lagt til det faste planutvalet. Føremålet er å få omsynet til barn og unge tidleg inn i planlegginga.
I pkt. 5.10 i framlegg til detaljregulering, står det om barn sine interesser:
Området har etter vår kunnskap ingen verdi som rekreasjonsområde/leikeplass for barn.
Slik framlegget ligg, så er det lagt opp til to nye bustadblokker med inntil 195 hyblar totalt. Det er avsett felles uteopphaldsareal, der det vil vere høve til oppføring av benkar, grill, leikeapparat og anna som naturleg høyrer til. Studenthyblane er ikkje tilrettelagt for barnefamiliar, noko som er bakgrunnen for at uteområda ikkje vert utstyrt som leikeplass.
I Teknisk foreskrift (TEK 10) står det i§ 8-4 (I) om uteoppholdsareal:
«Uteoppholdsareal skal etter sin funksjon være egnet for rekreasjon, lek og aktiviteter

for ulike aldersgrupper.»
Gode uteopphaldsareal er med på å gjere området attraktivt for uformelle møter. Uteområde er viktig for alle aldersgrupper, frå det å kunne vere ute, møte andre eller vere i fysisk aktivitet i nærområdet. Oppfordrar difor til å legge til rette for at studentane kan møtast ute, både med sitjeplassar og til aktivitet som td. slakk line, balleik, grilling eller liknande. Eit forslag er at ein let studentane ha muligheit til å medverke til utforming av dette arealet.
I samband med søknad om oppføring av bustadar skal det utarbeidast Illustrasjonsplan for utforming av uteområdet. Uteopphaldsarealet skal vere opparbeida i samsvar med illustrasjonsplan godkjent av kommunen før ein kan gi bruksløyve.
Det er positivt at det er satt av 1 plass for sykkel under tak per hybel, samt mulegheit til lading av el-sykkel og -rullestol.

Kommentar/endring:
Reguleringsføresegnene set rekkefylgjekrav knytt til opparbeiding og utforming av uteopphaldsareal slik merknaden viser til. Her må ein også, som nemnt i planomtalen, kunne sjå det samla tilbodet til uteopphald og aktivitetsareal i heile student-bustad området på Heltne, som samla gir eit variert og attraktivt tilbod.
Merknaden gir ikkje grunn til endring i plan.

Leiinga Høgskulen i Volda, brev av 11.01.2018:
For Høgskulen i Volda er det viktig å kunne tilby studentane gode og rimelege studenthyblar. Gode levekår bidreg til at Volda blir opplevd som ein attraktiv studiestad, som igjen bidreg til eit godt omdømme og rekruttering til høgskulen. Det kjem fram i høringsdokumenta at behovet for hyblar er stort og at det er vanskeleg å få til økonomisk forsvarleg utbygging utan eit visst volum/tal hyblar.
Med bakgrunn i dette håper Høgskulen i Volda at .framlegget til detaljreguleringsplan vert godkjent i det føreslåtte omfang.

Kommentar/endring:
Merknaden gir ikkje grunn til endring

Kommuneplanen sin samfunnsdel:
Etablering av studentbustader nær campus, og generelt ynskje om sentrumsnære bustader og konsentrert utbygging er i samsvar med intensjon og målsettingar i kommuneplanen sin samfunnsdel. Her er det også opna for at det i slike relativt sentrumsnære områder kan tilretteleggast for auka etasjetal/byggehøgde.

Helse og miljøkonsekvensar:
Vert avklara gjennom planprosess.
Folkehelse er overordna og førande prinsipp for kommuneplanen i Volda kommune. I plan er det lagt godt til rette for gåande og for stimulere til auka sykkelbruk og redusert bilbruk.

Økonomiske konsekvensar:
Ingen kjende for kommunal økonomi. Behov for infrastrukturtiltak i høve utbygging på eigedomen vert nærare avklara i samband med byggesak/søknad om rammeløyve.

Beredskapsmessige konsekvensar:
Avklarast gjennom planprosess - ingen kjende, jf. ROS-sjekkliste.

Vurdering:
Arealbruksformålet er avklara i overordna plan.

Utnyttingsgrad og etasjetal/bygningsvolum er ikkje fastsett her og er ein naturleg del av vurderinga i høve detaljreguleringsplan.
Det er lagt opp til utbygging med inntil 5 etasjar i austlegaste blokk, og 4 og 3 etasjar på den vestlegaste blokka (2.byggesteg). Dette gir maksimal gesimshøgd opp til kote 79.1.
Dette er ein etasje over eksisterande studentbustadblokker, som har 4 etasjar og gesimshøgd ca kote 75.0.
Arkitekten har gitt ei god utgreiing om dei faglege grep som ligg til grunn for orientering av bygg i området. Jf. Omsyn til bygg retning og avtrapping i byggehøgde.
Ved offentleg ettersyn har ein ikkje motteke nokon merknader frå naboar.

Parkeringsdekning:
I plan er det på aktuelt byggeområde sett av 23 nye p-plassar for bil , der 4 av desse er Hk-plassar.
Vidare er det planlagt ei samla felles bruk av parkeringsareala i dette nye område og ved eksisterande blokker, som sikrar ei godt samla parkeringsdekning. Det er lagt føringar for dette i planføresegnene.
Elles er det lagt godt til rette for sykkelparkering og sykkellagring , med 1 plass pr. hybel plassert innvendig i underetasjen på blokk 1. Her vert det og lagt til rette for lading av el-syklar. Det er også i planføresegnene gitt krav om etablering av sykkelparkering ved inngangsparti. Dette er ei god løysing som truleg vil stimulere til auka bruk av sykkel og redusert bilbruk.
Elles er det i føresegnene til plan godt sikra reglar for tilrettelegging av utomhus opphaldsareal og utforming av areala omkring bygga. Det er også knytt rekkefylgjeføresegner som sikrar at dette er på plass når bustadane skal takast i bruk.

Tekniske anlegg:
Det står att ein del uavklara spørsmål knytt til behov for oppgradering av eksterne tekniske anlegg for vatn og avløp/overvatn tilknytt utbygging av området.
Ut frå dette er det heller ikkje avklara fullt ut om det er behov for utbyggingsavtalar knytt til slik opparbeiding av tekniske anlegg.
I føresegnene er det teke atterhald om dette, jf. § 6.4 der det heiter:
a) Ved søknad om løyve til tiltak skal det leggast fram nødvendig dokumentasjon, herunder teknisk plan, som m.a skal vise løysingar for vassforsyning og avløpshandtering frå planområdet. For heile planområdet skal det utarbeidast plan for overvass-disponering og lokal handtering av overvatn i samarbeid med kommunen.
Administrasjonen legg til grunn at desse spørsmåla blir nærare avklara i samband med detaljprosjektering av bygg/uteområde, og at behovet for utbyggingsavtalar tilknytt slike formål vert avklara tilknytt søknad om rammeløyve**.**

Konklusjon:
Det er gjennomført mindre endringar i planframlegget etter innspel og varsla motsegner ved offentleg ettersyn.
Endringane er avklara med dei røyrde fagorgana i direkte avgrensa høyringar. Så langt ein kan sjå har ikkje endringane elles slike verknader for andre interesser eller direkte for aktuelle partar at det gir behov for nytt offentleg ettersyn.
Framlegg til detaljreguleringsplan for - Studentbustader på Langvatn/Heltne-plan ID 1519-2016010 , slik det går fram av justert plankart og føresegner sist datert 13.03.2018, vert tilrådd godkjent i samsvar med reglane i plan og bygningslova §12-12.

Rune Sjurgard
Rådmann

Jørgen Vestgarden
utviklingssjef

Utskrift av endeleg vedtak i kommunestyret:
Utviklingssektoren for kunngjering av planvedtak

Kopi:
PER MULVIK AS, Holmen 7 6100 VOLDA jan@mulvik.no

Teiknforklaring

Reguleringsplan PBL 2008

§12-5. Nr. 1 - Bygningar og anlegg

- BBB — Bustader-blokker
- BRE — Renovasjonsanlegg
- BUT — Uteopphaldsareal

§12-5. Nr. 2 – Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

- SKV — Køyreveg
- SF — Fortau
- SGS — Gang-/sykkelveg
- SVT — Annan veggrunn – teknisk anlegg
- SVG — Annan veggrunn - grøntareal
- SPP — Parkeringsplassar

§12-6 - Omsynssoner

- H140 — Frisikt
- H210 — Raud sone etter rundskriv T-1442
- H220 — Gul sone etter rundskriv T-1442

Linjesymbol

- RpGrense
- RpFormålGrense
- RpSikringGrense
- RpStøyGrense
- Byggegrense
- Planlagt bebyggelse
- Regulert senterlinje
- Frisiktlinje
- Regulert kant kjørebane
- Regulert parkeringsfelt
- Måle og avstandslinje

Punktsymboler

- Avkjørsel - både inn og utkjøring

Kartopplysningar

Kjelde for basiskart:	Volda kommune
Dato for basiskart:	11.10.2016
Koordinatsystem:	UTM sone 32 basert på EUREF89/WGS84
Høgdegrunnlag:	NN1954
Ekvidistanse	1 m
Kartmålestokk:	1:500 (A2)

0 12.5 25 37.5 50 m

N

Volda kommune

Detaljregulering for

Studentbustader på Langvatn/Heltne

Med tilhøyrande føresegner

Arealplan-ID: **1519-2016010**

Forslagstillar: **Studentsamskipnaden i Volda**

SAKSHANDSAMING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA		SAKS-NR.	DATO	SIGN.
Dato	Revisjon			
Dato	Revisjon			
Dato 13.03.2018	Revisjon Etter off. ettersyn		13.03.2018	JMO
Kommunestyret sitt vedtak				
Ny 2. gongs handsaming				
Offentleg ettersyn frå ..... til				
2. gongs handsaming				
Offentleg ettersyn frå ..... til				
1. gongs handsaming				
Kunngjering av oppstart av planarbeid				
Oppstartsmøte.....				

PLANEN ER UTARBEIDD AV:	TEGNNR.	DATO	SIGN.
Mulvik AS, Holmen 7, 6100 Volda	2391_001	12.10.2017	JMO

Stadfesting av at planen er i samsvar med kommunestyret sitt vedtak

Dato Plansjef

Detaljreguleringsplan for
Studentbustader på Langvatn/Heltne

Planidentifikasjon:	Kartnr. i kartarkivskap nr. 1	Eigengodkjenningsdato	Eigengodkjend av:
1519-2016010		dd.mm.åååå	Volda kommunestyre

Områdeomtale/plangrense:
Plangrensene er vist på reguleringskartet , sist revidert 12.10.2017, 28.02.2018 og 12.03.2018

§1. – GYLDIGHEITSOMRÅDE

Desse føresegnene gjeld innanfor plangrensa som vist på plankartet. Innanfor grensa skal areala nyttast slik som planen (plankart og føresegner) fastset.

§2. – PRIVATRETTSLEGE AVTALAR

Etter at denne reguleringsplanen er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med planen.

§3. – REGULERINGSFØREMÅL

Arealet innanfor reguleringsgrensene skal nyttast i samsvar med § 12-5 og 12-6 i plan- og bygningslova (PBL av 2008) til følgjande føremål:

3.1. BYGNINGAR OG ANLEGG (PBL §12-5)

- 1113 Bustader blokker (BBB)
- 1550 Renovasjonsanlegg (f_BRE)
- 1600 Uteopphaldsareal (BUT)

3.2. SAMFERDSLE OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL §12-5)

- 2011 Køyreveg (SKV)
- 2012 Fortau (SF)
- 2015 Gang-/sykkelveg (SGS)
- 2018 Annan veggrunn – tekniske anlegg (SVT)
- 2019 Annan veggrunn – grøntareal (SVG)
- 2082 Parkeringsplassar (SPP)

3.3. OMSYNSSONER (PBL §11.8 A.1 , §12-6)

- 140 Frisiktsone (H140)
- 210 Raud støysone (H210)
- 220 Gul støysone (H220)

§4. – AREALBRUK

4.1 – BYGNINGAR OG ANLEGG

4.1.1 Bustader blokker (BBB):

a) Innanfor BBB skal det oppførast 2 bustadblokker med mellombygg for inntil 195 hyblar/hybelleiligheiter.
b) Feltet tillatast utbygt i to byggjesteg iht. § 6.1
c) Bygningane skal plasserast innanfor regulerte byggjegrenser, men trapperom og rømningstrapper tillatast å bryte byggjegrensa med inntil 1m.
d) Bygningar skal plasserast iht. linjer for planlagt bebyggelse (sosi-kode 1213), men avvik på inntil +/-2m tillatast under føresetnad av at bygningen framleis ligg innanfor regulert byggjegrense, formålsgrense og avstandskrav iht. Pbl.

e) Bygningane skal ha flate tak og maksimal gesimshøgde skal ikkje overskride kote-høgdene som er vist på plankartet:
   a. Austre blokk: c+79,1
   b. Vestre blokk – nordre halvdel: c+76,1
   c. Vestre blokk – sørlege halvdel: c+73,1
   d. Mellombygg: c+70,1

f) Etasjetal avgrensast slik:
   a. Austre blokk: U+4
   b. Vestre blokk – nordre halvdel: U+3
   c. Vestre blokk – sørlege halvdel: U+2
   d. Mellombygg: U+1

g) Ev. heis- og trappehus samt ventilasjonsbygg på tak tillatast å overstige maksimal gesimshøgd. Storleiken på desse bygningsdelane skal avgrensast til bygget sin funksjon.

h) Grad av utnytting av tomta er bestemt av «tillate prosent bebygd areal» BYA slik:
   BBB: maks%-BYA=65%

i) Balkong tillatast ikkje.

j) Avbøtande tiltak m.o.t støy innandørs og på uteareal skal leggast til grunn iht. støyrapport frå Sweco AS (vedlegg nr.11, datert 05.07.2017).

k) Bygningane skal gjenspegle vår tids arkitektur, og det skal leggast vekt på det samla arkitektoniske utrykket i høve ei harmonisk områdeoppfatning.

l) Det skal ikkje nyttast reflekterande materialar eller skjemmande fargar på bygningar/anlegg.

m) Det skal setjast av plass til 1 sykkel pr. hybel under tak og leggast til rette for lading av el-syklar og -rullestol.

n) Krav til parkeringsdekning er 20% og skal dekkjast dels innanfor SPP1, dels innanfor gbnr. 20/45,46,49 og 20/23. Parkering for bil dekkjast utanfor formålet BBB og inngår ikkje i grunnlaget for BYA.

4.1.2 Renovasjonsanlegg (f_BRE 1):

a) Område avsett til UAS-løysing (underjordisk avfallssystem/nedgravde avfalls-conteinarar med innkast over terreng).

b) Området er felles for dei som bur innanfor gbnr.20/334, 20/46 og 20/49.

4.1.3 <u>Uteopphaldsareal (BUT):</u>

a) BUT1 og 2 skal opparbeidast i samsvar med prinsipp for universell utforming, med grasdekke/fast dekke, minimum ein benk og eit areal på2x2m med fast dekke.

b) Det tillatast oppført trimapparat, mindre anlegg for balleik, leikeapparat og andre trivselsfremjande installasjonar som naturleg høyrer til.

c) Areala skal ikkje vere brattare enn 1:3, og skjermast mot vegformål med gjerde eller tett hekk.

d) BUT1 og 2 er privat/felles for dei som bur innanfor planområdet.

4.2 – SAMFERDSLEANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

4.2.1 <u>Køyrevegar (SKV)</u>

a) Vegar opparbeidast med fast dekke og breidder som vist på plankart.

b) Køyrevegar SKV1-3 er offentlege. f_SKV4 er privat.

4.2.2 <u>Fortau (SF)</u>

a) Fortau opparbeidast med fast dekke og breidder som vist i plankartet.

b) SF1 er offentleg, f_SF2-4 er privat.
Va tilbakemelding i løpet av dagen

4.2.3 Gang-/sykkelveg (SGS)

a) Gang- og sykkelveg opparbeidast med fast dekke og breidder som vist i plankartet.
b) SGS1-2 er offentleg, SGS3-4 er privat.

4.2.4 Annan veggrunn - tekniske anlegg (SVT)

a) Område langs vegar avsett til grøfter, skjering, fylling, terreng-murar, sikringsgjerde, autovern og øvrig teknisk anlegg knytt til vegen.
b) SVT er offentleg.

4.2.5 Annan veggrunn - grøntareal (SVG)

a) Område avsett til m.a snøopplag.
b) Det er ikkje høve til oppføring av sikthindrande installasjonar.

4.2.6 Parkeringsplassar (SPP)

a) Parkeringsplassen er felles for dei som bur innanfor gbnr. 20/334.
b) Opparbeidast med fast dekke og merka plassar.
c) Det skal avsetjast 4 plassar for rørslehemma nær hovudinngang.
d) Det skal leggjast til rette for lading av el-bil.
e) Skjering- og fyllingsutslag, terrengmurar etc. kan leggast utanfor regulert område.

§ 5 – OMSYNSSONER

5.1.1 Frisiktsone (H140):

a) Innanfor frisiktsona skal det vere fri sikt på minimum 0,5m over nivået til tilstøytande vegar. Busker, tre, gjerde eller andre konstruksjonar som kan hindre sikta er ikkje tillate. Høgstamma tre, trafikkskilt og lysmaster kan plasserast i sona dersom dei ikkje hindrar fri sikt.
b) Kommunen kan krevje at sikthindrande vegetasjon og gjenstandar vert fjerna.

5.1.2 Raud støysone (H210):

a) Bygningar og anlegg for varig opphald, eller areal tilrettelagt for uteopphald, leik og aktivitet, tillatast ikkje i raud sone utan støyskjerming.

5.1.3 Gul støysone (H220):

a) Ved etablering av bustadar med tilhøyrande uteopphaldsareal i gul støysone, jf. støyrapport frå Sweco AS (vedlegg nr.11, datert 05.07.2017), skal det ved fremjing av søknad om byggeløyve, jf PBL kap 20, ligge føre fagleg utgreiing og dokumentasjon som sikrar krav til innvendig støy i bustad, gitt i vegleiar til retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442).

b) Alle bueiningar må ha enten soverom eller felles opphaldsrom på stille side. Dersom slike rom leggast på støyande side (med støynivå over 55 dB) må det etablerast balansert ventilasjon, og det må dokumenterast nødvendige bygningsmessige utføring for yttervegg (innkludert vindu) som sikrar lydnivå innanfor preaksepterte grenseverdier i teknisk forskrift.

§ 6 – FELLESFØRESEGNER

6.1 REKKEFØLGJEKRAV

a) Uteopphaldsareal BUT2, parkeringsplass SPP, sykkelparkering under tak og renovasjonsområde BRE skal vere opparbeidd før det vert gjeve bruksløyve for første byggesteg (austre blokk)

b) Uteopphaldsareal BUT1 og sykkelparkering under tak skal vere opparbeidd før det vert gjeve bruksløyve for andre byggjesteg (vestre blokk inkl. mellombygg).

6.2 TERRENGBEHANDLING

a) Nødvendige terrenginngrep skal utførast mest mulig skånsamt og opne terrengsår skal i nødvendig grad tilsåast/tilplantast.
b) Ev. utgravde massar skal leggjast på stader der dei ikkje verkar skjemmande.
c) Ved varige opne utgravingar, som vegskjeringar, der høgdeforskjell mellom topp skjering og botn utgraving er større enn 1,5 m, bør det etablerast støttemur.

6.3 VEGETASJON

a) Eksisterande vegetasjon skal bevarast der det er hensiktsmessig.
b) Byggjearbeid skal utførast med aktsemd med omsyn til terreng og vegetasjon.

6.4 PLANKRAV

a) Ved søknad om løyve til tiltak skal det leggast fram nødvendig dokumentasjon, herunder teknisk plan, som m.a skal vise løysingar for vassforsyning og avløps-handtering frå planområdet. For heile planområdet skal det utarbeidast plan for overvassdisponering og lokal handtering av overvatn vurderast i samarbeid med kommunen.
b) Til søknad om rammeløyve skal det til kvart byggjesteg følgje med utomhusplan som m.a skal vise:
    1. Bebyggelse og øvrige anlegg si plassering og høgd.
    2. Kotelinjer for framtidig og eksisterande terreng.
    3. Fylling/skjæring, forstøtningsmurar m.m
    4. Korleis krav til parkeringsdekning for bil vert stetta internt og eksternt – herunder erklæring om avtale om sambruk av eksterne parkeringsplassar.
    5. Korleis det vert tilrettelagt for sykkelparkering nær inngangsparti, og korleis krav til sykkelparkering under tak vert stetta.
    6. Utforming, innhald og opparbeiding av BUT1 og BUT2.
    7. Opparbeiding av øvrig fellesområde, benkar, belysning, skilt m.m.
    8. Parkmessig opparbeiding og beplantning.
    9. Korleis krav til universell utforming utomhus vert stetta.
    10. Materialbruk på gangareal (type kantstein, dekke m.m)
    11. Ledelinjer, interne gangsamband i området, mot uteområda og mot eksterne gangsamband/vegar inkl. stigningsforhold.
    12. Korleis området mellombels skal tilretteleggast i 1.byggjesteg og fram til 2.byggjesteg.
c) Til søknad om rammeløyve skal det gjerast greie for korleis omsynet til estetikk og god arkitektur er teke i vare der det m.a gjerast greie for material- og fargeval på fasadane.

6.5 AUTOMATISK FREDA KULTURMINNE

a) Dersom det viser seg at tiltak innanfor planen kan skade, øydeleggje, grave ut, flytte, forandre, tildekke, skjule eller på annen måte utilbørleg skjemme automatisk freda kulturminne eller framkalle fare for at dette kan skje, må arbeida straks stansast og kulturminneforvaltninga varslast umiddelbart. Ansvaret ligg hjå tiltakshavar og/eller ansvarshavande leiar på plassen. Kulturminneforvaltninga avgjer snarast mogleg – og seinast innan 3 veker – om arbeidet kan fortsette og vilkåra for det. Fristen kan under gitteforhold forlengast.

Volda den…… for rådmann-Per Heltne
Fagansvarleg Plan
e.f.m.

Teiknforklaring

- Eksist.bygning-takflate
- Bustadblokk
- Renovasjonsanlegg
- Uteopphaldsareal
- Køyreveg
- Fortau
- Atrium/sykkelparkering
- Gang-/ sykkelveg
- Gangveg/gangareal
- Annan veggrunn - tekniske anlegg
- Annan veggrunn - grøntareal
- Parkeringsplassar
- Grønnstruktur
- Plangrense
- Byggegrense
- Omriss av planlagt bebyggelse
- Regulert senterlinje
- Frisiktlinje i veikryss
- Regulert kant køyrebane
- Regulert parkeringsfelt
- Sikringsgjerde
- Måle-/avstandslinje
- Overvassleidning
- Spillvassleidning
- Vassleidning
- Teiggrense

A	Etter off.ettersyn	JMO	13.03.18
Revisjon	Revisjonstekst	Sign.	Rev.dato

Firma

Firma: Per Mulvik AS
Adresse: Holmen 7
Postnr./stad: 6100 Volda
Org.nr.: 941 987 516

Sentral: 70 07 49 90
Direkte: 70 07 49 94
E-post: jan@mulvik.no

Prosjektnamn:
Detaljregulering studentbustader Heltne

Oppdragsgivar:
Studentsamskipnaden i Volda
Pb.278
6101 Volda

Prosjekterande:
mulvik
www.mulvik.no

Tittel:
Illustrasjonsplan

Teikna av: JMO
Dato: 12.10.17
Kontr.av:
Dato:
Erstattar teikn.:

Teikningstype:
PLANILLUSTRASJON

Prosjektnr.:	Teikn.nr.:	Målestokk:	Rev.
2391	901	1:500	A

FORSLAGSSTILLAR:
STUDENTSAMSKIPNADEN
I VOLDA

PLANOMTALE:
FRAMLEGG TIL DETALJREGULERING FOR:

Studentbustader på Langvatn/Heltne – Volda kommune

PlanID: 1519-2016010

DATO 12.10.2017



mulvik
www.mulvik.no

Innhold

1 SAMANDRAG 4
2 BAKGRUNN 4
2.1 Målet med planen 4
2.2 Forslagsstillar, plankonsulent, eigarforhold 4
2.3 Tidlegare vedtak i saka 4
2.4 Utbyggingsavtalar 4
2.5 Krav om konsekvensutgreiing 4
3 PLANPROSESSEN 4
3.1 Medverknad, varsel om oppstart ev. planprogram 4
4 PLANSTATUS OG RAMMER 5
4.1 Overordna planar 5
4.2 Gjeldande reguleringsplan 6
4.3 Tilgrensande planar 6
4.4 Temaplanar 6
4.5 Statlege planretningslinjer/rammer/føringar 6
5 SKILDRING AV PLANOMRÅDET – EKSISTERANDE TILHØVE 7
5.1 Lokalisering 7
5.2 Dagens arealbruk og tilstøytande arealbruk 8
5.3 Stadens karakter 8
5.4 Landskap 8
5.5 Kulturminne og kulturmiljø 9
5.6 Naturverdiar 9
5.7 Rekreasjonsverdi/-bruk, uteområde 9
5.8 Landbruk 9
5.9 Trafikkforhold 9
5.10 Barn sine interesser 9
5.11 Sosial infrastruktur 9
5.12 Universelt tilgjenge 10
5.13 Teknisk infrastruktur 10
5.14 Grunnforhold 10
5.15 Støyforhold 10
5.16 Luftforureining 11
5.17 Risiko og sårbarheit (eksisterande situasjon) 11
6 SKILDRING AV PLANFRAMLEGGET 11
6.1 Planlagt arealbruk 11
6.2 Gjennomgang av aktuelle reguleringsformål 12
6.3 Bebyggelsen si plassering og utforming 13

6.4 Bumiljø/bukvalitet 13
6.5 Parkering 13
6.6 Tilknyting til infrastruktur 14
6.7 Trafikkløysing 14
6.8 Planlagde offentlege anlegg 14
6.9 Miljøoppfølging 14
6.10 Universell utforming 14
6.11 Uteopphaldsareal 15
6.12 Landbruksfaglege vurderingar 15
6.13 Kulturminne 15
6.14 Plan for vatn og avløp samt tilknyting til offentleg nett 15
6.15 Avbøtande tiltak/løysingar ROS 15
6.16 Rekkefølgjekrav 15
7 VERKNADER AV PLANFRAMLEGGET 15
7.1 Overordna planar 15
7.2 Landskap og omgjevnader 15
7.3 Staden sin karakter 16
7.4 Estetikk 16
7.5 Kulturminne og –miljø, ev. verneverdi 16
7.6 Tilhøvet til naturmangfaldslova 16
7.7 Rekreasjonsinteresser/rekreasjonsbruk/uteområde 16
7.8 Trafikkforhold 16
7.9 Sosial infrastruktur 16
7.10 Universell tilgjengeligheit 16
7.11 Energibehov – energibruk 16
7.12 ROS 17
7.13 Teknisk infrastruktur 17
7.14 Økonomiske konsekvensar for kommunen 17
7.15 Konsekvensar for næringsinteresser 17
7.16 Interessemotsetnader/konflikttema 17
7.17 Avveging av verknader 17
8 KONSEKVENSUTGREIING 17
9 INNKOMNE INNSPEL TIL VARSEL OM PLANOPPSTART 17
9.1 Innspel (samandrag med kommentar) 17
9.1.1 Innspel 1: Fylkesmannen i Møre og Romsdal (datert 03.03.2017) 17
9.1.2 Innspel 2: Kine Straume Engjaberg, Nygardsvegen 7 (datert 22.02.2017) 18
9.1.3 Innspel 3: Møre og Romsdal fylkeskommune (datert 07.03.2017) 18
9.1.4 Innspel 4: Naboar i Nygardsvegen og Bakkevegen (datert 05.02.2017) 20

9.1.5 Innspel 5: Statens Vegvesen (datert 06.02.2017) 20
9.1.6 Innspel 6: NVE (datert 21.02.2017) 20
9.1.7 Innspel 7: Maren Leikanger Løken og Arron Whitehouse (datert 06.02.2017) 20

Vedlegg:

1. 2391 Plankart
2. 2391 Reguleringsføresegner
3. 2391 Sjekkliste ROS
4. 2391 Referat frå oppstartsmøte
5. 2391 Vedtak i FSK
6. 2391 Varslingsbrev
7. 2391 Annonsetekst
8. 2391 Innspel/merknader til varsel om planoppstart
9. 2391 Sol-/skuggeanalyse (illustrasjon)
10. 2391 Arkeologi-rapport
11. 2391 Støyrapport
12. 2391 Landskap og omgjevnader
13. 2391_901 Illustrasjonsplan (illustrasjon)
14. 2391_401 Snitt 1 (illustrasjon)
15. 2391_402 Snitt 2 (illustrasjon)
16. 2391_403 Snitt 3 (illustrasjon)
17. 2391_404 Snitt 4 (illustrasjon)
18. 2391_Fjernverknader_3D-modell (illustrasjon)
19. 2391_ARK-beskrivelse (orientering frå arkitekt Oddvar Ekroll)

1 SAMANDRAG

På vegne av Studentsamskipnaden i Volda fremjar ein med dette framlegg til detaljreguleringsplan for studentbustadar på gnr.20 bnr.334 på Heltne i Volda kommune. Planen med namn «Studentbustadar på Langvatn/Heltne» har planID «1519-2016010», er utarbeidd i samsvar med overordna plan og så langt praktisk mogleg tilpassa innkomne merknader.
Det er nytta arkitektfagleg kompetanse m.a for å sikre nødvendige rammer i planen slik at den møter samskipnaden sine behov utan unødig ulempe for omgjevnadane. Etter vårt syn er prosjektet optimalisert både gjennom val av bygningsform, plassering/ orientering på tomta, høgderestriksjonar og m.o.t arkitektur. Verknader av tiltaket er synleggjort gjennom ulike illustrasjonar.

Konseptet vart presentert for utviklingsavdelinga 13.06.2017 og vi vurderer no saka som tilstrekkjeleg opplyst som grunnlag for ei positiv kommunal handsaming.

2 BAKGRUNN

2.1 Målet med planen

Området er i kommunedelplanen for Volda-Furene (godkjent 18.12.2014) avsett til bustader AB-F-1 med krav om utarbeiding av detaljreguleringsplan før utbygging. Det er mangel på studentbustadar i Volda, jfr. orientering frå studentsamskipnaden (vedlegg nr. 6). Målet med planarbeidet er difor å betre situasjonen ved å legge til rette for to nye bustadblokker med inntil 195 hyblar totalt samt tilhøyrande uteopphaldsareal og parkeringsplassar m.m. Det er også sett av eit renovasjonsområde for nedgravd løysing som skal vere felles for alle samskipnaden sine blokker på Heltne. Vidare er plangrensa mot Fv45 noko justert etter varsling for å kunne tilpasse veglinjeføringa til SVV si regulering som pågår vest for plangrensa.

2.2 Forslagsstillar, plankonsulent, eigarforhold

Framlegget er utarbeidd for Studentsamskipnaden i Volda som også er grunneigar, med Per Mulvik AS som plankonsulent og Oddvar Ekroll AS som arkitekt.

2.3 Tidlegare vedtak i saka

- 09.11.2016: Oppstartsmøte.
- 13.12.2016: Vedtak i FSK om planoppstart.

2.4 Utbyggingsavtalar

Det vert ikkje inngått utbyggingsavtale med kommunen i denne saka.

2.5 Krav om konsekvensutgreiing

Tiltaket er vurdert etter forskrifta om konsekvensutgreiing i samsvar med Pbl kap.4. Sidan både formål og avgrensing er i samsvar med overordna plan, og elles utan vesentlege konsekvensar for miljø og samfunn, er det ikkje behov for konsekvensutgreiing – jfr. referat frå oppstartsmøte.

3 PLANPROSESSEN

3.1 Medverknad, varsel om oppstart ev. planprogram

Formell saksgang i samsvar med reglane i plan- og bygningslova sikrar at kravet om medverknad vert ivareteke gjennom lovfesta høyringar og offentleg ettersyn. Det er ikkje sett krav om planprogram.

Oppstartsmøte
Det vart halde oppstartsmøte med kommunen 09.11.2016 med drøfting av m.a følgjande tema:

- Avklaring av planstatus og plantype
- Tilhøvet til overordna plan
- Krav til leveranse

- Omsyn til støy frå Fv45
- Avgrensing av planområdet
- Mål for planarbeidet
- Planprogram og konsekvensutgreiing
- Relevante vedtekter, forskrifter og retningslinjer

Referat frå møtet er vedlagt.

Varsel om oppstart
Varsel om oppstart vart annonsert i avisa Møre og ved varslingsbrev med frist for innspel/merknader satt til 06.03.2017. Varslingsbrev og annonsetekst er vedlagt.

Innspel til varsel om planoppstart
I samband med varsel om planoppstart kom det inn 7 innspel. Desse er vurdert, oppsummert og kommentert bak i planomtalen. Alle innspel er vedlagt.

Vidare saksgang
Etter handsaming av planframlegget i kommunen og vedtak om utlegging til offentleg ettersyn, vert framlegget sendt til berørte partar for uttale normalt med ein frist på 6 veker etter utsending.

Etter høyringsfristen vert framlegg til reguleringsplan evnt. justert i samsvar med innkomne innspel før endeleg kommunal handsaming. Nedanfor er ei enkel oversikt over planprosess med planlagt framdrift.

Planfase	Medverknad	Tid
Oppstartmøte	konsulent/kommunen	09.11.2016
Varsel om oppstart av planarbeid, med annonse i avis, kunngjering på kommunen si nettside og varslingsbrev til berørte partar.	konsulent	Varslingsbrev: 11.01.2017 Kunngjeringsannonse: 11.01.2017 Merknadsfrist: 06.03.2017
Vurdering av innkomne merknadar	konsulent	Mars 2017
Utarbeiding av planforslag	konsulent	Mars – August 2017
Oversending av planframlegg til kommunen	konsulent	September 2017
Kommunal handsaming om utlegging til offentleg ettersyn/ høyring (frist 12 veker).	kommunen	September- oktober 2017
Offentleg ettersyn/høyring (6 veker)	kommunen	Oktober - November 2017
Handsaming av merknader og ev. godkjenning av plan.	kommunen	November 2017
Ev . endring av planforslag og nytt offentleg ettersyn.	*kommunen/konsulent*	

4 PLANSTATUS OG RAMMER

4.1 Overordna planar

Kommuneplanen sin arealdel /kommunedelplanar
PlanID: 2010013 «Kommunedelplan for Volda - Furene» – godkjent 18.12.2014 – er gjeldande for planområdet. Planområdet inngår der i området AB-F-1 avsett til bustadar med krav om utarbeiding av reguleringsplan før utbygging.



Figur 1 Utsnitt frå gjeldande kommunedelplan inkl. plangrense ved varsling

4.2 Gjeldande reguleringsplan

Hovuddelen av planområdet var i reguleringsplanen «1991001 - Del av Langvatn og Abeltun» regulert til offntleg friområde. I gjeldande kommunedelplan er formålet endra til bustadar.

4.3 Tilgrensande planar

F.o.m Grønbakken og austover er reguleringsplanen «1973003 Studentheimane på Heltne» gjeldande. Sør for Fv45 gjeld «1993001 – Midttun» og i nordvest «2014002 – Nygardsvegen 2 og 4».

Figur 2 Tilgrensande reguleringsplanar inkl. plangrense ved varsling

4.4 Temaplanar

Ingen kjende temaplanar med relevans for saka.

4.5 Statlege planretningslinjer/rammer/føringar

Planarbeidet er basert på gjeldande plan- og bygningslov med forskrifter, rettleiingar samt andre aktuelle lover med forskrifter. I tillegg er SVV sine handbøker nytta ved utforming av vegar og kryss. RPR for barn og unge er lagt til grunn for planarbeidet.

5 SKILDRING AV PLANOMRÅDET – EKSISTERANDE TILHØVE

5.1 Lokalisering

Lokalisering
Planområdet ligg på gnr.20 bnr.334 på Langvatn/Heltne i Volda kommune.



Figur 3 Oversiktskart med avmerkt planområde.

Avgrensing og storleik på planområdet
Planområdet utgjer om lag 7,2 daa, og var ved varsling av planoppstart avgrensa som vist i kartutsnitt nedanfor. Mindre justeringar som er gjort i ettertid står omtalt i parentes.

Nord: Teiggrense/formålsgrense/plangrense i PlanID 1991001. Om lag sentrisk i Nygardsvegen.
Sør: Formålsgrense/plangrense i PlanID 1991001 med tillegg for frisikt (teke inn meir av Fv45)
Aust: Teiggrense mot 20/46 med tillegg for avkøyrsle og frisikt.
Vest: Teiggrense mot gbnr.20/314, 20/315 og 20/476 (nordre del av plangrensa trekt austover til austre grense av stripearealet tillagt/tilhøyrande gbnr.20/315).



Figur 4 Planavgrensing ved varsling

5.2 Dagens arealbruk og tilstøytande arealbruk

Sjølve planområdet er ubebygt medan områda nord for Nygardsvegen, sør for Vikebygdvegen og vest for plangrensa er bustadområde. Aust for Grønbakken finn vi studentsamskipnaden sine tre studentblokker.

Figur 5 Ortofoto av varsla planområde og omgjevnader

5.3 Stadens karakter

Struktur/estetikk/byform/eksisterande bebyggelse

Eksisterande busetnad utanfor plangrensa består hovudsakleg av frittliggande småhus i 1-2 etasjar, medan blokkene i aust går over tre etasjar + kjellar. Vedlegg nr.12 syner fotos av landskap og omgjevnadane.

5.4 Landskap

Topografi og landskap

Nordlege halvdel av tomta vart på 90-talet oppfylt med overskotsmassar og ligg såleis noko høgare enn naturleg terreng nedanfor. Terrenget hellar elles svakt mot sør/sørvest. Vedlagte terrengsnitt syner forholdet mellom eksisterande terreng, planlagt bebyggelse og eksisterande bygg.



Figur 6 Landskapet i og rundt planområdet (Google Earth)

Solforhold/lokalklima

Vedlagt følgjer sol-/skuggeanalyse for eit utval klokkeslett 20.mars og 21.juni – jfr. vedlegg nr.9. Analysen

tek omsyn til kringliggjande fjell og syner at området er svært solrikt. Analysen syner også verknadane av ei utbygging innanfor dei rammene som planframlegget gir. Omtale av dette følgjer i kap. 6 og 7.

Estetisk og kulturell verdi
Planområdet har ingen registrerte estetisk eller kulturelle objekt av verdi.

5.5 Kulturminne og kulturmiljø
Ifølgje tilgjengelege kartbasar (www.kulturminnesok.no) er det ingen registrerte kulturminne i planområdet. Elles er det, i samsvar med innspel frå fylkeskommunen, gjennomført arkeologiske registreringar utan funn. Jfr. vedlegg nr.10.

5.6 Naturverdiar
Kartbasar som www.naturbase.no avdekkjer ingen registrerte artar av forvaltningsinteresse i eller ved planområdet.

5.7 Rekreasjonsverdi/-bruk, uteområde
Sjølve planområdet har, etter det vi kjenner til, ingen særleg verdi som rekreasjonsområde.

5.8 Landbruk
I følgje www.skogoglandskap.no består sørlege halvdel av gnr.20 bnr.334 av fulldyrka jord medan nordlege halvdel er open jorddekt fastmark.

5.9 Trafikkforhold
Avkøyrsle/tilkomst til planområdet
Avkøyrsle til planområdet vert frå Grønbakken som munnar ut i Fv45/Vikebygdvegen.

Vegsystem
I nord ligg den kommunale bustadgata Nygardsvegen mellom Heltnevegen (samleveg) i vest og den kommunale bustadgata Grønbakken i aust. Nygardsvegen har ei opparbeidd breidde på ca 4,5m, har blanda funksjon og betener eit fåtal bustadhus nord for planområdet. I austre ende av Nygardsvegen kryssar Grønbakken som strekkjer seg frå Fv45 og nordover til Bakkevegen. Grønbakken er regulert som køyreveg med tilkomst til studentblokkene i nedre del, og som gangveg vidare opppover. I sør går Fv45/ Vikebygdvegen med separat gang- og sykkelveg opparbeidd i 3m breidde.

Trafikkmengde
Vegvesenet sin kartbase oppgir ÅDT=5840 for Fv45 forbi planområdet. Kommunale vegar manglar data.

Ulykkessituasjon/trafikktryggleik for mjuke trafikantar
SVV sin database syner ingen registrert personskade i eller ved sjølve planområdet.

Kollektivtilbod
Det er buss-samband både langs Heltnevegen (ringrute) og Fv45 forbi planområdet - med busstopp like ved studentbustadane.

5.10 Barn sine interesser
Området har etter vår kunnskap ingen verdi som rekreasjonsområde/leikeplass for barn.

5.11 Sosial infrastruktur
Skulekapasitet/barnehagedekning
Ikkje relevant utfrå planlagt formål.

Butikk
Det finnast nærbutikk ca 170m vest for planområdet.

5.12 Universelt tilgjenge

Planområdet er ikkje universelt tilgjengeleg i dag, men ligg topografisk godt til rette for dette.

5.13 Teknisk infrastruktur

Vatn og avløp

I GS-vegen langs Fv45 ligg både ei 200mm spillvassleidning og ei 160mm vassleidning. I Grønbakken ligg ei 375mm overvassleidning med overgang til 500mm gjennom Fv45 og vidare. Ein føreset at desse har kapasitet og kan tilknytast.

Trafo

Mørenett har som høyringspart ikkje kome med innspel. Ein legg difor til grunn at straumforsyning til området blir ivaretatt frå trafokiosken mellom blokkene aust for Grønbakken.

Energiforsyning og alternativ energi, fjernvarme m.m

Planområdet er ikkje underlagt krav om tilknyting til fjernvarmenett.

5.14 Grunnforhold

Stabilitetsforhold

Iht. NGU sine lausmassekart ligg planområdet godt utanfor sona for marine strandavsetningar og består av tjukk morene som normalt gjev stabil byggegrunn. Temaet skal elles vurderast i byggjesaka – jfr. Pbl.

Figur 7 Utsnitt frå NGU lausmassekart

Skredfare

NVE sine aktsemdkart syner at planområdet ikkje er utsett for skred- eller flaumfare.

5.15 Støyforhold

Iht. SVV sine støyvarselkart ligg delar av planområdet i raud og gul sone for vegtrafikkstøy. Det er difor utarbeidd støyrapport (vedlegg nr.11) med tiltak innarbeidd i planframlegget. Resultatet av berekningane er vist som omsynssoner på plankartet som gul og raud støysone for hhv. 55-65dB og over 65dB.

Figur 8 Utsnitt frå SVV sine støyvarselkart

5.16 Luftforureining

Der er ingen kjelder til luftforureining i området som utløyser behov for tiltak. Vegstøv frå Fv45 vurderast til å ligge godt under grenseverdiane i «T-1520 retningslinje for behandling av luftkvalitet i arealplanlegging».

5.17 Risiko og sårbarheit (eksisterande situasjon)

Ingen.

6 SKILDRING AV PLANFRAMLEGGET

6.1 Planlagt arealbruk

Følgjande reguleringsformål inngår i planområdet:

§12-5. Nr. 1 - Bygningar og anlegg	Areal (daa)
Bustader-blokker (BBB)	2,80
Renovasjonsanlegg (REN)	0,07
Uteopphaldsareal (BUT)	0,91
Sum areal denne kategori:	3,78
§12-5. Nr. 2 – Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur	Areal (daa)
Annan veggrunn – grøntareal (SVG)	0,31
Annan veggrunn – tekniske anlegg (SVT)	0,19
Fortau (SF)	0,43
Gang-/sykkelveg (SGS)	0,40
Køyreveg (SKV)	1,41
Parkeringsplassar (SPP)	0,73
Sum areal denne kategori:	3,46
Totalt alle kategoriar:	7,24

6.2 Gjennomgang av aktuelle reguleringsformål

Bustadblokker (BBB)
Innanfor formålet BBB er det planlagt bustadblokker samankopla med eit mellombygg som m.a gjev gang-forbindelse mellom blokkene og tener som «tak» over inngangspartia i underetasjen.

Plankartet viser byggjegrenser samt linjer for planlagd bebyggelse (sosi-kode 1213). Bygga skal ligge innanfor byggjegrensene, men kan fråvike linjer for planlagd bebyggelse med inntil 2 meter dersom detaljprosjekteringa syner behov for dette.

Til kvar hybel er det lagt til grunn 1 plass for sykkel under tak innanfor BBB, medan parkeringsplass for bil er avsett som eige formål – SPP1. Det er lagt til grunn 20% parkeringsdekning dekt dels gjennom SPP1 og dels gjennom sambruk av parkeringsplassar ved eksisterande blokker på gbnr.20/45,46,49 og 23

Det er planlagt inntil 195 hyblar fordelt på 120stk i 1.byggjesteg (austre blokk) og 75stk i 2.byggjesteg (vestre blokk). Av desse vil ca 20% vere tilpassa krava til tilgjengeleg hybel. 4 av parkeringsplassane innanfor SPP1 er som følgje av dette tilpassa rørslehemma.

Renovasjonsanlegg (REN)
Dette området er avsett til renovasjonspunkt felles med eksisterande blokker aust for Grønbakken. Det leggast opp til nedgravd containerløysing i samarbeid med VØR.

Uteopphaldsareal (BUT)
Områda BUT1 og 2 er avsett til felles uteopphaldsareal for dei som bur i blokkene. Her vil det vere høve til oppføring av benkar, grill, leikeapparat og anna som naturleg høyrer til. Areala skal opparbeidast etter prinsippa om universell utforming med grasdekke/fast dekke og gjerde mot trafikkareal.

Annan veggrunn – grøntareal (SVG)
Desse områda skal opparbeidast som grøntområde og m.a tene som snøopplag. Kommunen rår elles til at eksisterande allear langs fylkesvegen og Grønbakken vert vidareført.

Annan veggrunn – tekniske anlegg (SVT)
Område langs køyrevegar avsett til grøft, snøopplag m.m.

Fortau (SF)
Statens vegvesen har under regulering delar av Fv45 vest for plangrensa. Køyrebane (SKV1) og fortau (SF1) er difor konstruert i samråd med SVV slik at linjer og formål i dei to planane samsvarar for evt. seinare samankopling. Dagens gang- og sykkelveg er forøvrig opparbeidd i ca 3m breidde skilt frå køyrevegen med rabatt.
Etter innspel frå kommunen er o_SF1 si nordre formålsgrense samanfallande med asfaltkant eksisterande GS-veg. Linjer og formål er elles kvalitetssikra av SVV v/Misund 06.09.2017.

Gang- og sykkelveg (SGS)
Aust for avkøyrsla til Grønbakken er det opparbeidd ein ca 3m brei asfaltert gang- og sykkelveg skilt frå Fv45 med grøntrabatt. I gjeldande reguleringsplan er det her regulert inn eit relativt breitt formål for gangvei (kode 322) som vi har valt å vidareføre i planframlegget. Både denne (SGS1) og SGS2 (øvre del av Grønbakken) er vidareført frå gjeldande plan.

Køyrevegar (SKV)
Jamfør omtale av SF1 ovanfor. SKV1 si linjeføring er basert på skissa vi fekk frå SVV som viser eit 7m breitt vegområde med tosidig fortau. Regulert køyrebanekant er lagt 3,25m frå regulert senterlinje.

SKV2 er endra inn mot Fv45 i høve gjeldande regulering slik at plassering av krysset samsvarar med faktisk opparbeiding. I tillegg er krysset retta opp til vinkelrett på Fv45 for betre oversikt. Dimensjonerande køyrety er lastebil. Øvre del av Grønbakken er regulert som tidlegare, herunder også plassering av over-gangen mellom køyreveg og gangveg.

SKV3 er ei vidareføring av vegformålet i planID 2014002, og samsvarar med faktisk opparbeiding.
SKV4 er avkøyrsle til blokkene aust for Grønbakken, og regulert i samsvar med faktisk opparbeiding.

Parkeringsplassar (SPP)
I nedre del av planområdet er det avsett parkeringsplass for 23 bilar, herav 4stk tilpassa rørslehemma.

6.3 Bebyggelsen si plassering og utforming

Plassering og bygningshøgde
Det er lagt vekt på ei utforming og plassering av blokkene som etter vårt syn tek omsyn til omgjevnadane. Ein har m.a valt å orientere bygga tilsvarande eksisterande blokker i aust, dvs. med kortsidene mot dei bebygde områda nord og sør for planområdet. Dette sikrar lys og luft mellom bygga og minimerer utsikts- og soltap for bustadane på nordsida.

Blokkene plasserast innanfor byggjegrenser og linjer for planlagd bebyggelse med maksimal byggjehøgd som framgår av føresegner og plankart. Maksimal byggjehøgd er angitt med koter. Ein viser elles til vedlagte perspektivskisser og terrengsnitt som illustrerer verknadane av tiltaket.

Av omsyn til gbnr.20/314, som grensar til planområdet i vest, vert sørlege halvdel av vestre blokk redusert med ein etasje i høve nordlege del. Dette inneber at denne blokka kan oppførast i inntil U+3 etasjar med maksimal gesimshøgd 76,1m nord for mellombygget og i inntil U+2 etasjar med maksimal gesimshøgd 73,1m sør for mellombygget. Avstand til teiggrensa er også regulert med byggjegrense.

Kommunal kartbase syner at den delen av blokka som ligg rett aust for gbnr.20/314 med dette vil få ei maksimal gesimshøgd som ligg under mønehøgda på bustadhuset. Jfr. vedlegg nr. 16

Tilsvarande vil austre blokk kunne oppførast i inntil U+4 etasjar innanfor maksimal gesimshøgd 79,1m. For begge blokkene gjeld at det ved behov kan tillatast at trapperom/rømningstrapper bryt byggjegrensa med inntil 1m, og at heishus i nødvendig grad kan overstige maksimal tillaten kote for gesimshøgd.

Mellombygget kan oppførast i inntil U+1 etasje innanfor maksimal gesimshøgd c+70,1.

Grad av utnytting (%-BYA)
For BBB er det lagt til grunn slik grad av utnytting:
BBB: %-BYA=65%.
Parkeringsplassar er avsett som eige formål og inngår ikkje i berekninga av utnyttingsgrad.

Antal bueiningar/fordeling
Innanfor BBB kan det oppførast to blokker med eit samla tal på 195 hyblar slik:
Austre blokk: Maks. 120 hyblar herav ca 20% som tilgjengeleg.
Vestre blokk: Maks. 75 hyblar herav ca 20% som tilgjengeleg.

6.4 Bumiljø/bukvalitet

Barn og unge
Då hyblane ikkje er tilrettelagt for barnefamiliar, er det ikkje avsett eigen leikeplass men to område regulert som uteopphaldsareal. Desse kan opparbeidast med benkar, grill, evt. leikeapparat m.m etter behov. Ein viser også til dei store grøntområda ved eksisterande blokker i aust som også kan disponerast.

Sol-/skuggeanalyse
Vedlagte sol/skuggeanalyse syner tilhøva ved eit utval klokkeslett for datoane 20.mars og 21.juni – og er basert på ei utbygging innanfor rammene i planframlegget. Analysen er lagt til grunn ved utforming og plassering av bygningar og uteopphaldsareal med formål å redusere ulemper for omgjevnadane og sikre gode soltilhøva på uteopphaldsarealet.

6.5 Parkering

Antal, utforming og lokalisering av parkeringsplassar

I nedre del av planområdet er det avsett parkeringsplass for 23 bilar, herav 4stk tilpassa rørslehemma.
Ved eksisterande blokker i aust, som består av 153 hyblar og 32 leiligheiter, er det tilgjengelig ca 63 parkeringsplassar.
Totalkapasiteten er dermed 86 p-plassar som fordelt på inntil 380 hyblar gjev ca 0,22 plassar pr. hybel. Då det er vektlagt god tilrettelegging for gåande og for sykkelbruk, er det etter avtale med kommunen sett krav om 20% parkeringsdekning i reguleringsføresegnene.
Forøvrig er det ei målsetjing både lokal og sentralt å fremje bruk av miljøvennleg transport. Kort avstand til sentrum og høgskule, saman med godt utbygt nett av gang- og sykkelvegar, legg tilhøva her godt tilrette for bruk av m.a sykkel. Det er difor lagt til grunn at kvar hybel disponerer sin eigen sykkelplass nær inngangen.
Det vert elles lagt til rette for lading av både el-syklar, el-bilar og elektrisk rullestol.

6.6 Tilknyting til infrastruktur

Vatn og avløp
I GS-vegen langs Fv45 ligg både ei kommunal 200mm spillvassleidning og ei 160mm vassleidning, medan det i Grønbakken ligg ei 375mm overvassleidning som er oppgradert til 500mm gjennom Fv45 og vidare. Ein føreset at desse har kapasitet og kan tilknytast. Parkeringsplassen fell mot sør/sørvest og avrenning frå denne er føresett ført til terreng/veggrøft langs Fv45.

6.7 Trafikkløysing

Køyretilkomst
Parkeringsplassen er tilknytt den kommunale gata Grønbakken, som munnar ut i Fv45. Krysset mellom Fv45 og Grønbakken er dimensjonert for lastebil og utan behov for yttarlegare oppgradering.

Utforming av vegar
Planframlegget inneheld ingen nye vegar utover manøvreringsareal for parkeringsplassen. Vedkomande eksisterande vegar viser vi til kap. 6.2.

Stigningsforhold
Uendra situasjon.

Frisikt
I krysset mellom Fv45/Grønbakken og Nygardsvegen/Grønbakken er det avsett linjer for frisikt i samsvar med N100.

Mjuke trafikantar
Langs Fv45 er det opparbeidd GS-veg i 3m breidde og regulert inn fortau-/gangvegforbindelse mot denne som gjev trygg tilkomst for bebuarane både i høve høgskuleområdet, sentrum, nærbutikk og kollektiv-transport. Vegvesenet si regulering i området vil bidra til ei yttarlegare betring for mjuke trafikantar m.a ved breiare fortau/ gang- og sykkelvegar kombinert med 2-plans rundkøyring i vest med fortau over køyrebana.

Felles tilkomstvegar, eigedomsforhold
Alle vegar, med unnatak av SKV4 som gjeld tilkomst til eksisterande blokker, regulerast som offentleg.

6.8 Planlagde offentlege anlegg

Ingen utover mogleg behov for oppgradering av VA-nett.

6.9 Miljøoppfølging

Det skal utvisast normalt omsyn til omgjevnadane.

6.10 Universell utforming

Krav:
Bygningar og uteareal skal opparbeidast i samsvar med gjeldande reglar for universell utforming.
Løysing:
Jfr. Tek17.

6.11 Uteopphaldsareal

Privat og felles uteopphaldsareal
Det er avsett to område – BUT1 og 2 - på tilsaman 910m2 til uteopphald. Areala har god storleik, breidde over 10m, er flate og solrike og på alle måtar godt eigna til formålet. Som omtalt tidlegare kan områda opparbeidast som grasbakke/plen og fast dekke, og utstyrast med benkar, leikeapparat etc. etter behov. BUT1 har eit areal på 480m2, medan BUT2 utgjer 430m2. Saman med grøntarealet på ca 7500m2 rundt samskipnaden sine eksisterande blokker like ved, vurderer vi det totale uteopphaldsaraealet som rikeleg. Utforming, innhald og opparbeiding skal framgå av utomhusplan ved søknad – jfr. føresegnene §6.4

Leikeplassar/grunngjeving for evnt. avvik frå vedtekter/normer.
Utfrå planlagt bruk som studenthyblar utan tilrettelegging for barnefamiliar, vert ikkje uteområda utstyrt som leikeplass (Jfr. fylkesmannen sin merknad til planoppstart). Opparbeidinga blir elles iht. prinsippa for universell utforming med høve til etablering av leikeplassutstyr innanfor BUT1 og 2 ved ev. seinare behov.

Tilkomst og tilgjenge
Areala skal opparbeidast etter prinsippa om universell utforming i samsvar med gjeldande lovverk – synleggjort i byggjesaka.

Sesongbruk
Ikkje relevant ut frå planlagd bruk.

Andre uteopphaldsareal
Ikkje relevant ut frå planlagd bruk.

Krav om utomhusplan og rekkefølgjekrav
Ved søknad om løyve til tiltak skal det utarbeidast situasjonsplan for tiltaket – jfr. føresegner §6.4 og 6.1.

6.12 Landbruksfaglege vurderingar

Reguleringsformålet er i samsvar med gjeldande kommuneplan. Ein føreset at landbruksfaglege vurderingar vart gjort i samband med kommuneplanarbeidet.

6.13 Kulturminne

Inga endring som følgje av plan.

6.14 Plan for vatn og avløp samt tilknyting til offentleg nett

Ved søknad om løyve til tiltak skal det utarbeidast teknisk plan/VA-plan for tiltaket.

6.15 Avbøtande tiltak/løysingar ROS

Ingen.

6.16 Rekkefølgjekrav

Uteopphaldsareal og parkeringsplassar skal vere opparbeidde før det vert gjeve bruksløyve for bygningane. BUT2 og SPP inngår i første b.steg (austre blokk). BUT1 inngår i andre b.steg (blokk vest + mellombygg).

7 VERKNADER AV PLANFRAMLEGGET

7.1 Overordna planar

Planframlegget er i samsvar med overordna plan både m.o.t formål og utstrekning.

7.2 Landskap og omgjevnader

Endring frå ubebygt mark til blokkbebyggelse vil nødvendigvis synast, men som omtalt framanfor er det gjort fleire grep for å minimere ulempene for kringliggjande busetnad både m.o.t utsikt og soltilhøve. Ein viser her til punkt 6.3 som gjeld plassering og høgder på bygga.

For å synleggjere fjernverknader/verknadar i høve landskap og omgjevnader, er det utarbeidd ein enkel 3D-modell av området. Utsnitt frå denne følgjer i vedlegg nr.18 og viser arkitekten sin skissemodell av planlagt bebyggelse. I tillegg er det utarbeidd terrengsnitt som syner forholdet mellom nye og eksisterande bygg, terreng m.m – jfr. vedlegg nr.13-17.

Saman med sol- og skuggeanalysen (vedlegg nr.9) meiner vi at verknadane av planframlegget i høve landskap og omgjevnader er synleggjort så godt som mogleg.

7.3 Staden sin karakter
Utbygginga representerer etter vår vurdering ei naturleg utviding av eksisterande blokkbebyggelse i aust.

7.4 Estetikk
Etter vår vurdering er det i stor grad teke omsyn til estetikk både ved utforming og plassering av bygga der ein både spelar på lag med terrenget og vidarefører prinsipp som er nytta aust for Grønbakken. Blokkene vil forøvrig få eit moderne preg som speglar vår tids arkitektur – og bidra til eit estetisk og arkitektonisk løft i høve eksisterande bygningsmasse. Viser elles til arkitekten si orientering – vedlegg nr. 19.

7.5 Kulturminne og –miljø, ev. verneverdi
Inga endring som følgje av plan då det ikkje er registrert slike verdiar i området.

7.6 Tilhøvet til naturmangfaldslova
Oppslag i www.naturbase.no og www.artskart.no viser at det verken i eller ved planområdet er registrert artar av forvaltningsmessig interesse. Utfrå dette konkluderer ein difor med at planlagd arealbruk ikkje kjem i konflikt med forhold knytt til natur og miljø – jfr. naturmangfaldlova §§8-12.

7.7 Rekreasjonsinteresser/rekreasjonsbruk/uteområde
Området vert i større grad tilrettelagt for rekreasjon etter utbygging enn før ved at det er avsett to store areal til felles uteopphaldsareal for leigetakarane. Samla areal utgjer i overkant av 900m2, opparbeidast som plen/fast dekke og kan utstyrast med benkar, trimapparat eller anna utstyr som naturleg høyrer til. Begge områda er solrike og skjerma for trafikkstøy – jfr. støyrapport.

7.8 Trafikkforhold
Vegforhold
Krysset mellom Grønbakken og Fv45 er dimensjonert for lastebil og har god kapasitet til meirtrafikken som følgje av utbygginga.

Trafikkauke/-reduksjon/-tryggleik
Trafikkauken som følgje av utbygginga vurderast som marginal. Ved å legge parkeringsplassen heilt inntil Fv45 minimerer ein også intern biltrafikk og styrkjer med det trafikktryggleiken internt. Samskipnaden har elles erfart frå eksisterande blokker at studentane sin bilbruk i vekedagane er svært begrensa. Dette skuldast mest truleg den korte avstanden til høgskulen, og bilbruken er i hovudsak knytt til helgar og feriar.

Som omtalt framanfor leggast det godt til rette for bruk av sykkel framfor bil, og tryggleiken vurderast totalt sett som god både for bilistar og mjuke trafikantar.

7.9 Sosial infrastruktur
For voldasamfunnet er studentane viktige både sosialt og økonomisk, og god tilrettelegging som sikrar trivsel og rekruttering er viktig både for skulane, handelsstanden og generelt næringsliv i Volda.

7.10 Universell tilgjengeligheit
Gjeldande krav til universell utforming av bygg og uteområde leggast til grunn for tiltaket.

7.11 Energibehov – energibruk
Det leggast til grunn bruk av elektrisk oppvarming (panelovn/varmepumpe etc.).

7.12 ROS

Er området utsett for flaum, snø-, jord-, steinskred eller større fjellskred?
Nei.

7.13 Teknisk infrastruktur

Vatn og avløp
Som omtalt framanfor vert vatn, spillvatn og overvatn tilknytt offentleg nett i gang- og sykkelvegen langs Fv45. Dette vert ein del av prosjekteringa av tekniske anlegg i samband med byggjesaka.

7.14 Økonomiske konsekvensar for kommunen

Ingen kjende økonomiske konsekvensar for kommunen som følgje av utbygginga.

7.15 Konsekvensar for næringsinteresser

Jfr. punkt 7.9.

7.16 Interessemotsetnader/konflikttema

Delar av nabolaget har gjennom merknader og underskriftsaksjonar uttrykt uro for tap av utsikt og soltilhøve og i noko grad også støy (feststøy) frå leigetakarane.

7.17 Avveging av verknader

Etter vår vurdering tek planframlegget i stor grad omsyn til merknadane slik det er gjort greie for framanfor:

1) Orientering av blokkene med kortsider mot nord og sør, saman med god innbyrdes avstand mellom bygga ivaretek omsynet til utsikt frå eigedomane nord for Nygardsvegen.
2) Byggjegrenser, linjer for planlagd bebyggelse og angitt makskote for gesims gjev ein føreseieleg plan med begrensa soltap og skuggeverknad på tilgrensande eigedomar. Jfr. vedlegg nr 9 m.fl.
3) Grunna merknader frå naboar knytt til uro for innsyn og støy, vert det ikkje tillate med balkong.

Etter vår vurdering er rammene for utbygginga definert slik i framlegget at ulempene for naboar er minimert til eit nivå som må kunne aksepterast.

8 KONSEKVENSUTGREIING

Tiltaket er vurdert etter forskrifta om konsekvensutgreiing i samsvar med Pbl kap.4. Då både formål og avgrensing er i samsvar med overordna plan og elles utan vesentlege konsekvensar for miljø og samfunn er det ikkje behov for konsekvensutgreiing. Referat frå oppstartsmøte er vedlagt.

9 INNKOMNE INNSPEL TIL VARSEL OM PLANOPPSTART

I samband med søknad om oppstart av planarbeid kom det inn 7 innspel. Samandrag med kommentar følgjer her og alle innspel er i si heilheit vedlagt.

9.1 Innspel (samandrag med kommentar)

9.1.1 Innspel 1: Fylkesmannen i Møre og Romsdal (datert 03.03.2017)

Oppsummering av merknad:
Støy:
Planområdet ligg i gul/raud støysone, og det må gjerast ei støyfagleg utgreiing som tek opp i seg kor høge studentblokkene skal vere slik at ein sikrar tilfredsstillande støytilhøve i heile bygningen. Det må også sikrast uteområde med tilfredsstillande støytilhøve.
Samfunnstryggleik:
Må gjennomføre ROS-analyse iht. fylkesmannen si sjekkliste. Evt. område for fare, risiko eller sårbarheit merkast som omsynssone med tilhøyrande føresegn som sikrar tilstrekkjeleg tryggleik.
Barn og unge:
Dersom det vert opna for bustader utover enkle studenthyblar med felles kjøken etc., slik at det er bustader

der det er naturleg at det kan bu familiar med barn, må det vere leikeareal tilgjengelig i området iht. Pbl §5-1 og rundskriv T-2/08. Planomtalen må gjere greie for verknader av planen for barn og unge og gi ei oversikt over evt.leikeareal som alt finnast i området. Nærleikeplassar skal setjast av der det blir etablert 5 eller fleire bueiningar. Alle bueiningar skal innan 50m ha slik leikeplass på min.200m2 og maksimalt 20 bueiningar kan vere felles om ein slik. Det skal vere gode sol- og støyforhold og arealet må skjermast for trafikkfare. Ved etablering av 20 eller fleire bueiningar skal det innan 150m vere ein områdeleikeplass (for aking, balleik, sykling m.m) som bør vere minst 1500m2. Maksimalt 50 bueiningar kan dele ein slik. Eigna areal skal sikrast i kart og føresegner med funksjons- og rekkefølgjekrav i føresegnene: Opparbeidd med min. sandkasse, benk og eit leikeapparat før første bustad kan takast i bruk.
Universell utforming:
Prinsippet om universell utforming skal ivaretakast i planlegginga og kravet til byggetiltaket – jfr. pbl §1-1.

Kommentar:
- *Støyrapport er utarbeidd og teke omsyn til i planlegginga.*
- *ROS-analyse inngår i planarbeidet.*
- *Det er ikkje lagt opp til bustadar der det er naturleg at det kan bu familiar med barn. Det er difor heller ikkje lagt opp til leikeplassar men derimot uteopphaldsareal som evt. kan utstyrast med leikeapparat.*
- *Gjeldande krav til universell utforming leggast til grunn for bygg og uteområde.*

9.1.2 Innspel 2: Kine Straume Engjaberg, Nygardsvegen 7 (datert 22.02.2017)
Oppsummering av merknad:
Generelt:
Uroleg for konsekvensar for naboar og verditap dersom det ikkje vert teke omsyn. Håper det vert bygt berre ei blokk og då saman med dei andre slik at ein vert skjerma mot støy, tap av lys og luft og at ein følgjer eksisterande byggeskikk med maksimalt 4.etg (viser til nabolova §2). Merknaden inneheld også liste med 9 underskrifter.
Støy:
Sjølv med relativt stor avstand er støy frå bebuarane til sjenanse særleg i studenthøgtidene i mars/april, t.o.m sommarferien og fadderveka i august. Opplever regelmessig støy i form av høg musikk og/eller frå menneske. Regelverket om ro frå kl.23 kvardagar og kl.01 natt til laurdag og søndag vert ikkje følgt. Ein antar at støyproblema vil auke proporsjonalt med talet på blokker og vere ei belastning særleg for barne-familiar når desse kjem nærare eksisterande bustadar.
Sol/skugge:
Fryktar tap av sol-/dagslys dersom ein byggjer i 5 etasjar. 4-5 etasjar vil kunne skuggelegge store delar av eigedomen og gi bebuarane fritt innsyn mot altanen og opphaldsrom. Ber difor om at ein begrensar til 4 etasjar slik som eksisterande blokker. Dette vil også samsvare med gjeldande byggeskikk.
Erstatning:
Fryktar verditap og viser til nabolova §9.

Kommentar:
- *Det er i stor grad teke omsyn til nabolaget vedk. støy, lys og luft/utsikt. Busetnaden nord for feltet er prioritert m.a ved at bygningane er orientert slik som eksisterande blokker i aust med god innbyrdes avstand og kortsider vendt mot nord. Dette ivaretek omsynet til utsikt, lys og solforhold.*
- *Som tiltak for å avgrense støy frå hyblane vert balkongar ikkje tillate. Utover dette føreset ein at sam-skipnaden sitt ordensreglement vert halde.*
- *I vurdering av etasjetal er vedlagte sol-/skuggeanalyse lagt til grunn. Etasjetal og bygningshøgder er avgrensa til det som etter vår vurdering gjev akseptabel skuggeverknad utanfor plangrensa, og for å sikre dette i gjennomføringa er maksimal tillaten gesimshøgd nedfelt i føresegner og på plankart. Analysen viste m.a at berre den austlegaste blokka bør tillatast i 5 etasjar (U+4).*

9.1.3 Innspel 3: Møre og Romsdal fylkeskommune (datert 07.03.2017)
Oppsummering av merknad:
Generelt:
Også ved planlegging av studentbustadar må tilstrekkjeleg og eigna utomhus opphalds- og leikeareal vere sikra. Arealet skal vere opphaldsstad for bebuarar og besøkande på bakkeplan og kunne nyttast av alle,

vaksne som barn. Understrekar særleg plassering i høve skuggeverknad og trafikktryggleik.

Sol:
Iht. rettleiar for grad av utnytting skal leikeareal ha minst 50% sol kl. 15 ved vårjamndøgn (20.mars). Rår til utarbeiding av sol-/skuggeanalyse som viser arealet sett ovanfrå med arealformål vist på bakkeplan.
Trafikktryggleik:
Av omsyn til trafikktryggleik for dei minste rår ein til at ferdsel mellom inngangsparti og opphald-/leikeareal planleggast slik at ein slepp å måtte krysse intern køyreveg eller parkering.
Avgjerande faktor for utbygging:
Kravet til tilstrekkjeleg og eigna utomhusareal er med på å avgjere kor mange einingar og kor høge bygg ein kan etablere. Plankonsept, omfang, høgder etc. må endrast dersom ikkje opphalds- og leikeareal blir tilstrekkjeleg eller eigna, eller verknadane medfører at naboareal t.d vert liggande i skugge.
Evt. vertikaldelt plan:
Dersom delar av utomhus opphalds- og leikeareal skal ligge på tak, må plandokumenta sikre dette på same måte som på bakkeplan t.d ved vertikaldelt plan.
Arealføremål og byggjegrenser:
Føreset bruk av konkrete arealføremål og byggjegrenser m.m, samt rekkefølgjeføresegn som sikrar opparbeiding i praksis knytt til ferdigattest for første eining.
Krav ved offentleg ettersyn:
Vert fremja motsegn om det ved offentleg ettersyn ikkje er fastsett og dokumentert tilstrekkjeleg og eigna utomhus opphalds- og leikeareal. Det same viss verknadane av forslaget gjer utomhusareala på nabotomt ueigna.
Heimel:
Krav om eigna utomhus og leikeareal er heimla i Pbl. §28-7 , Tek10 §8-1 og 8-4.
Kva er eigna areal?:
Viser til rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unge sine interesser i planlegging – rundskriv T-2/08 og refererer frå kap.1 (generelle utformingskrav) og kap-3 (konkretisering av utformingskrava)
Automatisk freda kulturminne:
Området har potensiale for funn og det må gjerast arkeologisk registrering i samsvar med §9 i KML. Forslagsstillar må dekke utgiftene (jfr. vedlagte budsjett) og leige inn gravemaskin. Kulturavdelinga ber om skrifteleg aksept på vedlagte budsjett som er basert på gjeldande plangrense. Evt. endring av denne medfører behov for justering av budsjett. Omtaler prosessen og krav til maskinutstyr. Rår til snarleg registrering då evt. funn kan påverke planutforminga.

Kommentar:

- *Viser til merknaden frå fylkesmannen og legg denne til grunn. Hyblane vert ikkje tilrettelagt for barne-familiar, så det vert ikkje kravd eigne leikeplassar med utstyr. Derimot er det sett av to store ute-opphaldsareal på til saman over 900m2. Desse skal opparbeidast i tråd med prinsippa for universell utforming med breidde over 10m, gjerde mot trafikkareal, helling maks. 1:3 m.v. Areala stettar såleis alle krav som også er gjeldande for leikeplassar, men vert ikkje kravd opparbeidd med leikeapparat som sandkasse og liknande. Det er derimot opning for at slik utstyr kan førast opp om ønskjeleg.*
- *Ang. sol-/skugge viser ein til vedlegg nr.9 som er basert på full utbygging. Byggjesteg1 består av blokk aust inkl. BUT2, og vil gje svært gode soltilhøve (100% kl.15 ved vårjamndøgn) på BUT2. Ved full utbygging vil vestre blokk kaste noko skugge på BUT2, men då er til gjengjeld BUT1 opparbeidd og tilsvarande solrik. Vi vurderer difor kravet til 50% sol ved vårjamndøgn som innfridd. Seinare på våren/sommaren har begge plassane svært gode solforhold.*
- *Blokkene vert ikkje tilrettelagt for barnefamiliar.*
- *Utfrå planlagt bruk, og studentsamskipnaden sine erfaringar, har uteareala tilstrekkjeleg storleik. I tilknytning til samskipnaden sine eksisterande blokker i aust er det store grøntområde m.a på nordsida som også kan nyttast. Desse områda er tilrettelagt for grilling og meir arealkrevjande aktivitetar som t.d ballspel. Med dette disponerer studentsamskipnaden eit samla sett rikeleg stort og eigna uteopphalds-areal for varierte typar aktivitet.*
- *Det leggast ikkje opp til uteopphaldsareal på tak, og planframlegget er detaljert i samsvar med innspel.*
- *Vedlagte sol-/skuggeanalyse syner at det ved vårjamndøgn fell noko skugge på kringliggjande tomter, men at dette betrar seg raskt utover våren/sommaren. Viser elles til omtale lenger framme om kva grep*

som er gjort for å redusere ulempene m.a for gbnr. 20/314.
- *Dei arkeologiske registreringane gav ingen funn – jfr. vedlagte rapport.*

9.1.4 Innspel 4: Naboar i Nygardsvegen og Bakkevegen (datert 05.02.2017)

Oppsummering av merknad:
Generelt:
Reagerer på storleiken (5.etg/120hyblar/bueiningar) og gjer merksam på tomta si noverande terrenghøgd er kunstig høg (oppfylt ved bygging av eksisterande blokker). Set difor fram ønske om at nye bygg plasserast på opprinneleg nivå slik det var før oppfyllinga.
Fryktar at bygg i 5 etasjar vil ta mykje utsikt både for busetnad langs Nygardsvegen og Bakkevegen. Set difor fram ønske om at nye bygg får same høgd som eksisterande blokker (3.etg + kjellar).
Ein viser til vedlegget der samskipnaden grunngav behovet for utviding m.a med at asylmottaket i Volda bidreg til press mot utleigemarknaden og poengterer at dette mottaket – med 135 plassar – no i mars skal nedleggast. Underforstått at behovet for slik utviding av studentbustadar kanskje ikkje lenger er nødvendig.
Merknaden inneheld også liste med 19 underskrifter.

Kommentar:
- *Angåande høgder viser ein til kommentarar ovanfor.*
- *Behovet er av samskipnaden vurdert som stort.*

9.1.5 Innspel 5: Statens Vegvesen (datert 06.02.2017)

Oppsummering av merknad:
Generelt:
Området ligg i raud og gul støysone og må nærare utgreiast m.o.t trafikkstøy i samsvar med T-1442.
Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal og transportplanlegging må ivaretakast i planlegginga særleg m.o.t utforming og behov for parkeringsplassar.
N100 (vegnormalane) må leggast til grunn i planlegginga.

Kommentar:
- *Det er utarbeidd støyrapport (vedlagt) med tiltak innarbeidd i planframlegget.*
- *I samsvar med retningslinjene er det lagt særleg til rette for bruk av kollektivtransport og sykkel framfor bil. Det er avsett 31 p-plassar for bil pr. 195 hyblar innanfor planområdet. I tillegg er det ca 63 p-plassar tilgjengeleg ved eksisterande blokker. Vidare blir det sett av plass til ein sykkel pr. hybel.*
- *Eit samanhengande gang- og sykkelvegnett samt buss-stopp like ved, legg tilhøva godt til rette for bruk av miljøvennleg transport.*
- *N100 er lagt til grunn.*

9.1.6 Innspel 6: NVE (datert 21.02.2017)

Ingen merknad.

Kommentar:
- *Ingen.*

9.1.7 Innspel 7: Maren Leikanger Løken og Arron Whitehouse (datert 06.02.2017)

Oppsummering av merknad:
Generelt/støy:
Bur i gammalt hus med enkle glas som ikkje stoppar støy frå studentblokkene. Uroleg for konsekvensar for naboar og verditap dersom det ikkje vert teke omsyn. Håper det vert bygt berre ei blokk og då saman med dei andre slik at ein vert skjerma mot støy, tap av lys og luft (viser til nabolova §2).
Støy:
Sjølv med relativt stor avstand er det ofte støy i form av høg musikk og at folk har «nachspiel» på balkongar særleg frå mars/april til sommarferien og ved studiestart i august. Regelverket om ro frå kl.23 kvardagar og kl.01 natt til laurdag og søndag vert ikkje følgt. Det har ikkje vore eit uhaldbart problem tidlegare, men vil bli det med blokker nærmare huset. Evt. balkongar vil skape ei ekstra belastning m.o.t støy, det same gjeld

felles uteområde. Har barn under 3 år.
Sol/skugge:
Fryktar tap av sol-/dagslys/luft og påpeiker at dersom blokka kjem for nær vil bebuarane få fullt innsyn i tre av huset sine soverom og hovudopphaldsromet.
Erstatning:
Fryktar verditap og viser til nabolova §9.Fleire studentblokker i 5 etasjar vil sjølvsagt senke verdien på eigedomen pga tap av lys og luft samt auke i støy. Er ekstra uroleg for dette med støy då det er unge studentar og ikkje familiar som skal bu der. Vil ta kontakt med eigedomsmeklar seinare i prosessen for å få ein ny takst og slik få utrekna kor mykje prosjektet vil senke eigedomsne sin verdi.

Kommentar:

- *For å kome merknaden i møte vedk. støy og innsyn, vert det m.a ikkje tillate med balkongar. Utover dette legg ein til grunn at samskipnaden sitt ordensreglement vert følgd og handheva.*
- *For å kome merknaden yttarlegare i møte vedk. innsyn, skuggeverknad og lys/luft, har vi lagt inn ei byggjegrense mot gbnr. 20/314 i god avstand (6,75m) frå teiggrensa. Dette er ei klar skjerping i høve generelle avstandskrav i plan- og bygningslova, og sikrar ein minsteavstand mellom bygningane på ca 12m. Det er ikkje uvanleg at bustadhus i tre etasjar står med berre 8m avstand i norske bustadfelt.*
- *Sol- og skuggeverknader følgjer av vedlegg nr.9 og viser litt skugge nord på tomta ca kl.09. Den avtar imidlertid raskt, og om ettermiddagen går skuggen motsett veg frå 20/314 og inn i planområdet.*
- *U+2 etasjar og maksimal gesimshøgd c+73,1 gjev bygningshøgde tilsvarande eit moderne bustadhus, og iht. kommunal kartbase kjem topp gesims ca 70cm lavare enn mønet på bustadhuset – jfr. vedlegg nr.16. Med god avstand mellom bygga vurderer vi merknaden som i stor grad imøtekomen.*
- *Erstatningsspørsmål som dette fell utanfor plankonsulenten sitt mandat å vurdere.*

Kort omtale av prosjektet:

Punkt som er understreket behandler motsegnene fra Fylkesmann og Fylkeskommune

Tomten ligger sydvendt med fykesveien mot syd og eksisterende blokkbebyggelse mot øst, boligbebyggelse mot nord og vest. Best utsikt fra sydøst til sydvest.

Med dette som utgangspunkt er bebyggelsen samlet i to blokker med varierende høyder lagt i nord/syd retning. Et lavt mellombygg forbinder de to blokkene med hybelblokkene.
Parkeringen er lagt som en buffer mot fylkesveien.
Ved å konsentrere bebyggelsen på denne måten får vi maksimalt med lys og luft på tomten.
Samtidig er også konseptet med konsentrert bebyggelse en konsekvens av de økonomiske tilskuddsrammene vi har i dag. Når vi foreslår hybler uten veranda er det også en konsekvens av den økonomiske rammen, men også hensynet til lyd i forhold til naboer.
Studentsamskipnader over hele landet bygger i dag på denne måten.

For øvrig vil vi peke på følgende konsekvenser av valgt bygningsstruktur:

For nabobebyggelsen på nordsiden av Nygårdsvegen.

- minst mulig tap av sol og utsikt
- ingen direkte innsyn til hus og hage fra studenthyblene
- maksimal skjerming i forhold til lyd fra hyblene

For nabobebyggelsen mot vest

- sydlige del av vestblokken er planlagt i 3 etasjer og med god avstand, dette for å ta så mye hensyn som det er mulig å få til når en tomt skal bebygges

For studenthyblene.

- hyblene blir liggende med vinduer mot øst og vest, dette gir de beste forholdene med tanke på sol og utsikt for beboerne. Med hyblene samlet i to blokker blir også avstanden til naboblokken maksimal med følgende følelse av lys og luft
- fellesareal med kjøkken og oppholdsareal er lagt på det sydvestre og nordvestre hjørnet av byggene, dette gir best lys og utsikt og gir den beste eksponeringen av fellesarealene mot omgivelsene.

For parkeringen.

- Parkeringen er som nevnt lagt nærmest Vikebygdvegen. Dette gir enkel adkomst og er gunstig med tanke på støy fra fylkesveien i forhold til både hybler og uteområde.

For myke trafikanter.

- Adkomst for gående og syklende blir i hovedsak fra gangveien langs Vikebygdvegen
- Inne på området er det lagt gangveg/fortau på utsiden av parkeringsarealet og fortau langs sydfasaden på den østligste blokken. På denne måten mener vi at skillet mellom myke og harde trafikanter er tilfredsstillende ivaretatt. Det ligger også godt til rette for tilkomst for myke trafikanter fra Nygårdsvegen i nord.

For uteområdet.

- Bygningsstrukturen som det er redegjort for ovenfor gir to grøntområder. Ett mellom blokkene og ett på vestsiden av vestblokken. Begge områdene ligger godt skjermet for støy og har rikelig med lys og luft.
- Adkomsten til uteområdet blir i hovedsak fra inngangspartiene til blokkene. Inngangspartiene ligger sentralt mellom blokkene.
- I reguleringsforslaget er det sørget for areal, lys, luft og støyskjerming, og da er grunnlaget for å få til gode uteoppholdsplasser til stede. Med konstruksjoner og terrengbearbeiding vil vi kunne få til uteoppholdsareal som både tilfredsstiller studentenes behov for intime/rolige soner og soner for mer aktiv bruk, f.eks noen typer ballspill. En viss skjerming mot naboer må også vektlegges.
- I detaljutformingen vil det videre bli tatt hensyn til at det kun planlegges boliger for enkeltpersoner og ikke familier / personer med barn. Vi vil også se på eksisterende uteoppholdsareal øst for denne reguleringen, slik at totaltilbudet for studentene på Heltne blir så godt som mulig.

Husbanken skal ved utarbeiding og godkjenning av forprosjektet gi veiledning, kontrollere og godkjenne kvaliteten på alle sider ved prosjektet.

Arkitekt Oddvar Ekroll AS

Arkitekt Oddvar Ekroll AS
Pb 7677 Spjelkavik - 6022 Ålesund
909 17 048 – oddvar.ekroll@sivilarkitekt.com

FYLKESMANNEN
I MØRE OG ROMSDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon
seniorrådgivar Kari Bjørnøy, 71 25 84 05

Vår dato
02.03.2018
Dykkar dato
16.02.2018

Vår ref.
2017/440/KABJ/421.4
Dykkar ref.

Volda kommune
Stormyra 2
6100 Volda

VOLDA KOMMUNE
Saksnr: 16/1976 Avd: UTV
Løpenr: Shs: Perhel
9. MAR 2018
Arkivdel: Plan ID
Klassering P:
Klassering S:

Volda kommune
Reguleringsplan studentbustader på Langvatn-Heltne - planID 1519 2016010
Trekking av motsegn

I vårt brev av 15.01.2018 fremja vi motsegn mot planframlegget for studentbustader på Langvatn-Heltne grunna i manglar ved føresegner for å sikre tilstrekkeleg gode støyforhold.

Etter ein dialog mellom Fylkesmannen og Volda kommune, ligg det no føre reviderte føresegner, datert 28.02.2018, og vi trekkjer med dette vår motsegn. Reguleringsplanen kan no eigengodkjennast for vår del.

Med helsing

Sveinung Dimmen (e.f.)
samordnar

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	Molde
Statens vegvesen Region midt	Postboks 2525	6404	MOLDE

Fra: Per Heltne[Per.Heltne@volda.kommune.no]
Sendt: 12.03.2018 11:07:34
Til: Postmottak Volda
Tittel: VS: planID 1519 2016010 Reguleringsplan studentbustader på Langvatn-Heltne

til sak 2016/1976

Per Heltne
Fagansvarleg Plan
Utvikling
Direkte 70058717 Mobil 91151347
www.volda.kommune.no

Fra: Bjørnøy, Kari [mailto:fmmrkabj@fylkesmannen.no]
Sendt: 12. mars 2018 10:49
Til: Per Heltne <Per.Heltne@volda.kommune.no>
Emne: SV: planID 1519 2016010 Reguleringsplan studentbustader på Langvatn-Heltne

Hei igjen.
Dette ser OK ut.

Mvh Kari Bjørnøy

Fra: Per Heltne [mailto:Per.Heltne@volda.kommune.no]
Sendt: fredag 9. mars 2018 15.05
Til: Bjørnøy, Kari <fmmrkabj@fylkesmannen.no>
Emne: SV: planID 1519 2016010 Reguleringsplan studentbustader på Langvatn-Heltne

tilbakemelding er mottatt.
då blir dette justert tilbake og vi legg inn fylgjande føresegn:

5.1.3 Gul støysone (H220):

a) *Ved etablering av bustadar med tilhøyrande uteopphaldsareal i gul støysone, jf. støyrapport frå Sweco AS (vedlegg nr.11, datert 05.07.2017), skal det ved fremjing av søknad om byggeløyve, jf PBL kap 20, ligge føre fagleg utgreiing og dokumentasjon som sikrar krav til innvendig støy i bustad, gitt i vegleiar til retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442).*

b) *Alle bueiningar må ha enten soverom eller felles opphaldsrom på stille side.*
Dersom slike rom leggast på støyande side (med støynivå over 55 dB) må det etablerast balansert ventilasjon, og det må dokumenterast nødvendige bygningsmessige utføring for yttervegg (innkludert vindu) som sikrar lydnivå innanfor preaksepterte grenseverdier i teknisk forskrift.

mvh

Per Heltne
Fagansvarleg Plan
Utvikling
Direkte 70058717 Mobil 91151347
www.volda.kommune.no

Fra: Bjørnøy, Kari [mailto:fmmrkabj@fylkesmannen.no]
Sendt: 9. mars 2018 12:24
Til: Per Heltne <Per.Heltne@volda.kommune.no>
Emne: SV: planID 1519 2016010 Reguleringsplan studentbustader på Langvatn-Heltne

Hei igjen

Med fare for å virke pirkete, så kan vi ikkje godta skisserte endring. Kravet er (iflg. Retningslinje T-1442) mellom anna at alle bueiningar innanfor avvikssona skal vere gjennomgåande og ha ei stille side, og at minimum 50 % av antal rom til støyfølsom bruksføremål i kvar bueining skal ha vindu mot stille side, herunder at minimum 1

soverom skal ligge mot stille side. Vi krev difor at føresegna seier at *enten* soverom eller felles opphaldsrom *må* ligge på stille side osv. Slik de har endra føresegna, sikrast ikkje dette lenger, då det berre er slik at enten soverom eller felles opphaldsrom *bør* ligge på stille side. Det vil då kunne skje at både soverom og felles opphaldsrom hamnar på støyutsett side. For øvrig er det bra du heller viser til teknisk forskrift enn til TEK 10 og TEK17.

Mvh Kari Bjørnøy

Fra: Per Heltne [mailto:Per.Heltne@volda.kommune.no]
Sendt: onsdag 7. mars 2018 15.28
Til: Bjørnøy, Kari <fmmrkabj@fylkesmannen.no>
Emne: SV: planID 1519 2016010 Reguleringsplan studentbustader på Langvatn-Heltne

hei
takkar for tilbakemeldinga.
men etter å ha drøfta saka med vår byggesaksavdeling har vi funne det rett å sjå på formuleringa i føresegna på ny.

vårt tidlegare forslag var slik (m.a. ut frå ditt inspel):

5.1.3 Gul støysone (H220):

a) *Ved etablering av bustadar med tilhøyrande uteopphaldsareal i gul støysone, jf. støyrapport frå Sweco AS (vedlegg nr.11, datert 05.07.2017), skal det ved fremjing av søknad om byggeløyve, jf PBL kap 20, ligge føre fagleg utgreiing og dokumentasjon som sikrar krav til innvendig støy i bustad, gitt i vegleiar til retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442).*
b) *Alle bueiningar må ha enten soverom eller felles opphaldsrom på stille side.*
Dersom soverom leggast på støyande side (med støynivå over 55 dB) må det etablerast balansert ventilasjon, og rett dimensjonert fasadeelement som sikrar lydnivå innanfor preaksepterte grenseverdier i TEK10 og TEK17.

pkt b, bør endrast.
De er m.a. ikkje logisk samanheng mellom må (skal) kravet i første setning her og opning for fasademessig sikring i neste setning. Vidare er oppfylgjing av føresegnene frå prosjekterande og kommunen knytt til prosjektering og dokumentasjon ved fremjing av byggesøknad/søknad om rammeløyve og ikkje berre tilknytt utførelse/etterkontroll.
vi foreslår difor fylgjande justering av pkt b)

b) Alle bueiningar bør ha enten soverom eller felles opphaldsrom på stille side.
Dersom slike rom leggast på støyande side (med støynivå over 55 dB) må det etablerast balansert ventilasjon, og det må dokumenterast nødvendige
bygningsmessige utføring for yttervegg (innkludert vindu) som sikrar lydnivå innanfor preaksepterte grenseverdier i teknisk forskrift.»

Per Heltne
Fagansvarleg Plan
Utvikling
Direkte 70058717 Mobil 91151347
www.volda.kommune.no

Fra: Bjørnøy, Kari [mailto:fmmrkabj@fylkesmannen.no]
Sendt: 7. mars 2018 13:20
Til: Per Heltne <Per.Heltne@volda.kommune.no>
Emne: SV: planID 1519 2016010 Reguleringsplan studentbustader på Langvatn-Heltne

Hei, denne saka gikk da ut før helga..? Men her er brevet.

Mvh K. Bjørnøy

Fra: Per Heltne [mailto:Per.Heltne@volda.kommune.no]
Sendt: onsdag 7. mars 2018 13.03
Til: Bjørnøy, Kari <fmmrkabj@fylkesmannen.no>
Emne: VS: planID 1519 2016010 Reguleringsplan studentbustader på Langvatn-Heltne

korleis går det- noko nytt her?

Per Heltne
Fagansvarleg Plan
Utvikling
Direkte 70058717 Mobil 91151347
www.volda.kommune.no

Fra: Per Heltne
Sendt: 2. mars 2018 08:15
Til: 'Bjørnøy, Kari' <fmmrkabj@fylkesmannen.no>
Emne: SV: planID 1519 2016010 Reguleringsplan studentbustader på Langvatn-Heltne

her fylgjer justert føresegn
endringar er vist med raud tekst
måtte skrive litt om ditt avsnitt då det vart kunstig som del av føresegn (passa best som del av omtale).

Per Heltne
Fagansvarleg Plan
Utvikling
Direkte 70058717 Mobil 91151347
www.volda.kommune.no

Fra: Bjørnøy, Kari [mailto:fmmrkabj@fylkesmannen.no]
Sendt: 1. mars 2018 13:30
Til: Per Heltne <Per.Heltne@volda.kommune.no>
Emne: SV: planID 1519 2016010 Reguleringsplan studentbustader på Langvatn-Heltne

Hei, då avventar eg ei nye føresegnene før eg formelt trekkjer motsegna.

Mvh Kari B.

Fra: Per Heltne [mailto:Per.Heltne@volda.kommune.no]
Sendt: torsdag 1. mars 2018 13.28
Til: Bjørnøy, Kari <fmmrkabj@fylkesmannen.no>
Kopi: Jan Magnus Ose <jan@mulvik.no>
Emne: SV: planID 1519 2016010 Reguleringsplan studentbustader på Langvatn-Heltne

takk for det.
Føresegner blir tilpassa og plan fremja for slutthandsaming med slik endring innarbeidd.

Per Heltne
Fagansvarleg Plan
Utvikling
Direkte 70058717 Mobil 91151347
www.volda.kommune.no

Fra: Bjørnøy, Kari [mailto:fmmrkabj@fylkesmannen.no]
Sendt: 1. mars 2018 13:07
Til: Per Heltne <Per.Heltne@volda.kommune.no>
Emne: SV: planID 1519 2016010 Reguleringsplan studentbustader på Langvatn-Heltne

Hei,

I brev av 15.01.2018 fremja fylkesmannen motsegn mot reguleringsplan for studentbustader på Langvatn/Heltne. For deler av fasadene på bustadene er støynivået over 55 dB, som er øvre grense for tillatt støy, jf. T-1442 tabell 3. Ut frå nærleik til høgskule og sentrum, vurderer vi likevel at det kan byggjast studentbustader på staden, men det er då nødvendig at planføresegnene sikrar tilfredsstillande støyforhold for dei som bur der.

Vi viser til vår motsegn, der vi skreiv følgjande: «dersom soverom leggast på støyande side (med støynivå over 55 dB) må det gjennom føresegnene sikrast balansert ventilasjon eller tilsvarande. Alle bueiningar må ha enten soverom eller felles opphaldsrom på stille side, og dette må sikrast gjennom føresegnene.»

Føresegnene må innehalde teksten som vist ovanfor. Vi beklager at formuleringa i vår konklusjon i motsegna var uklår. Når det gjeld innandørs støy, er dette ei sak for byggesakshandsaminga, der vi legg til grunn at gjeldande retningslinjer blir handheva. Vårt krav, som spesifisert ovanfor, er for å kompensere for at støy på fasaden er over tillatt grenseverdi, og er eigentleg eit unntak frå hovedregelen om at støy på fasade ikkje skal overskride 55 dB.

I e-post frå kommunen av 16.02.2018 gjerast det greie for at bustadane ikkje er ferdig detaljprosjektert, men at føresegnene er endra for å imøtekomme fylkesmannen si motsegn. Vi ser det ikkje som noko problem at bustadene ikkje er ferdig detaljprosjekterte med høve til utforming av føresegnene. Føresegnene vil då legge føringar for prosjekteringa slik at ein sikrar tilstrekkelege gode støytilhøve.

Vi vil trekkje motsegna vår under føresetnad av at føresegnene tar opp i seg krava som nemnt ovanfor.

Mvh Kari B.

Fra: Per Heltne [mailto:Per.Heltne@volda.kommune.no]
Sendt: mandag 26. februar 2018 15.40
Til: Bjørnøy, Kari <fmmrkabj@fylkesmannen.no>
Kopi: Eikeland, Jon Ivar <fmmrjoei@fylkesmannen.no>
Emne: VS: planID 1519 2016010 Reguleringsplan studentbustader på Langvatn-Heltne

hei
når kan vi vente ei avklaring/tilbakemelding i denne saka?
Det er berre dette spørsmålet knytt til bestemmelse om sikring mot innandørs støy som står att.

mvh

Per Heltne
Fagansvarleg Plan
Utvikling
Direkte 70058717 Mobil 91151347
www.volda.kommune.no

Fra: Per Heltne
Sendt: 16. februar 2018 12:34
Til: 'kari.bjornoy@fylkesmannen.no' <kari.bjornoy@fylkesmannen.no>
Kopi: 'jon.ivar.eikeland@fylkesmannen.no' <jon.ivar.eikeland@fylkesmannen.no>
Emne: planID 1519 2016010 Reguleringsplan studentbustader på Langvatn-Heltne

Eg viser til brev av 15.01.2018 -merknad til reguleringsplan ved offentleg ettersyn -varsel om motsegn.

Her heiter det m.a:

"Generelt
Det leggast opp til studentbustader utan tilgang til veranda, i blokker med opptil 3 etasjar. Kommunen bør

vurdere om det er ønskjeleg å etablere bustader som har såpass
dårlege butilhøve. Sjølv om det ikkje er snakk om permanente bustader, kan det for mange vere aktuelt å bu fleire år i ein slik bustad."

og "Støy
Etter føresegnene skal avbøtande tiltak mot støy innandørs og på uteareal leggast til grunn iht. støyrapport frå Sweco AS. Etter støyrapporten vil «beskrevne tiltak i kapittel
4.1 og med tilgang til stille side mot vest regnes intensjonen i T-1442 om tilfredsstillande lydforhold som oppfylt». Ein støyrapport er ei fagleg tilråding. Planføresegnene må
konkretisere valgte støytiltak. Det må difor spesifiserast i føresegnene (og eventuelt på plankartet) korleis støytilhøva skal sikrast. Vi har motsegn mot planen inntil føresegnene
er retta opp på dette punktet."

Inntil det går konkret fram frå føresegnene korleis ein skal sikre tilfredsstillande støyforhold innandørs, har vi motsegn til planen. Vi viser også til merknadene som er knytt til butilhøve
og leikeplass."

Planlagt utbygging på området er ikkje detaljprosjektert.
Til orientering fylgjer kopi av utgreiing frå arkitekt, der ein grunngjev nærare korleis ein i plan har lagt opp til byggplassering og utforming/orientering av bygningsmasse og uteområde.
Eg vonar dette kan gje betre grunnlag for dykkar vurdering av plan vedkomande bygg/uteområde. Eg viser elles til at vi i dialog med M.R.Fylkeskommunen har kome fram til at motsegn knytt til uteopphaldsareal no er trekt.

Så langt vi kan sjå er det då berre varsla motsegn knytt til støyutsette fasader i del av planlagt byggeareal, Jf. vist gul sone i støyrapport., som må nærare avklarast.
I tilknyting til dette vil vi foreslå å endre føresegnen pkt 5.1.3:

frå
5.1.3 Gul støysone (H220):
a) Ved etablering av bustadar med tilhøyrande uteopphaldsareal i gul støysone, skal krav og tiltak som framgår av vedlagte støyrapport frå Sweco AS (vedlegg nr.11, datert 05.07.2017) leggast til grunn.

til :
5.1.3 Gul støysone
a) Ved etablering av bustadar med tilhøyrande uteopphaldsareal i gul støysone, jf. støyrapport frå Sweco AS (vedlegg nr.11, datert 05.07.2017), skal det ved fremjing av søknad om byggeløyve, jf PBL kap 20, ligge føre fagleg utgreiing og dokumentasjon som sikrar krav til innvendig støy i bustad, i samsvar med gjeldande retningsliner gitt i vegleiar til retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442).

Vi ber om ei snarleg attendemelding om dette kan gje grunnlag for trekking av dykkar motsegn

mvh

Per Heltne
Fagansvarleg Plan
Utvikling
Direkte 70058717 Mobil 91151347
www.volda.kommune.no

FYLKESMANNEN
I MØRE OG ROMSDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon
seniorrådgivar Kari Bjørnøy, 71 25 84 05

Vår dato
15.01.2018
Dykkar dato
21.11.2017

Vår ref.
2017/440/KABJ/421.4
Dykkar ref.

Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA



Volda kommune
Detaljregulering - reguleringsplan gnr20 bnr334 m.fl på Langvatn / Heltne
Offentleg ettersyn - motsegn

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Generelt
Det leggast opp til studentbustader utan tilgang til veranda, i blokker med opptil 3 etasjar. Kommunen bør vurdere om det er ønskjeleg å etablere bustader som har såpass dårlege butilhøve. Sjølv om det ikkje er snakk om permanente bustader, kan det for mange vere aktuelt å bu fleire år i ein slik bustad.

Støy
Etter føresegnene skal avbøtande tiltak mot støy innandørs og på uteareal leggast til grunn iht. støyrapport frå Sweco AS. Etter støyrapporten vil «beskrevne tiltak i kapittel 4.1 og med tilgang til stille side mot vest regnes intensjonen i T-1442 om tilfredsstillande lydforhold som oppfylt». Ein støyrapport er ei fagleg tilråding. Planføresegnene må konkretisere valgte støytiltak. Det må difor spesifiserast i føresegnene (og eventuelt på plankartet) korleis støytilhøva skal sikrast. Vi har motsegn mot planen inntil føresegnene er retta opp på dette punktet.

Vidare står det i støyrapporten under fasader at det er berekna noko høgt støynivå på utsette fasadar og at mest utsette studentbustad har støynivå på 61 dB. Vår kommentar til dette er at dersom soverom leggast på støyande side (med støynivå over 55 dB) må det gjennom føresegnene sikrast balansert ventilasjon eller tilsvarande. Alle bueiningar må ha enten soverom eller felles opphaldsrom på stille side, og dette må sikrast gjennom føresegnene.

Barn og unge
Ut frå planføresegnene er det ikkje stilt funksjons- og rekkjefølgjekrav til uteopphaldsareala som sikrar høve til leik. Vi legg til grunn at studenthyblane dreiar seg om bukollektiv med felles opphaldsrom og kjøkken, der det er uaktuelt å bu for familie med barn. Dersom planen ikkje legg slike begrensningar på bygningsmassen, krev vi at reguleringsplassen sikrar funksjons- og rekkjefølgjekrav til leikeplassen.

Konklusjon
Inntil det går konkret fram frå føresegnene korleis ein skal sikre tilfredsstillande støyforhold innandørs, har vi motsegn til planen. Vi viser også til merknadene som er knytt til butilhøve og leikeplass.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef - plansamordning

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi:

Statens vegvesen Region midt	Postboks 2525	6404	MOLDE
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	Molde

Møre og Romsdal
fylkeskommune

Volda kommune
Stormyra 2
6100 Volda

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2016/1976	28.11.2017	142485/2017/REGULERINGSPLAN/1519	Anders Smith-Øvland, 71 28 02 41	12.01.2018

-

Volda kommune - detaljregulering - reguleringsplan for studentbustader gbnr 20/334 på Heltne - fråsegn ved offentleg ettersyn – motsegn

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Planfaglege merknader
Vi har gått gjennom planmaterialet og ser at det manglar dokumentasjon for kvaliteten på utomhusareala. Plasseringa og utforminga av bygga innanfor planområdet er svært lik tilsvarande byggstruktur møt aust. Denne forma for byggstruktur, plassering, avstandar og proporsjoner evner ikkje å lage intime og egna uteoppholdsareal. Vi er og kritisk til løysninga av parkering og fortau, blandinga av mjuke og harde trafikkantar.

Vi vurderer planforslaget å ikkje i tilstrekkeleg grad sikre egna uteoppholdsareal, sjølv om dette er avsett i plan.

Vi viser til at plan og bygningslova § 28-7 (den ubygde delen av tomta/fellesareal) og Teknisk forskrift (TEK10) § 8-1 (uteareal) og 8-4 (uteoppholdsareal), og Rikspolitiske retningsliner for å styrke barn og unges interesser i planlegging/rundskriv T-2/08, krev at uteoppholds areal skal vere egna.

Vi rår til at ein arbeider vidare med alternative plan og byggkonsept, med mål om å sikre tilstrekkeleg og egna uteoppholdsareal. Vi rår og til at ein finn ei betre løysning i forhold til mjuke og harde trafikkantar.

KONKLUSJON
Vi har motsegn til planforslaget inntil dette sikrar egna uteoppholdsareal og betre løysning for mjuke trafikantar.

Motsegna er heimla i plan og bygningslova § 28-7 (den ubygde delen av tomta/ fellesareal) og Teknisk forskrift (TEK10) § 8-1 (uteareal) og 8-4 (uteoppholdsareal), og Rikspolitiske retningsliner for å styrke barn og unges interesser i planlegging/rundskriv T-2/08.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Anders Smith-Øvland
overarkitekt

Brevet er elektronisk godkjent og vil ikke bli sendt i papir

Kopi:
Statens vegvesen, Region midt
Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Fra: Per Heltne[Per.Heltne@volda.kommune.no]
Sendt: 01.03.2018 09:33:45
Til: Postmottak Volda
Tittel: VS: planID 1519 2016010 Reguleringsplan studentbustader på Langvatn-Heltne

---

registrer på sak 2016/1976

Per Heltne
Fagansvarleg Plan
Utvikling
Direkte 70058717 Mobil 91151347
www.volda.kommune.no

Fra: Per Heltne
Sendt: 26. februar 2018 15:40
Til: 'kari.bjornoy@fylkesmannen.no' <kari.bjornoy@fylkesmannen.no>
Kopi: 'jon.ivar.eikeland@fylkesmannen.no' <jon.ivar.eikeland@fylkesmannen.no>
Emne: VS: planID 1519 2016010 Reguleringsplan studentbustader på Langvatn-Heltne

hei
når kan vi vente ei avklaring/tilbakemelding i denne saka?
Det er berre dette spørsmålet knytt til bestemmelse om sikring mot innandørs støy som står att.

mvh

Per Heltne
Fagansvarleg Plan
Utvikling
Direkte 70058717 Mobil 91151347
www.volda.kommune.no

Fra: Per Heltne
Sendt: 16. februar 2018 12:34
Til: 'kari.bjornoy@fylkesmannen.no' <kari.bjornoy@fylkesmannen.no>
Kopi: 'jon.ivar.eikeland@fylkesmannen.no' <jon.ivar.eikeland@fylkesmannen.no>
Emne: planID 1519 2016010 Reguleringsplan studentbustader på Langvatn-Heltne

Eg viser til brev av 15.01.2018 -merknad til reguleringsplan ved offentleg ettersyn -varsel om motsegn.

Her heiter det m.a:

"Generelt
Det leggast opp til studentbustader utan tilgang til veranda, i blokker med opptil 3 etasjar. Kommunen bør vurdere om det er ønskjeleg å etablere bustader som har såpass
dårlege butilhøve. Sjølv om det ikkje er snakk om permanente bustader, kan det for mange vere aktuelt å bu fleire år i ein slik bustad."

og *"Støy*
Etter føresegnene skal avbøtande tiltak mot støy innandørs og på uteareal leggast til grunn iht. støyrapport frå Sweco AS. Etter støyrapporten vil «beskrevne tiltak i kapittel
4.1 og med tilgang til stille side mot vest regnes intensjonen i T-1442 om tilfredsstillande lydforhold som oppfylt». Ein støyrapport er ei fagleg tilråding. Planføresegnene må
konkretisere valgte støytiltak. Det må difor spesifiserast i føresegnene (og eventuelt på plankartet) korleis støytilhøva skal sikrast. Vi har motsegn mot planen inntil føresegnene
er retta opp på dette punktet."

Inntil det går konkret fram frå føresegnene korleis ein skal sikre tilfredsstillande støyforhold innandørs, har vi motsegn til planen. Vi viser også til merknadene som er knytt til butilhøve
og leikeplass."

Planlagt utbygging på området er ikkje detaljprosjektert.
Til orientering fylgjer kopi av utgreiing frå arkitekt, der ein grunngjev nærare korleis ein i plan har lagt opp til byggplassering og utforming/orientering av bygningsmasse og uteområde.
Eg vonar dette kan gje betre grunnlag for dykkar vurdering av plan vedkomande bygg/uteområde. Eg viser elles til at vi i dialog med M.R.Fylkeskommunen har kome fram til at motsegn knytt til uteopphaldsareal no er trekt.

Så langt vi kan sjå er det då berre varsla motsegn knytt til støyutsette fasader i del av planlagt byggeareal, Jf. vist gul sone i støyrapport., som må nærare avklarast.
I tilknyting til dette vil vi foreslå å endre føresegnen pkt 5.1.3:

frå

5.1.3 Gul støysone (H220):

a) Ved etablering av bustadar med tilhøyrande uteopphaldsareal i gul støysone, skal krav og tiltak som framgår av vedlagte støyrapport frå Sweco AS (vedlegg nr.11, datert 05.07.2017) leggast til grunn.

til :

5.1.3 Gul støysone

a) Ved etablering av bustadar med tilhøyrande uteopphaldsareal i gul støysone, jf. støyrapport frå Sweco AS (vedlegg nr.11, datert 05.07.2017), skal det ved fremjing av søknad om byggeløyve, jf PBL kap 20, ligge føre fagleg utgreiing og dokumentasjon som sikrar krav til innvendig støy i bustad, i samsvar med gjeldande retningsliner gitt i vegleiar til retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442).

Vi ber om ei snarleg attendemelding om dette kan gje grunnlag for trekking av dykkar motsegn

mvh

Per Heltne
Fagansvarleg Plan
Utvikling
Direkte 70058717 Mobil 91151347
www.volda.kommune.no

Møre og Romsdal fylkeskommune

Volda kommune
Stormyra 2
6100 Volda

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	26.01.2018	8398/2018/REGULERINGSPLAN/1519	Anders Smith-Øvland, 71 28 02 41	15.02.2018

Volda kommune - detaljregulering - reguleringsplan for studentbustader gbnr 20/334 på Heltne - Per Mulvik AS - avgrensa ettersyn

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Planfaglege vurdering

Innleiing

Vi fremja ved offentleg ettersyn motsegn til planforslaget på grunnlag av at vi vurderte uteareala å vere lite egna for uteopphald. Vi var og kritiske til trafikkløysninga for dei mjuke trafikantane, kor ganglinja var føreslått rundt parkeringsplassen.



Illustrasjon av studentbustader sett mot nordaust (til venstre). Illustrasjonsplan (til høgre).

Byggprosjektet som ligg til grunn for planforslaget er enkelt forklart av arkitekten i eit notat, og synleggjer dei arkitektoniske grepa. Plasseringa av bygga i nord sørleg retning er vald av omsyn til bakanforliggande naboar, samstundes er organiseringa innanfor planområdet til dels gitt av korleis ein skal kunne handtere støy frå fylkesvegen m.m.

Uteoppholdsareal

Vi har i etterkant av offentleg ettersyn motteke ei sol og skuggeanalyse som viser at det vil vere tilstrekkeleg med sol på det vestlege ute arealet 20 mars, mens arealet som ligg mellom bygga vil ha lite sol, mindre enn 50 %.



Utdrag av sol og skuggeanalyse. *Analysa viser at uteoppholdsareal mellom bygga vil ha mindre enn 50 % sol delar av året, mens arealet mot vest vil ha tilstrekkeleg med sol (areal med sol merka med raudt).*

Vi vurderer ut i frå analysa at vestlege bygget har ei mindre gunstig lokalisering og utforming til at utearealet aust for dette skal kunne ha tilstrekkeleg sol.

Vi ser her at prosjekteringa av bygg gir føringar som kan medføre mindre egna uteoppholdsareal enn nødvendig, særskilt arealet mellom bygga. Vi tolkar det slik at ein her har prioritert organiseringa innanfor planområdet ut i frå andre moment enn kvalitet på uteoppholdsareal. Vi har ikkje kontrollert m2 pr. uteoppholdsareal bueining, men går ut i frå at dette er i samsvar med kommunale normer. Føresett at det er tilstrekkeleg uteoppholdsareal innanfor planområdet synes potensialet for egna uteoppholdsareal å vere tilstade.

Ved gjennomgangen av planforslaget vurderer vi det slik at det føreligge manglar i forhold til uteoppholdsareal, men vi vurderer manglane i denne samanhengen å vere meir ei kommunal utfordring enn eit regionalt ansvar.

<u>Ganglinje for mjuke trafikkantar</u>
Vi påpeika ved offentleg ettersyn også løysninga for mjuke trafikkantar. Planforslaget viser her eit tradisjonell løysning, kor bilen blir prioritert, mens dei mjuke trafikantane må gå rundt parkeringsplassane. Vi ser her at prioritering av dei mjuke trafikantane kan gis meir direkte linjeføring og føreslår kommunen å vurdere alternative løysningar.

Utsnitt av illustrasjonsplan. *Føreslått ganglinje frå gangveg til inngangsparti (til venstre). Mogleg meir direkte ganglinje mellom gangveg og inngangsparti (til høgre).*

KONKLUSJON
Ved gjennomgang av planforslaget synes det å føreligge manglar i forhold til egna uteoppholdsareal og ganglinje for mjuke trafikkantar. Vi i vurderer i denne samanhengen desse manglane å vere meir ei kommunal utfordring, enn eit regionalt ansvar.

Vi trekk derfor våre motsegn til planforslaget.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Anders Smith-Øvland
overarkitekt

Brevet er elektronisk godkjent og vil ikke bli sendt i papir

Kopi:
Statens vegvesen, Region midt
Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmeisteren for Svalbard

Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA

Dato: 30.11.2017
Vår ref: 17/03473-2
Deres ref: 2016/1976

Svar til offentleg ettersyn av detaljreguleringsplan for studentbustader på Langvatn/Heltne i Volda kommune.

Leiv Erikssons vei 39
Postboks 3021 Lade
N-7441 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00
E-POST mail@dirmin.no
WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883
SWIFT DNBANOKK
IBAN NO5376940505883
ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR
TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 21. november 2017.

DMF er statens sentrale fagmyndigheit ved forvaltning og utnytting av mineralske ressursar, og har eit særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i plansakar.

Om planen
Området er i kommunedelplanen for Volda-Furene avsett til bustader med krav om detaljreguleringsplan. Føremålet med planarbeidet er å betre bustadsituasjonen for studentar ved å leggje til rette for to nye bustadblokker med inntil 195 hyblar.

Uttale til saka
DMF kan ikkje sjå at planen rører registrerte førekomstar av mineralske ressursar av regional, nasjonal eller internasjonal verdi, bergrettar eller masseuttak i drift, og vi har dermed ingen merknader til offentleg ettersyn av detaljreguleringsplan for studentbustader på Langvatn/Heltne i Volda kommune.

Med helsing

Karoline Egholm Ulvund
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.
Sakshandsamar: Karoline Ulvund

Mottakarar:

Volda kommune	Stormyra 2	6100 VOLDA

Kopi til:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Postboks 2520	6404 MOLDE

Fra: Sande Ole-Jakob[ojs@nve.no]
Sendt: 19.12.2017 12:40:09
Til: Postmottak Volda
Tittel: Ingen merknader - Offentlig ettersyn - Detaljplan - Studentboliger på Langvatn / Heltne - GBnr 20/334 - Volda kommune

---

Viser til brev datert 21.11.2017 med oversending av plandokument.
NVE har ingen merknader til planframlegget.

Med helsing

Ole-Jakob Sande
Senioringeniør
Avdeling: Skred- og vassdragsavdelinga
Seksjon: Region vest
Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)
Telefon: 22 95 95 45/90 88 78 30
E-post: ojs@nve.no
Web: www.nve.no

Statens vegvesen

Møre og Romsdal fylkeskommune

Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA

Per Heltne

Behandlande eining:	Sakshandsamar/telefon:	Vår referanse:	Dykkar referanse:	Vår dato:
Region midt	Per Norvald Walderhaug / 90288380	17/6928-6		20.12.2017

Fv. 45 - Detaljreguleringsplan for studentbustader på Langvatn / Heltne - gnr. 20 bnr. 334 m.fl. i Volda kommune - Offentleg ettersyn - Uttale

Vi viser til oversending datert 21.11.2017 med dokument for offentleg ettersyn av detaljreguleringsplan for studentbustader på Langvatn/Heltne.

Statens vegvesen har ansvar for å sjå etter at føringane i Nasjonal transportplan (NTP), statelege planretningslinjer for samordna bustad-, areal og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Vi uttalar oss som forvaltar av riksveg på vegne av staten, forvaltar av fylkesveg på vegne av fylkeskommunen og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar på transportområdet.

Statens vegvesen sine merknader i uttale datert 06.02.2017 til varsling om oppstart av reguleringsarbeidet er teke omsyn til i planforslaget med tilhøyrande reguleringsføresegner. Statens vegvesen har ut frå sitt ansvarsområde ingen merknad til offentleg ettersyn av detaljreguleringsplan for studentbustader på Langvatn/Heltne.

Plan- og trafikkseksjonen
Med helsing

Lisbeth Smørholm
seksjonssjef

Per Norvald Walderhaug

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Møre og Romsdal fylkeskommune har ansvaret for fylkesvegene, avgjør hvilke prosjekter som skal gjennomføres hvert år og gir politiske føringer for utvikling av fylkesvegene. Det er Statens vegvesen som normalt planlegger, bygger, drifter og vedlikeholder fylkesvegene på vegne av fylkeskommunen.

Postadresse	Telefon: 22 07 30 00	Kontoradresse	Fakturaadresse
Statens vegvesen		Vestre Olsvikveg 13	Statens vegvesen
Region midt	firmapost-midt@vegvesen.no	6019 ÅLESUND	Regnskap
Postboks 2525			Postboks 702
6404 MOLDE	Org.nr: 971032081		9815 Vadsø

Kopi
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Postboks 2520, 6404 MOLDE
Møre og Romsdal fylkeskommune, Postboks 2500, 6404 MOLDE

VOLDA KOMMUNE
Opplæring og oppvekst

NOTAT

Interne mottakarar:
Utvikling Per Heltne

Sak: PlanID 2016010 - Plan for Studentbustader på Langvatn/Heltne

Arkivsak nr.	*Løpenr.*	*Arkivkode*	*Avd/Sakshandsamar*	*Dato*
2016/1976	*654/2018*	*2016010*	*OPP/NINEID*	*11.01.2018*

PLANID 2016010 PLAN FOR STUDENTBUSTADAR PÅ LANGVATN/HELTNE

Viser til høyring og offentleg ettersyn av framlegg til detaljregulering for studentbustadar på Langvatn/Heltne.

Koordinator for ivaretaking av barn og unge sine interesser i plansaker, skal synleggjere og styrke barn og unge sine interesser i all planlegging og byggesakshandsaming etter plan- og bygningslova. Koordinator skal som følgje av det ha høve til å setje seg inn i og rett til å uttale seg i dei delane av denne planlegginga og sakshandsaminga som er lagt til det faste planutvalet. Føremålet er å få omsynet til barn og unge tidleg inn i planlegginga.

I pkt. 5.10 i framlegg til detaljregulering, står det om barn sine interesser:
Området har etter vår kunnskap ingen verdi som rekreasjonsområde/leikeplass for barn.

Slik framlegget ligg, så er det lagt opp til to nye bustadblokker med inntil 195 hyblar totalt. Det er avsett felles uteopphaldsareal, der det vil *vere høve til oppføring av benkar, grill, leikeapparat og anna som naturleg høyrer til.* Studenthyblane er ikkje tilrettelagt for barnefamiliar, noko som er bakgrunnen for at uteområda ikkje vert utstyrt som leikeplass.

I Teknisk foreskrift (TEK 10) står det i § 8-4 (1) om uteoppholdsareal:
Uteoppholdsareal skal etter sin funksjon være egnet for rekreasjon, lek og aktiviteter for ulike aldersgrupper.

Gode uteopphaldsareal er med på å gjere området attraktivt for uformelle møter. Uteområde er viktig for alle aldersgrupper, frå det å kunne vere ute, møte andre eller vere i fysisk aktivitet i nærområdet. Oppfordrar difor til å legge til rette for at studentane kan møtast ute, både med sitjeplassar og til aktivitet som td. slakk line, balleik, grilling eller liknande. Eit forslag er at ein let studentane ha muligheit til å medverke til utforming av dette arealet.

I samband med søknad om oppføring av bustadar skal det utarbeidast illustrasjonsplan for utforming av uteområdet. Uteopphaldsarealet skal vere opparbeida i samsvar med illustrasjonsplan godkjent av kommunen før ein kan gi bruksløyve.

Det er positivt at det er satt av 1 plass for sykkel under tak per hybel, samt mulegheit til lading av el-sykkel og -rullestol.

Med helsing

Nina Hovden Eidheim
koordinator for ivaretaking av barn og unge sine interesser i plansaker

HØGSKULEN I VOLDA
Leiinga

Høgskulen i Volda

Postboks 500
6101 Volda
Telefon: 70 07 50 00

Besøksadresse:
Joplassvegen 11
6103 Volda

postmottak@hivolda.no
www.hivolda.no

Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA

Dykkar referanse	Vår referanse	Vår sakshandsamar	Vår dato
2016/1976	17/01190-2	Karen Fredrikke Lomeland Jacobsen, karen.jacobsen@hivolda.no	11.01.2018

Uttale til detaljreguleringsplan for studentbustader på Langvatn/Heltne i Volda kommune. offentleg ettersyn- plan og bygningslova §12-10

Viser til varsel om offentleg ettersyn av detaljreguleringsplan for studentbustader på Langvatn/Heltne i Volda kommune med frist for merknader 12. januar 2018.

For Høgskulen i Volda er det viktig å kunne tilby studentane gode og rimelege studenthyblar. Gode levekår bidreg til at Volda blir opplevd som ein attraktiv studiestad, som igjen bidreg til eit godt omdømme og rekruttering til høgskulen. Det kjem fram i høringsdokumenta at behovet for hyblar er stort og at det er vanskeleg å få til økonomisk forsvarleg utbygging utan eit visst volum/tal hyblar. Med bakgrunn i dette håper Høgskulen i Volda at framlegget til detaljreguleringsplan vert godkjent i det føreslåtte omfang.

Med helsing
Karen Fredrikke Lomeland Jacobsen
Direktør

Dokumentet er elektronisk signert.

Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i saker etter plan- og bygningslova

Utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Revidert 15.12.2016

Plan- og bygningslova § 28-1 fastset krav om sikker byggegrunn, og § 4-3 fastset krav om risiko- og sårbarheitsanalysar i arealplanlegginga.

Føremålet er å gje grunnlag for å førebygge risiko for skade og tap av liv, helse, miljø, viktig infrastruktur, materielle verdiar mv. Risiko og sårbarheit kan ligge i arealet slik det er frå naturen si side (flaum- og skredfare, radonstråling mv.). Risiko og sårbarheit kan òg oppstå som ei følgje av arealbruken – i og utanfor det aktuelle planområdet.

Planstyresmakta pliktar å sjå til at risiko- og sårbarheitsanalyse vert gjennomført.

Klimaendringane er forventa å påverke framtidig risiko og sårbarheit, og ROS-analysen må difor vurdere konsekvensar av klimaendringane. Fylkesmannen har lagt ved nokre sjekkpunktar på siste side i dette dokumentet som kan vere til hjelp når klimatilpassing skal vurderast.

Bruk av sjekklista

Denne sjekklista er utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Sjekklista kan tene som utgangspunkt for, og oppsummering av, risiko og sårbarheit i arealplansaker. *Sjekklista er ikkje i seg sjølv ein ROS-analyse.* For å kvittere ut spørsmåla i sjekklista, må det gjerast sjølvstendige vurderingar. Dersom ein er usikker på om det føreligg risiko, skal det hentast inn fagkyndig vurdering. Alle står fritt til å tilpasse sjekklista til eige behov.

Som utgangspunkt meiner Fylkesmannen i Møre og Romsdal at sjekklista gjev størst nytte i mindre arealplansaker (detaljregulering, reguleringsendring, mindre områderegulering). I slike saker der risiko eller sårbarheit *ikkje* vert avdekt, kan utfylt sjekkliste og kommentarar gå inn i saka som dokumentasjon av risiko og sårbarheit. Dersom risiko eller sårbarheit *vert* avdekt, må dette visast i sjekklista, saman med utfyllande vurdering av avdekte forhold. Sjekklista kan under same føresetnad brukast i byggesaker og dispensasjonssaker, jf. krava i pbl. § 28-1.

Sjekklista er mindre eigna til å dokumentere samansett risiko og sårbarheit i større arealplanar (områderegulering, kommuneplanens arealdel og kommunedelplanar).

Fylkesmannen har samla dokument og lenkjer til bruk i arealplanlegginga her:
http://www.fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/Samfunnstryggleik-og-beredskap/Arealplanlegging/

GisLink gjev tilgang til kart- og faginformasjon til bruk i arealplanlegginga:
http://www.gislink.no

Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i saker etter plan- og bygningslova

Namn på tiltak/plan:……

		Er det knytt risiko til følgjande element? *Dersom JA - kommenter i tabellen eller i eige avsnitt/vedlegg.* *Grunngje NEI etter behov.*	**Ja**	**Nei**	**Kommentar**
Naturgitte forhold	a	Er området utsett for snø-, flaum-, jord- og/eller steinskred?		X	
	B	Er området utsett for større fjellskred?		X	
	c	Er det fare for flodbølgjer som følgje av fjellskred i vatn/sjø?		X	
	d	Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?		X	
	e	Er området utsett for flaum eller flaumskred, også når ein tek omsyn til auka nedbør som følgje moglege av klimaendringar?		X	
	f	Er det kjente problem med overflatevatn, avløpssystem, lukka bekker, overfløyming i kjellar osb?		X	
	g	Kan det vere fare for skogbrann/lyngbrann i området?		X	
	H	Er området sårbart for ekstremvêr/stormflo medrekna ei ev. havnivåstigning som følgje av endra klima?		X	
	I	Treng det takast særskilte omsyn til radon?		X	
	j	Anna (Spesifiser)?			

		Er det knytt risiko til følgjande element?	**Ja**	**Nei**	**Kommentar**
Omgjevnad	a	Er det regulerte vassmagasin med spesiell fare for usikker is i nærleiken?		X	
	b	Er det terrengformasjonar som utgjer spesiell fare (stup etc.)?		X	
	c	Vil tiltaket (utbygging/drenering) kunne føre til overfløyming i lågare-liggande område?		X	
	d	Anna (spesifiser)?			

		Er det knytt risiko til følgjande element?	**Ja**	**Nei**	**Kommentar**
Vass-forsyning	a	Er det problem knytt til vassforsyning og avløp i området?		X	
	b	Ligg tiltaket i eller nær nedslagsfeltet for drikkevatn, og kan dette utgjere ein risiko for vassforsyninga?		X	
	c	Anna (spesifiser)?			

Sjekkliste utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Revidert 15.12.2016

		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Kraft-forsyning	a	Er området påverka av magnetfelt over 0,4µT frå høgspentliner?		X	
	b	Er det spesiell klatrefare i høgspentmaster?		X	
	c	Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningstryggleiken i området?		X	
	d	Anna (spesifiser)?			

		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Samferdsel	a	Er det kjente ulukkespunkt på transportnettet i området?		X	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar som kan inntreffe på nærliggande transportårer inkl. sjø- og luftfart utgjere ein risiko for området?		X	
	c	Er det transport av farleg gods til/gjennom området?		X	
	d	Kan området bli isolert som følge av blokkert infrastruktur, eks som følge av naturhendelser?		X	
	e	Anna (spesifiser)?			

		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Miljø/ Landbruk	a	Vil plana/tiltaket bli ramma av, eller forårsake forureining i form av lyd, lukt eller støv?		X	
	b	Vil plana/tiltaket bli ramma av, eller forårsake fare for akutt eller permanent forureining i området?		X	
	c	Vil tiltaket ta areal frå dyrka eller dyrkbar mark?	X		Formålet er i samsvar med overordna plan.
	d	Anna (spesifiser)?			

		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Er området påverka/ forureina frå tidlegare bruk	a	Gruver: opne sjakter, steintippar etc.?		X	
	b	Militære anlegg: fjellanlegg, piggtrådsperringar etc.?		X	
	c	Industriverksemd eller aktivitetar som t.d. avfallsdeponering, bålbrenning, skipsverft, gartneri etc.?		X	
	d	Anna (spesifiser)?			

		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Brann/-ulukkes-beredskap	a	Har området mangelfull sløkkjevassforsyning (mengde og trykk)?		X	
	b	Har området dårlige tilkomstruter for utrykkingskjøretøy?		X	
	c	Anna (spesifiser)?			

		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Sårbare objekt	a	Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området: - elektrisitet, - teletenester? - vassforsyning? - renovasjon/avløp?		X	
	b	Er det spesielle brannobjekt i området?		X	
	c	Er det omsorgs- eller oppvekstinstitusjonar i området?		X	
	d	Anna (spesifiser)?			

		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Verksemds risiko	a	Omfattar tiltaket spesielt farlege anlegg?		X	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar i nærliggande verksemder (industriføretak etc.), utgjere ein risiko?		X	
	c	Er det storulukkesbedrifter i nærleiken som kan representere ein fare?		X	
	d	Anna (spesifiser)?			

		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Ulovleg verksemd	a	Er tiltaket i seg sjølv eit sabotasje-/terrormål?		X	
	b	Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken?		X	
	c	Anna (spesifiser)?			

Sjekklista er gjennomgått den 1/9 - 2017 av sign:

Sjekkliste utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Revidert 15.12.2016

Sjekkliste klimatilpassing

1. Flaumfare

a) Større vassdrag (vassdrag over 100 km2):

- Er det teke høgde for klimaframskrivingar i flaumsonekartlegginga?
- Kan auka totalnedbør, oftare intens nedbør og større nedbørsmengder på dagar med intens nedbør, endre på resultatet av kartlegginga?
- Kan auka havnivå føre til auka flaumfare for planområdet (fare for kombinasjon av stormflo og flaum)?
- Har det vore tilfelle av isgang (som kan forverre flaumproblema)?

b) Bekkar og mindre elvar med bratt fall:

- Har det vore flaum ved tidlegare hendingar med intens nedbør?
- Kan auka totalnedbør, oftare intens nedbør og større nedbørsmengder på dagar med intens nedbør, endre forholda?
- Er det planlagd utbygging 20 meter eller nærare ein vassdrag/bekk?
- Er bekkar lagt i røyr, og er det i tilfelle kapasitet til å ta unna auka nedbørsmengder?
- Har det vore endringar i arealbruken omkring elvar og bekkar som gjer at dei må finne andre løp ved flaum?
- Vil utbygginga kunne ligge i vegen for, eller stenge for, at elvar og bekkar kan endre løp?

2. Skred/erosjon

a) Er det lausmasser langs elv og/ eller sjø som kan vere utsett for erosjon?

3. Avløp

a) Har det vore problem med kapasiteten i avløpssystema ved tidlegare hendingar med intens nedbør?

b) Har det vore problem tilbakeslag?

c) Kan auka totalnedbør, oftare intens nedbør og større nedbørsmengder på dagar med intens nedbør endre forholda?

d) Kan auka havnivå gi problem for avløpsanlegg (tilbakeslag)?

4. Havnivå/stormflo

a) Er berekninga av havnivåstiging og stormflo gjort i samsvar med prinsippa i rettleiaren «Havnivåstigning og stormflo» (DSB, september 2016)?

5. Infrastruktur (utanom vatn og avløp)

a) Kan auka fare for utfall av kritisk infrastruktur endre risiko- og sårbarheitsforhold for det aktuelle området?

6. Slagregn

a) Kan området vere sårbart for auka fare for slagregn?

Sjekkliste utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Revidert 15.12.2016

VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Per Heltne	Arkivsak nr.:	2017/74
		Arkivkode:	1519-2017001

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
64/18	Formannskapet	17.04.2018
47/18	Kommunestyret	26.04.2018

PLANID 1519-2017002 - PLAN FOR VOLDA CAMPUS ARENA - IDRETTSHALL PÅ JOPLASSEN GBR 19/807. HANDSAMING ETTER OFFENTLEG ETTERSYN.

Handsaming:
Reguleringsføresegnene vart ettersendt 13.04.2018.

Planleggar Per Heltne orienterte.

Røysting (9 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 17.04.2018 til kommunestyret:
Reguleringsplan for Volda Campus arena- planID 2017002, slik det går fram av plankart og føresegner datert 13.03.2018 og ut frå planomtale av same dato, vert godkjent i samsvar med reglane i Plan og bygningslova §12-12.

Administrasjonen si tilråding:

Reguleringsplan for Volda Campus arena- planID 2017002, slik det går fram av plankart og føresegner datert 13.03.2018 og ut frå planomtale av same dato, vert godkjent i samsvar med reglane i Plan og bygningslova §12-12.

Vedleggsliste:
Planomtale, sist datert 13.03.2018, med dokumentasjon for planprosess og gjennomgang av innspel ved planoppstart.

Plankart datert 13.03.2018
Reguleringsføresegner - sist datert 13.03.2018
Illustrasjonsplan datert 5.10.2017
Sjekkliste ROS
Sol/Skuggeanalyse
Illustrasjonar eksisterande bebyggelse
Illustrasjonar landskap og omgjevnader
Snitt A-E
Fjernverknader -utsnitt frå 3D-modell

Uprenta saksvedlegg:
Merknader og etterfylgjande korrespondanse ved offentleg ettersyn
Tidlegare planutkast
Arkeologisk rapport
Støyrapport
Formannskapssak 33/17, 21.02.2017.
Referat frå oppstartsmøte
Søknad om løyve til oppstart av planarbeid i privat regi. Volda campus arena as
Kommunestyre sak 143/16 - 24.11.2016
Asplan Viak konsekvensanalyse
Høgskulen i Volda - fråsegn -brev av 9.02.2017
Oppvekstsjefen - orienteringssak 4.02.2017
Reguleringsplan Røysmarka.
Kommunedelplan Volda sentrum
Kommunedelplan E39 - Volda -Furene

Saksopplysningar/fakta:
Reguleringsprosess for aktuelt område vart starta opp ved gjennomført førehandskonferanse med kommunen i møte den 9.02.2017. Kopi av referat frå førehandskonferansen ligg ved saka.
Vidare vart planspørsmålet handsama av Volda Formannskap i sak PS 33/17, den 21.02.2017. Det vart der gjort slikt vedtak:

1. *Med grunnlag i brev frå Volda Campus Arena AS av 24.11.16, brev frå Per Mulvik AS av 18.01.17 og kommunestyret sitt vedtak i sak 143/1, godkjenner formannskapet oppstart av planprosess for detaljregulering av område O7 på Røysmarka i regi av Volda Campus Arena as slik det søkt om.*
2. *Kommunen viser elles til oppsummering etter førehandskonferanse den 9.02.2017, som vidare retningsliner for planarbeidet.*
3. *Kommunen føreset at det vert etablert ei god kontakt og arena for medverknad i planprosess og prosjekteringsfase for bygg på området som sikrar interessene til, barne- og ungdomsskulen, høgskulen og ev andre i prosjektet, og at kommunestyret sine vilkår i sak 143/16 vert teke i vare.*

Med grunnlag i dette vart det varsla oppstart av planarbeidet den 20.03.2017, med komplettering av naboliste/ny varsling den 23.03.2017 og 7.07.2017.

Planframlegg er utarbeidd som privat detaljreguleringsplan av Volda Campus Arena as. P.Mulvik er hyra inn som planfagleg utførande. Volda kommune har seinare etter vedtak i kommunestyret teke på seg kostnadane med finansiering av planarbeidet.

Planframlegg har vore utarbeidd i samsvar med prosessreglar og krav til planinnhald /utforming i PBL kap. 12.
Utarbeidd planframlegg vart over sendt kommunen for handsaming med sikte på utlegging til offentleg ettersyn ved brev av 6.10.2017.
Volda Formannskap handsama saka den 21.11.2017, som sak PS 199/17, der det vart gjort slikt vedtak:
Detaljreguleringsplan Plan for Volda Campus Arena - idrettshall på Joplassen slik det går fram av plankart datert 5.10.2017, og reguleringsføresegner datert 16.11.2017 vert fremja og lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med reglane i Plan og bygningslova §12-10.

Offentleg ettersyn vart etter det gjennomført av kommunen, der kunngjering av plan og utsending av varsel til aktuelle fagorgan og partar vart gjennomført den 28.11.2017.
Frist for høyring vart sett til 12.01.2018.

Innspel /merknader ved offentleg ettersyn:

Direktoratet for mineralforvaltning, brev av 30.11.2017:
DMF kan ikkje sjå at planen rører registrerte førekomstar av mineralske ressursar av Regional, nasjonal, eller internasjonal verdi, bergrettar eller masseuttak i drift, og vi har Dermed ingen merknader til offentlig ettersyn av detaljreguleringsplan for Volda Campus Arena- Idrettshall på Joplassen i Volda kommune.

Kommentar:
Merknaden gir ikkje grunn til endringar i plan.

NVE, brev av 20.12.2017:
«NVE varslar motsegn til planen, jf. § 5-4 i Plan- og bygningslova (PBL). Grunnlaget for motsegna er manglande vurderingar knytt til naturfare og vassdragsmiljø;

1. *Grunnforholda er ikkje tilstrekkeleg utgreidd/vurdert i høve til fare for områdeskred av kvikkleire*
2. *Det er mangelfull dokumentasjon/vurdering knytt til flaum- og erosjonsfare langs bekken som renn gjennom planområdet*
3. *Planlagt omlegging av bekk er ikkje vurdert i høve til om det er knytt allmenne interesser til vassdraget*

Dersom det vert gjort ei tilstrekkeleg utgreiing av desse punkta og konklusjonane vert innarbeidd i plankart og føresegner, fell grunnlaget for motsegna.

Vi viser til NVE rettleiar 2/2017 «Nasjonale og vesentlige regionale interesser innen NVEs saksområder i arealplanlegging», og då særleg vedlegg 2 om grunnlaget for fremjing av motsegn.

I NVE sitt innspel til varsel om planstart datert 21.04.2017 gav vi råd om arealbruksføremål og peika på trong for vurderingar i høve til flaum og erosjon for bekken som renn gjennom planområdet. Vi peika også på at grunnforholda måtte avklarast i planarbeidet.

Potensiale for ustabile grunnforhold:
Krav til tryggleik mot skred er gitt i Byggteknisk forskrift (TEK17) med tilhøyrande rettleiar. NVE rettleiar 7/2014 «Sikkerhet mot kvikkleireskred» utdjupar rettleiaren til TEK17 og skildrar korleis skredfare i område med kvikkleire og andre sprøbrotmateriale skal utgreiast og takast omsyn til i arealplanlegginga.
På siste reguleringsplannivå må alltid reell fare avklarast. Problemstillinga er litt omtala s. 15 i planomtalen, og noko meir omtala på s. 20 der det er skissert avbøtande tiltak i høve til punkt avdekka i Risiko- og sårbaranalysen (ROS). På s. 20 er det vist til vurderingar og

undersøkingar som er gjort i samband med bygging av nye Øyra skule like ved planområdet, der det vart konkludert med stabile grunnforhold. Det er difor føreslege krav om grunnundersøkingar i samband med prosjektering av tiltaka.
Sjølv om lausmassekart viser marine strandavsetningar for både skuletomta og planområdet, vil NVE peike på at det er ein vesentleg skilnad på dei to byggeområda. Skuletomta ligg over høgde for marin grense i området, medan planområdet ligg under, jf. NVE Atlas. Vi meiner difor det ikkje er tilstrekkeleg å vise til desse undersøkingane utan grundigare vurdering av fagkyndige.
I området som vert regulert skal det byggast idretts- og symjehall og tiltaket må plasserast i tiltakskategori K4. Tryggleik i samsvar med tryggleikskrava i TEK17 må dokumenterast. Metodikk for korleis dette kan dokumenterast er skildra i NVE rettleiar 7/2014. Sjå spesielt kapittel 4.3 og 4.5.
Vi meiner difor at grunntilhøva i planområdet må vurderast grundigare av føretak med tilstrekkeleg geoteknisk kompetanse. NVE fremjar motsegn til planen til det vert lagt fram dokumentasjon på at området er trygt i høve fare for kvikkleireskred.

Flaum- og erosjonsfare:
Bekken Djupegrova renn gjennom planområdet og det er stadfesta utfordringar knytt til flaum og erosjon langs denne. Planframlegget viser til, og støttar seg i stor grad på eit prosjekt som Volda kommune har starta for sikring av Volda sentrum mot flaum og skred. Det er i føresegnene ikkje stilt krav til sikring mot flaum, anna enn rekkefølgjekrav i § 6.1 b); «Djupegrova» (VNV) skal omleggast og førebyggast seinast i samband med oppføring av symjehall».
NVE har tilgang til Multiconsult sin rapport «130544 Kartlegging av flomfare og flomtilpasningstiltak i Melshornsida» datert 29.06.2017. I dette arbeidet er det utarbeidd flaumsonekart for den aktuelle Djupegrova (Orgyelva) som viser at delar av planområdet er flaumutsett ved ein 200-års flaum.
Planframlegget må ta høgde for den kunnskapen som er kjend i området, og kommunen må avklare om data frå Multiconsult kan nyttast som grunnlagsmateriale for planen. Etter vårt syn føreligg det nok informasjon til at flaumsone må visast som omsynssone i plankartet (jf. PBL § 12-6), med tilhøyrande føresegner som sikrar området for utbygging i samsvar med tryggleikskrava i TEK17 § 7-2.
Rekkjefølgjekravet som er føreslege i føresegnene § 6.1 b) vil etter vårt syn ikkje sikre planområdet mot flaum slik flaumfaren er vurdert i Multiconsult sin rapport. Eventuell omlegging og forbygging av bekken i planområdet, krev også ei grundigare utgreiing i høve til flaumkapasitet enn slik det er gjort i planomtalen.
Gjeldande læreplan, Kunnskapsløftet, har kome til etter ein del av forskinga det vert vist til over. Den nye læreplanen har mellom anna flytta merksemda mot fagleg måloppnåing heilt frå første klasse, auka krav til dokumentasjon, til individuell elevvurdering og lokalt utarbeidde læreplanar i alle fag på alle årssteg. Dess mindre delinga vert mellom årsstega, dess større utfordringar får det pedagogiske personalet.

Det er ein god del forsking, og det er mange ulike konklusjonar kring dette. Fleire vil og kunne stille spørsmål om internasjonal forsking er direkte overførbar til norske tilhøve. Det verkar likevel som om dei fleste forskarar konkluderer med at storleik i seg sjølv ikkje kan seie noko om kvalitet.

Dei formelle krava til læraren sin kompetanse har auka. Lengda på lærarutdanninga har

gått frå tre, via fire og der vi no har eit femårig masterløp frå hausten 2017. Vidare vart det frå 2008 eit krav til skuleeigar at lærarar som vert tilsette i faga norsk, engelsk og matematikk på ungdomssteget må ha minst eitt års fordjuping i tilsettingsfaget.
Den tidlegare allmennlærarutdanninga har vorte erstatta med differensierte grunnskuleutdanningar for høvesvis 1.-7. steg og 5.-10. steg, og altså til sist no eit masterløp over fem år.

Vi viser elles til forskrift til opplæringslova, som seier kva kompetansekrav som er gjeldande for å undervise i dei ulike faga. Krava vart innført 01.01.2014.

Det krev ein viss storleik i personalgruppa for å kunne oppfylle desse krava, og administrasjonen ser auka utfordringar for å oppfylle desse krava med den skulestrukturen vi har i dag.

Frå hausten 2017 er det som sagt eit masterløp for lærarutdanninga, noko som understrekar styresmaktene sin intensjon og forventning om auka kompetanse blant dei som skal undervise.

I stortingsmelding 22 (2010-2011) heiter det mellom anna om skulen som organisasjon:
Skolen skal være en lærende og dynamisk organisasjon. Det ligger i det at den må legge til rette for at lærerne kan lære av hverandre gjennom samarbeid, og at den også må være åpen for impulser utenfra. En lærende skole har endringskapasitet og vilje til kontinuerlig utvikling, og den overlater ikke til den enkelte lærer å ta ansvar for nye satsingsområder. Allerede i slutten av 70-årene ble begrepet "lærende organisasjon" kjent innenfor skolesektoren. Når samfunnet endrer seg, kan det påvirke både faglig og politisk styring av skolen. Da er det en fordel ikke å være for fastlåst i en bestemt tenkning om hva som er god opplæring, hvordan lærernes arbeid skal organiseres og hva elevrollen innebærer. Forskning har påpekt at de enkelte skolenes evne til å drive selvstendig kvalitetsutvikling varierer, fordi ulike skoler har ulik forbedringskapasitet.

Ei slik forståing og forventning om skule som «lærande og dynamisk organisasjon», der samarbeidstanken er grunnleggjande, krev etter administrasjonen si forståing ein organisasjon med ein viss storleik.

I lys av skjerpa kompetansekrav, finn administrasjonen det vanskeleg å forsvare drift over tid ved todelte barnesteg og udelte ungdomssteg. Unnataket er når skuleskyssen er urimeleg krevjande eller viss det blir naudsynt med innhysing heimanfrå.

Sjølv om Volda kommune historisk sett har hatt god tilgang til lærarar som har naudsynt kompetanse, merkar også vi utfordringar når det gjeld å rekruttere nok kvalifiserte lærarar. I tråd med auka kompetansekrav, men og i takt med at det vert innført ein bemanningsnorm, er det venta at utfordringane vil stige. Det vi då forventar, er at det er ved dei små skulane vi først vil merke desse utfordringane.

Barnets beste
Jfr Barnekonvensjonen artikkel 3, skal barnet sitt beste vere eit grunnleggande omsyn i saker som vedkjem barn.

Når vi vurderer barnets beste, gjeld dette både individuelt for det eine barnet, men og for barna i kommunen samla sett. Barneombodet formulerer det slik:

Når voksne skal bestemme noe som har med deg som barn å gjøre, så skal de tenke på hva som er best for deg. Dette gjelder også når voksne bestemmer noe som gjelder alle barn i Norge, eller en gruppe barn, f.eks i kommunen du bor i.

Noen ganger kan voksne bestemme noe annet enn det som er best for barn, men da skal de ha veldig gode grunner for det.

I slike vurderingar må ein drøfte fordelar og ulemper. Nokre av desse vurderingane vil ein i saksframlegget som skal til politisk handsaming kunne lese fortløpande gjennom saka, i dette avsnittet vil vi oppsummere dei.

Ulempene i slike saker er ofte knytta til lang reiseveg, med mogleg helseproblematikk grunna det. Vidare blir spørsmålet om elevane vil tape urimeleg mykje fritid. I denne saka er det peika på at ein må reise tidlegare om morgonen for å kome på skulen, men på ettermiddagstid vil ein kome heim på same tid som i dag. Det som då blir ei vurdering, er om skuledagens lengde inkludert reisetid er vurdert å vere uforsvarleg eller for negativ.

Dersom ein flyttar ungdomssteget, vil elevane kome inn i monaleg større grupper enn dei er vande til. Dette er ein overgang som for nokre kan verte utfordrande, medan andre vil oppleve positive verknader – både ved at ein får fleire å spele på sosialt, men og kjem inn i eit elevfellesskap der ein får fleire å spele på fagleg.

Nordlandsforskings Karl Johan Solstad var i 1997 skule –og utdanningsdirektør i Nordland. I kraft av si stilling skreiv han eit debattinnlegg i Norsk Skoleblad (nr 10/97), der han framheva på ein nøktern måte både positive og negative sider ved fådelte skular. Der skreiv han m.a følgande:

Men, sjølvsagt, dei aller minste skolane med 10-12 elevar eller mindre, er i og for seg ikkje ønskjelege, verken økonomisk, fagleg eller sosialt. Dei har sin legitimitet fordi alternativet er verre, nemleg urimeleg krevjande skyss eller innhysing heimanfrå.

Denne vurderinga frå Solstad sluttar administrasjonen seg til, og vurderer den framlagde skyssløysinga til å vere rimeleg og så gode dei let seg gjere. I sum er altså vurderingane at fordelane er større enn ulempane.

Fordelane er som før peikt på eit større fagleg og sosialt miljø. Eit rådande sosiokulturelt læringssyn fortel oss at læring skjer i samhandling med andre, og det er administrasjonen si vurdering at dette ligg betre til rette for dette på eit årssteg der ein er fleire elevar.

Det er og administrasjonen sitt utgangspunkt at når vi vurderer barnets beste, ser vi ikkje berre på det reint individuelle. Ved å flytte ungdomssteget vil ressursane kome fleire elevar til gode, ved at den ordinære undervisninga kan verte styrka. Administrasjonen finn det vanskeleg å forsvare bruken av ressursar til eit udelt ungdomssteg når elevane kan gå inn i eksisterande grupper ved Volda ungdomsskule. I dette ligg og at administrasjonen vurderer grunnskuletilbodet til å vere betre ved Volda ungdomsskule, både fagleg og sosialt.

Høyringssvar

Ved fristen sitt utløp var det kome fire høyringssvar. Desse er vedlagt saka, men vil i det følgande verte oppsummert/kommentert der administrasjonen finn det naturleg.

1) Elevrådet: Har hatt ein runde mellom ungdomsskuleelevane, der alle har fått sagt kva dei meiner.

2) FAU: Meiner at skyssalternativ 3 må velgast. Er ikkje nøgd med returskyssen, og lanserer køyregodtgjering til foreldre for å forbetre denne (gjeld særleg elevar i Osdal og Høydal). Er elles oppteken av at skyssløysinga må vere varig utover det første året. Melder elles uro knytt til om det kan verte tidspress, då bussen må vere på Steinnes kl 8.25.
   Kommentar frå administrasjonen: Administrasjonen vil kunne gå i dialog med fylket om at skyssløysingane er langsiktige. Likevel er det slik at fylkeskommunen ikkje kan garantere at valde løysingar kan vere varige. Fylkeskommunen vil alltid kunne revidere skysstider, både det som er av «ordinær skyss» og forbetra skyssløysingar. Administrasjonen har vidare ikkje foreslått køyregodtgjersle for å forbetre ytterlegare skyssløysingane.
   Til spørsmålet om tidspress, forheld administrasjonen seg til at fylket har skissert denne skyssen, og at denne er både forsvarleg og realistisk.
3) SU: Meiner som FAU at skyssløysing 3 må velgast. Er og uroleg for tidspress for skyssen om morgonen. Meiner elles at skuletilbodet ved Austefjord er godt, og løftar fram dei positive sidene ved å vere ein liten skule.
4) Utdanningsforbundet: Meiner fleire rundar med strukturspørsmål er belastande, og at ein no må velje ei langvarig løysing. Peikar på at skyssløysinga om morgonen er god, men at reisetida er lang til Osdal om ettermiddagen.

Økonomiske vurderingar og estimat
I prosessnotat økonomi som vart utarbeidd hausten 2016 og handsama av kommunestyret, vart det signalisert at det økonomisk er vanskeleg å forsvare drift av Austefjord skule.
I årsbudsjettet for 2018 vart det signalisert at det vert lagt inn forslag om samordningar innafor skuledrifta.

Å flytte ungdomssteget ved Austefjord skule vil gi ei innsparing på 1,7 lærarårsverk. Dette har ein kostnad på om lag 1,2 mill når alle utgifter er inkludert. Elevane kan gå inn i grupper ved Volda ungdomsskule utan at det vert utløyst ekstra ressursar der.

Kostnadene til forbetra vil gi ein meirkostnad på kr 211 000 +mva. I tillegg vert det ein auke i persontaksten på om lag 20 000 i høve dagens kostnad. Den estimerte heilårseffekten av kostnadsreduksjonen for kommunen er då i underkant av 1 mill.

Sakshandsamingsreglar
Austefjord skule høyre til same skulekrins som Volda ungdomsskule. Det er med andre ord ikkje naudsynt med ei forskriftsendring der krinsgrenser vert oppheva. Det er likevel eit ulovfesta forvaltningsrettsleg prinsipp at forvaltninga skal gjere vedtak etter at saka er handsama på forsvarleg måte. Det tyder at saka skal vere tilstrekkeleg opplyst, og kommunestyret skal ha rimeleg kjennskap til synspunkta til dei saka vedkjem før eit vedtak.

Denne saka har vore handsama av kommunestyret tidlegare. Når saka no vert teke opp på nytt vert det som gjeld skuleskyss tildelt særleg merksemd, sidan det var ankepunktet sist saka var til handsaming.

Oppsummering
Vedtak knytt til skulestruktur ligg i kjerneområdet av den kommunale handlefridomen. Ei avgjerdsle som gjeld skulestruktur må bygge på eit kommunestyre sine økonomiske, politiske og samfunnsmessige prioriteringar.

Administrasjonen vurderer det dithen at ein no i denne saka har fått så gode skyssløysingar på bordet som mogleg. Når elevtalsframskrivingane syner stabile tal under det kommunestyret tidlegare har sagt det bør vere ved ungdomssteget, er vurderingane frå administrasjonen at forslaget til vedtak representerer den beste, langsiktige løysinga for ungdomsskuleelevane busett i Austefjorden.

Vedleggsliste:

1. **Høyringsuttale, elevrådet ved Austefjord skule**
2. **Høyringsuttale, FAU ved Austefjord skule**
3. **Høyringsuttale, SU ved Austefjord skule**
4. **Høyringsuttale, Utdanningsforbundet i Volda**
5. **Referat, dialogmøte – datert 30.10.17**
6. **Referat, dialogmøte – datert 16.01.18**
7. **Referat, dialogmøte – datert 28.02.18**

Uprenta saksvedlegg:
Opplæringslova
Forskrift til opplæringslova

Kommuneplanen sin samfunnsdel:
Kommuneplanen trekkjer opp som mål at tenestene skal vere i samsvar med lover og forskrifter, og med god nok kvalitet. Ein av strategiane er å samarbeide på tvers og samordne tenester og kontinuerleg evaluere organisasjonen. Denne saka handlar om å samordne tenesteyting ved å flytte ungdomstrinnet frå Austefjord til Volda ungdomsskule.

Eit mål er også at kommunen skal ha driftsresultat på 1,75 % av driftsinntektene. Samordninga som ein her legg opp til har også økonomisk effekt.

Førebyggje mot utanforskap og inkludering i fellesskapen er også eit mål under kapitlet for tenester. Små miljø kan vere trygt for enkelte, men når miljøa blir for små, kan det verte avgrensa moglegheiter for å finne venner som ein går saman med.
Vidare er det eit mål at tilsette i Volda kommune skal oppleve eit godt arbeidsmiljø og sjukefråveret skal reduserast. Det skal som strategi leggjast til rette for faglege og sosiale møteplassar på tvers av sektorane, tilby leiarutvikling og sikre nødvendig kompetanseheving og leggje til rette for eit utviklande arbeidsmiljø. Dette vil det vere betre å leggje til rette for ved eit større fagleg og kollegialt miljø.

Helse og miljøkonsekvensar:
Ein viser her til utgreiing i saka, særleg om helseutfordringar knytt til skuleskyss.

Økonomiske konsekvensar:
Ei flytting av ungdomssteget ved Austefjord skule vil gi ei innsparing på rett i underkant av 1 million kroner, forutsett at ein vel ein forbetra skuleskyss. Dersom ein vel fylkeskommunen sitt alternativ 1 til skuleskyss, er innsparinga i overkant av 200 000 meir.

Vurdering og konklusjon:
Administrasjonen vurderer at å flytte ungdomssteget til Volda ungdomsskule er den beste varige løysinga, både med omsyn til faglege, sosiale og økonomiske tilhøve.

Rune Sjurgard
rådmann

Per Ivar Kongsvik
oppvekstsjef

Utskrift av endeleg vedtak:
Austefjord skule
FAU ved Austefjord skule
SU ved Austefjord skule
Elevrådet ved Austefjord skule
Utdanningsforbundet i Volda

Klageinstans:

Saksnr. 2017/1786

Høyringsuttale frå elevrådet ved Austefjord skule om flytting av ungdomssteget ved Austefjord skule.

Elevrådsmøte Austefjord skule , Referat frå diskusjonen 14.3.18

- Jahn Oscar: ja og nei , trening og butikk
- Tanya ja, kunstskole
- Vebjørn Nei, mister bygda
- Frøydis Nei, Det er gøy her
- Emil Nei, styr med ekstra kjøring
- Theo Nei, mye mindre mobbing og mister kontakt med hverandre
- Jahn Oscar meir folk
- Helene Nei, ødelegger bygda
- Frøydis kan vente til 2020
- Vis skolen slutter før så må vi få vite når bussen stiller opp og henter og kjører oss vidare inn.
- Den originale avtalen var 2020
- Det må være en mulighet for å få en buss til elevene som bor i Bjørke/Skjåstaden. så de kan komme seg hjem.

Elevrådsleiar
Jahn Oscar Høydal

Jahn Oscar Høydal



Volda kommune
v/adm

Austefjord 23.03.18

Saksnr 2017/1786

Høyringsuttale frå FAU ved Austefjord skule – flytting av ungdomssteget ved Austefjord skule

FAU har diskutert skysstidene som fylket har skissert, og administrasjonen i Volda kommune har vidaresendt til oss via arbeidsgruppa for langsiktig løysing for ungdomsskulelevane i Austefjorden.

FAU har informert foreldre via epost og på foreldremøte.

FAU har brukt tid på å finne ut, og forsikre oss om at tidene ikkje skal bli endra av at dei frå Bjørke no skal til Hornindal skule. Vi ville også forsikre oss at den nye forbedra skyssen ikkje endrar skysstidene til vgs og barneskuleelevane ved Austefjord skule. Det skal den ikkje ifølge fylket.

FAU meiner at dersom ungdomssteget ved Austefjord skule skal leggast ned, og flyttast til Volda ungdomsskule, må skyssalternativ 3 velgast.

FAU vil presisere at skyssalternativ 1 er det same som vart lagt fram i 2016 og som gjorde at kommunestyret ikkje kunne gjennomføre ei nedlegging den gong. Vi meiner derfor at dette ikkje burde vere eit alternativ ein gong.

Skyssalternativ 3

Skyssen om morgonen, som er skissert i alternativ 3, er så god som den kan bli. 35 minutt frå Høydalen og 40 minutt frå Osdalen (gå- og ventetid er ikkje medrekna). Elevane treng ikkje å reise heimanfrå så tidleg som det var skissert før, og i tillegg er ventetida, før skulen startar, redusert med heile 20 minutt.

Vi set imidlertid spørsmålsteikn ved sikkerheita til ungdomane når sjåføren har tidspress på seg ved at minibussen må vere framme i Volda seinast kl. 08.10. Vi ynskjer ikkje at sjåføren skal måtte råkøyre med våre ungdomar for å rekke vidare rute frå Steinnes. Dette gjeld spesielt dagar i vinterhalvåret der glatte, ubrøyta vegar kan skape forseinkingar.

FAU er ikkje nøgd med returskyssen på ettermiddagen. Ettersom fylket ikkje klarar å kome med eit betre skyssalternativ på ettermiddag, blir reisetida heim frå skule for dei i Høydalen på 55 min (+ gåtid for enkelte på 10-15min), og 80 minutt for dei i Osdalen. Spesielt for dei i Osdalen og for dei i Høydalen som har eit stykke å gå, er ikkje dette bra nok. Vi ynskjer difor at foreldre skal kunne få køyregodtgjerdsle for å hente ungdomane sine ved siste

stoppestad. Det vil variere frå år til år om det høver for dei einskilde familiane, men muligheita for kompensasjon bør vere der.

Vi viser til høyringsbrevet der administrasjonen argumenterer med at elevane allereie nyttar skuleskyss, og at ein difor må vurdere om forlenging av denne fører til vesentlege ekstra ulemper. FAU vil igjen argumentere for å velge skyssalternativ 3 framfor alternativ 1. Ungdomane i Austefjorden nyttar fritidstilbod i Volda. Det er difor viktig å hugse på, at når ungdomane har kome heim blir dei, fleire gongar i veka, køyrt til aktivitetar i Volda. Same distansen ein gong til.

FAU vil presisere at dersom ungdomstrinnet ved Austefjord Skule skal leggast ned, er fleirtalet innstilt på Volda og skuleskyssen (alternativ 3) må vere ei langsiktig løysing der skysstidene ikkje vert endra til dårlegare/ lenger reisetid seinare år.

Vi ynskjer med dette at Austefjord skule no skal få vere i fred og at borna i Austefjorden skal få ha barnehage og barneskule i nærområdet sitt.

Mvh

FAU ved Austefjord Skule
v/leiar Eivind Skjerdal

VOLDA KOMMUNE
Austefjord skule

VOLDA KOMMUNE
Saksnr. 2017/1786 Avd CPO
Løpenr. Shs. MAUSTR
23 MAR 2018
Arkivdel: Emne
Klassering P: TRC
Klassering S:

Dato 20.3.18

Saksnr. 2017/1786

Høyringsuttale frå Samarbeidsutvalet ved Austefjord skule ang. flytting av ungdomssteget ved Austefjord skule.

Vi har følgjande å seie om framlegg til skyssordning:
Dersom det vert flytting av elevene til VUS er skyssalternativ 3 det beste. Vi forutset at denne skyssordninga vert oppretthalde over tid. Den må også gå utan omsyn til skyssordning for elevar frå Bjørke til Horindal..

Ankepunktet er at det kan bli tidspress om morgonen når bussen må vere ved Volda usk. kl. 8.10. Då tenkjer vi på trafikktryggleiken.
Det vert også lang ventetid for elevar frå Osdalen når dei skal heim. Det kan avhjelpast ved at foreldra får skyssgodgjering om dei hentar dei.

Skuletilbodet:
Vi meiner at skuletilbodet ved Austefjord skule er godt. Det er ulike måtar ein kan velge å sjå på at ungdomsskulen er liten. Vi meiner at fordelen med at det er lett å få til tett oppfølging av elevane er ein god kvalitet ved skulen. Det faglege tilbodet er godt.
Ungdomsskuleelevane må også ta omsyn til barneskuleelevane. Det er er mykje god sosial læring i dette.

Skulebygningane er også relativt nye og i god stand. Elevane herifrå vil kome til vesenleg dårlegare skuletilhøve.

Skulestrukturdebatten har pågått lenge. Skulen vår har vore spesielt utsatt for debatt. Dette håpar vi no kan få ein ende, slik at det kan bli ro rundt skulen. Vi forutset at vi får ei stabil og varig løysing.

For Samarbeidutvalet ved Austefjord skule

Ove Tennfjord
Ref.

Postadresse:
6110 Austefjord

rektor.austefjord@voldaskulen.no
Telefon:
70059150

www.voldaskulen.no/austefjord
Org. nr:
939 760 946

Referat, dialogmøte vedkomande ungdomssteget ved Austefjord skule

Tid: 27.02.18 kl 15.15

Stad: Volda rådhus

Til stades: Hallgjerd Vatne (tilsetterepr), Rebecca Riise (politisk repr), Reidun Merete Måen (repr, FAU) og Håvard Strand (fagkonsulent, skule)

1. Administrasjonen sa kort noko om at situasjonen for Bjørkeelevane er no avklart, og at avtale er underskrive mellom Ørsta og Hornindal kommunar. Sa vidare at sak om flytting av ungdomssteget til Volda ungdomsskule no vert sendt ut på høyring, med frist sett til 24.03.18. Saka vert vidare politisk handsama i TOK 11. 04.18 og endeleg vedteke i kommunestyret 26.04.18. Rådsorgana ved skulen i Austefjord og Volda ungdomsskule blir invitert til å uttale seg i saka.

2. Repr frå FAU formidla moment frå eit møte som foreldra hadde tidlegare i februar. FAU vil kome med eige uttale under høyringa.

Administrasjonen sin representant vil avslutningsvis takke representantane i dialogmøtet for gode innspel og gode drøftingar.

Volda 27.02.18

Håvard Strand, ref

Referat, dialogmøte ved Austefjord skule

Tid: Tysdag 16.01.18 kl 15.00
Tilstades: Reidun Merete Måen (FAU), Rebecca Riise Bjerknes (poltisk repr), Håvard Strand (fagkonsulent, skule)
Fråver: Hallgjerd R Vatne

Sak: Tilbakemelding etter dialog med Møre og Romsdal fylkeskommune si skyssavdeling

- Håvard Strand la fram dialogen som har vore mellom administrasjonen og skyssansvarleg ved fylkeskommunen. Dialogen med ulike skysstider er vedlegg i dette referatet. Kort oppsummert:
    - Tidene om morgonen er ein del forbetra sidan siste runde, og utløyser **ekstrakostnad** for Volda kommune på kr 211 000 + mva. Returskyssen er slik fylket vil organisere utifrå gjeldande retningsliner, og vil ikkje utløyse **ekstra** kostnad. Kommunen betalar vanleg persontakst for elevane våre, og denne kostnaden kjem i tillegg på morgonskyssen.
- Reidun Merete Måen vil ta dei framlagde skysstidene med tilbake til FAU for å høyre deira vurdering. Ho ba og om at vi skulle ha nytt dialogmøte i etterkant av dette.
- Rebecca Riise Bjerknes uttrykte uro/bekymring for dei sosiale tilhøva når det blir eit ungdomssteg som er så lite som det er no.
- Håvard Strand formidla også at ein må vere budd på at oppvekstsjefen vil fremje ei sak til politisk handsaming, der ein tek stilling til om ein skal akseptere skysstidene som er framlagd, og flytte ungdomssteget til Volda Ungdomsskule.

Vi vart einige om å halde nytt dialogmøte før det evt vert fremja sak til politisk handsaming, og vi vart einige om å ha neste dialogmøte kort tid etter vinterferien.

Volda 16.01.18

Håvard Strand
Ref

Vedlegg: Skyssløysingar skissert frå fylkeskommunen:

Skyssordning, Austefjord – Volda ungdomsskule haust 2017

Fylkeskommunen si skisse utifrå gjeldande retningslinjer:

Frå Osdal:	07.00
Frå Kalvatn:	07.10
Frå Høydal:	07.05
Frå Fyrde:	07.20
Frå Hjartå:	07.40

Stor buss vil starte i Høydal. Minibuss Osdal – Fyrde og bussbytte der.

Fylkeskommunen si skisse med forbetra skuleskyss – alternativ 1

Frå Osdal:	07.20
Frå Kalvatn:	07.30
Frå Høydal:	07.25
Frå Fyrde:	07.40
Frå Hjartå:	07.55
Til Volda usk:	08.10

***Denne forbetra skuleskyssen vil koste Volda kommune 244 000 + mva pr skuleår**. Vidare er det i dette alternativet KUN ungdomsskuleelevane frå Hjartå som kan vere med på denne runda.*

Fylkeskommunen si skisse med forbetra skuleskyss – alternativ 2

Med denne ordninga vil skuleskyssen gå direkte, utan å køyre om Hjartåbygda. Denne minibussen må då vere på Steinnes kl 08.25, dvs at bussen må vere i Volda seinast kl 08.10.

Frå Osdal:	07.30
Frå Kalvatn:	07.40
Frå Høydal:	07.35
Frå Fyrde:	07.50
Til Volda usk:	08.10

Postadresse: Stormyra 2 6100 Volda
postmottak@volda.kommune.no Telefon: 70058870 Telefaks: 70058701
www.volda.kommune.no Org. nr: 939 760 946 Bankgiro: 3991.07.81727

Denne forbetra skuleskyssen vil koste Volda kommune 211 000 + mva pr skuleår. *Dette er det raskaste opplegget fylket kan få til pr i dag, og omfattar KUN elevane frå u-steget ved Austefjord. Elevane busett i Hjartåbygda følgjer dagens ordning.*

Returskyss om ettermiddagen

Utifrå forslag frå fylkeskommunen – utløyser persontakst og ingen kostnader utover det.

Frå Volda usk:	14.00
Til Hjartå:	14.15
Til Fyrde:	14.35
Til Høydal:	14.55
Til Kalvatn:	14.45
Til Osdal:	15.20

Fylket har uttalt at dei ikkje er i stand til å gjere returskyssen forbetra utover slik det er skissert i forslaget ovanfor.

Denne skissa er godkjent frå fylkeskommunen sin skyssansvarleg, slik at opplysningane her er kvalitetssikra med han.

Referat, dialogmøte på Austefjord skule

Dato: 24.10.17 kl 15.00

Til stades: Reidun Merete Måen (FAU), Rebecca Riise Bjerknes (politisk representant), Hallgjerd Vatne (tilsetterepresentant), Per Ivar Kongsvik (oppvekstsjef) og Håvard Strand (fagkonsulent, skule).

- Oppvekstsjefen innleia møtet og fortalde om bakgrunnen for møtet, og viste til vedtak i kommunestyret 26.01.16 og 24.05.17, der det vert nedsett ei arbeidsgruppe som skal arbeide for ei langsiktig løysing for ungdomsskuleelevane ved Austefjord skule. I vedtaket frå 2016 er det og omtalt at ein ber om utgreiing av kostnader knytta til ein forbetra skuleskyss, og at administrasjonen vert beden om å forhandle med fylket om dette.
- Målet for møtet var å tolke og forstå dei politiske vedtaka. I tillegg var det eit uttalt mål å få fram ei felles forståing av intensjonsavtalen mellom Volda kommune og Hornindal kommune, og kva premissar det gir i det vidare arbeidet.
- Det vart ein runde rundt bordet, der alle fekk legge fram sine tankar:
    - Reidun Merete Måen: La vekt på at dette dreier seg mykje om skuleskyss, og at ein skyss må vere ein direkteskyss med minst mogleg busstid. Vidare legg FAU vekt på at skyssen skal vere langsiktig og permanent, og ikkje endrast etter eit- to år.
      I forhold til intensjonsavtalen forklarte ho at slik FAU kjenner til, er foreldra delte i synet på skuleval i Hornindal eller Volda dersom ungdomssteget og skulen blir nedlagt. Det kan då ende med ei splitta bygd.
    - Rebecca Riise Bjerknes: Skuleskyss er sentralt, men tenkjer og litt vidare. Er oppteken av at ei langsiktig løysing skal vere best mogleg for elevane i Austefjord. Er oppteken av å jobbe i lag, slik at vi kan ende opp med eit vedtak som ein er nøgd med.
    - Hallgjerd Vatne: Det er positive og negative sider ved å gå på ein liten skule. Fortel om usikkerheit blant elevar og tilsette, og at det er viktig med å lande ei langsiktig løysing. Fokus må vere at det er best mogleg for elevane.
    - Per Ivar Kongsvik: Forklarte om skulekrins, nærskule og lovmessige tilhøve kring dette. Teikna opp ulike scenariorar for korleis ein kan organisere skuledrifta i ein skulekrins, og knytta dette til intensjonsavtalen mellom Volda og Hornindal kommunar. La vekt på at det frå oppvekstsjefen si side handlar om å vurdere faglege, sosiale og økonomiske spørsmål i denne saka.
- Vegen vidare:
    - Administrasjonen tek kontakt med fylket for å få lagt ulike skyssløysingar på bordet. Desse skal innehelde reisetid for dei ulike områda i Austefjord, samt kva kostnader dette vil gi for kommunen.
    - Etter at dette er gjort, vil ein kalle gruppa inn til nytt møte for å legge fram ulike skyssalternativ.

Volda 25.10.17
Håvard Strand, ref

Postadresse: Stormyra 2 6100 Volda
postmottak@volda.kommune.no Telefon: 70058870 Telefaks: 70058701
www.volda.kommune.no Org. nr: 939 760 946 Bankgiro: 3991.07.81727

Postadresse:
Stormyra 2
6100 Volda

postmottak@volda.kommune.no
Telefon:
70058870
Telefaks:
70058701

www.volda.kommune.no
Org. nr:
939 760 946
Bankgiro:
3991.07.81727

Høyringsuttale saksnr 2017/1786

Høyringsuttale frå Utdanningsforbundet i Volda om flytting av ungdomssteget v/Austefjord skule.

Det har vore fleire rundar der ein har sett på strukturen ved Austefjord skule.

Det er belastande for både tilsette og elevar, og fører til uro med tanke på kva planar ein skal legge for framtida.

Om ein vel å flytte ungdomssteget til Volda så bør dette vere ei langvarig løysing.

Ei flytting av elevane på ungdomsskulen vil føre til konsekvensar for personalgruppa, dei tilsette v/Austefjord skule skulle ynskje dette hadde vore avklara før 1.februar, då dette var fristen for å søke overflytting og permisjon.

Med tanke på reisetida for elevane synest vi at skysstida om morgonen er greitt, men det vert lang reisetid for elevane frå Osdalen på ettermiddagen.

Av dei tre alternativa som vert presentert som skyss til skulen ser ein at alternativ 3 tek minst tid og er rimeligare enn alternativ 2 der det berre er ungdomsskuleelevane frå Hjartå som kan vere med på denne skyssen.

Klubben ved Volda ungdomsskule er positive til at elevane frå Austefjorden kjem til dei.

Utdanningsforbundet Volda

VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Per Ivar Kongsvik	Arkivsak nr.:	2013/2251
		Arkivkode:	614

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
19/18	Tenesteutval for oppvekst og kultur	11.04.2018
50/18	Kommunestyret	26.04.2018

MORK SKULE - INNBYGGARFORSLAG OM Å RIVE GAMLESKULEN

Handsaming:
Administrasjonen si tilråding:

1. *Kommunestyret syner til saksutgreiinga og finn ikkje å kunne imøtekome framlegget frå FAU ved Mork skule om å rive gamleskulen og bygge ny skule med oppstart desember 2018.*

2. *Kommunestyret tek grunngjevingane frå FAU om ny skule på Mork til vitende, og vurderer dette nærare i framtidig økonomiplansamanheng.*

3. *Kommunestyret ber om at det blir fremja sak vedkomande godkjenningsstatus for Mork skule etter* **Forskrift om miljøretta helsevern for barnehagar og skular.**

Røysting:
4 røysteføre.
Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Tenesteutval for oppvekst og kultur - 11.04.2018 til Kommunestyret

1. ***Kommunestyret syner til saksutgreiinga og finn ikkje å kunne imøtekome framlegget frå FAU ved Mork skule om å rive gamleskulen og bygge ny skule med oppstart desember 2018.***

2. ***Kommunestyret tek grunngjevingane frå FAU om ny skule på Mork til vitende, og vurderer dette nærare i framtidig økonomiplansamanheng.***

3. ***Kommunestyret ber om at det blir fremja sak vedkomande godkjenningsstatus for Mork skule etter*** **Forskrift om miljøretta helsevern for barnehagar og skular.**

Administrasjonen si tilråding:

4. ***Kommunestyret syner til saksutgreiinga og finn ikkje å kunne imøtekome framlegget frå FAU ved Mork skule om å rive gamleskulen og bygge ny skule med oppstart desember 2018.***

5. ***Kommunestyret tek grunngjevingane frå FAU om ny skule på Mork til vitende, og vurderer dette nærare i framtidig økonomiplansamanheng.***

6. ***Kommunestyret ber om at det blir fremja sak vedkomande godkjenningsstatus for Mork skule etter*** **Forskrift om miljøretta helsevern for barnehagar og skular.**

Vedleggsliste:

1. Framlegg frå FAU Mork skule, dagsett 20.12.2016
2. FAU Mork skule – etterlysing av politisk handsaming, dagsett 29.01.2018
3. Førebels svar, dagsett 08.02.2018
4. Vedtak i PS 11/13 – Mork skule – godkjenning etter forskrift om miljøretta helsevern
5. Mork skule – svar på godkjenning etter miljøretta helsevern, dagsett 13.01.2017
6. Synfaringsrapport frå branningeniør, dagsett 12.03.2018

Uprenta saksvedlegg:
Gjennomgang av skuledrifta 2013

Samandrag av saka:
FAU ved Mork skule fremja i desember 2016 ei sak om Mork skule, og viser til kommunelova § 39a:

§ 39 a.Innbyggerforslag
1. Innbyggerne i kommunen eller fylket kan fremme forslag som gjelder kommunens eller fylkeskommunens virksomhet. Kommunestyret eller fylkestinget plikter selv å ta stilling til forslaget dersom minst 2 prosent av innbyggerne står bak forslaget. Likevel er 300 underskrifter i kommunen eller 500 i fylket alltid tilstrekkelig. Kommunestyret eller fylkestinget tar selv stilling til om forslaget gjelder kommunens eller fylkeskommunens virksomhet.

2. Kommunestyret eller fylkestinget skal ta stilling til forslaget senest 6 måneder etter at det er fremmet. Tidsfristen gjelder ikke dersom forslaget henvises til behandling i forbindelse med pågående plansak etter plan- og bygningsloven. Forslagsstillerne skal informeres om de avgjørelser som treffes, og de tiltak som gjennomføres som følge av forslaget.

3. I samme valgperiode kan det ikke fremmes forslag dersom dette har
a) samme innhold som et tidligere forslag fremmet etter denne bestemmelse, eller
b) samme innhold som en sak som er behandlet av kommunestyret eller fylkestinget i løpet av valgperioden.

Kommunestyret eller fylkestinget tar selv stilling til om forslaget omfattes av bokstav a eller b.

4. Et forslag som er fremmet etter reglene i denne paragraf, og som blir nedstemt i kommunestyret eller

fylkestinget, kan ikke påklages med mindre dette følger av andre regler.

I forslaget, som er signert av 212 innbyggarar, fremjar FAU følgjande forslag som gjeld Mork skule:

Rive gamleskulen på Mork og bygge ny med byggestart seinast innan utgangen av desember 2018.

Framlegget vert mellom anna grunngjeve med følgjande:

- Gamledelen av skulen fyller ikkje krav knytt til tilpassingar til ulike formål
- Stettar ikkje krava til universell utforming
- Ynskjer ein ny skule som er miljøvenleg med eit sunt inneklima
- Klasseroma er for små
- Intern trapp dårleg sikra
- Dårleg isolert bygg
- Rømingsvegar ved brann ikkje godkjent

Administrasjonen har diverre overskride fristen for å handsame framlegget, og FAU har purra på eit svar. FAU viser her også til det pågåande arbeidet med arealdelen av kommuneplanen, og kva konsekvensar det mest ekspansive forslaget for området Mork/Furene vil kunne få for kapasiteten ved skulen.

FAU ved Mork skule er urolege for om Volda kommune har planar som held tritt med den auken i folketalet som har vore i skulekrinsen og det ein kan vente av auke dei næraste åra.

Innbyggarforslaget er signert av 212 personar, og kravet om underskrift frå minimum 2 % av innbyggarane i kommunen er oppfylt.

Saksopplysningar/fakta:
I gjennomgangen av grunnskuledrifta i 2013 vart Lid/Mork skulekring og Mork skule vurdert. Den gong var elevtalet 69, og administrasjonen sin prognose var eit elevtal på 90 skuleåret 2018/2019.

I saka frå 2013 heitte det mellom anna:

> *Mork skule er i dag ein firedelt barneskule med 69 elevar. Mork skulekrins er den einaste bygdekrinsen som kan vise til positiv utvikling i folketalet, og særleg grunnkrinsen Egset/Mork. Der har folketalet berre siste året auka med 3,4 %. Det er stor byggeaktivitet i skulekrinsen, og det meste peikar mot ein prosentvis sterk auke i folketalet dei næraste åra. Skuleåret 2013/2014 starta 16 elevar i 1. klasse. Basert på statistikk, prognosar og igongsett/planlagt utbygging i området er det grunn til å tru at skulen vil få ein auke i elevtalet dei næraste åra.*
>
> *Mork skule har allereie i dag trong for noko rehabilitering, og med ein forventa auke i elev- og gruppetal må ein på sikt rekne med at to rom som i dag står unytta i øvste høgda må setjast i stand til undervisningslokale. Mork skule vil då kunne ta i mot eit aukande tal elevar og opprette fleire grupper.*

Arealet i øvste høgda på gamleskulen vart ikkje sett på som eigna til å setjast i stand til undervisningslokale. Som alternativ er det sett opp ein skulemodul som inneheld to klasserom med tilhøyrande grupperom. Desse lokala vert vurdert som godt eigna til undervisning, og kapasiteten ved skulen er auka slik at det vert vurdert til å vere tilstrekkeleg med tanke på forventa elevtalsutvikling i krinsen.

Basert på faktiske tal frå folkeregistert viser statistikken at elevtalet ved Mork skule komande skuleår vil vere 83, og at det stig til 91 skuleåret 2023/2024. Med andre ord er det ikkje noko i tilgjengelege fødselstal som viser nokon dramatisk auke i elevtalet ved skulen med det første.

Auka byggeaktivitet og tilflytting kan endre tala noko, men administrasjonen vurderer det slik at det ikkje er grunn til å tru at elevgrunnlaget vil endre seg på ein slik måte at det gir grunn til auka undervisningsareal den næraste femårsperioden.

Auken i folkealet og elevtalet i skulekrinsen, saman med det som vert lagt fram som alternativ i kommuneplanen sin arealdel med omsyn til tilrettelegging av nye bustadfelt, gir likevel grunn til at kommunen må halde skulekrinsen under oppsyn, og vere budd på å legge planar for utviding av kapasiteten ved skulen.

Det gjer kommunen mellom anna gjennom revideringa av arealdelen av kommuneplanen, som også FAU ved Mork skule viser til i si sak. I dette arbeidet vert det vurdert kva areal som kan og bør setjast av til framtidig skuleføremål. I denne prosessen er det høve for enkeltpersonar og rådsorgan å kome med innspel.

31.01.2013 godkjende kommunestyret etter *forskrift om miljøretta helsevern.* I vedtaket heiter det mellom anna:

> *Etter § 26 i "Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v." gir Volda kommunestyre dispensasjon slik at dei delar av "Gamle-skulen" som no er i bruk, framleis kan nyttast til skuleføremål i inntil 5 år. Føresetnaden for dette er at det skal gjerast ein samla byggteknisk gjennomgang med kostnadsberekning for planmessig opprusting av "Gamle-skulen" med sikte på godkjenning innan utgangen av denne perioden. Naudsynte utbetringar skal enten utgreiast i eiga sak eller innarbeidast i kommunen sin vedlikehaldsprogram.*

I notat til kommuneoverlegen, dagsett 13.01.2017, viser eigedomsavdelinga til dispensasjonen for delar av «gamleskulen», og gjer vidare greie for korleis dei naudsynte utbetringane er gjennomførte.

I notatet skriv eigedomssjefen:

> *Det er gjort ei rekke tiltak for å sørgje for tilfredsstillande forhold på Mork gamle skule i tida framover (sjå ovenfor). Skulen er gamal og den er ikkje ein tidsriktig skule, romma er relativt små og bygget ber preg av å være utdatert. Taket er belagt med skifer der innfesting er i ferd med å ruste, takstein kan til tider løsne. Det er gjort tiltak med å gå over taket for å sjekke etter laus stein, samt festa bord til takfangar som skal fange eventuelle lause steinar.*
>
> *Slik ein ser det frå eigedomsavdelinga er dette ikkje ein skule vi vil anbefale å setje inn større tiltak utover det som er løyvd til no, men gjennomføre normalt vedlikehald framover slik at den kan være i drift fram til anna skuletilbod er greia ut/framskaffa.*

Eigedomsavdelinga vurderer det slik at alle delar av bygningsmassen til Mork skule som er i bruk er i forsvarleg stand.

«Gamleskulen» stettar ikkje kravet til universell utforming, men med dei lokala skulen disponerer i nyedelen samt dei nye skulemodulane, vil ein kunne kome i møte behova elevar måtte ha i høve universell utforming.

I eit langsiktig perspektiv må kommunen likevel pårekne at det vert naudsynt å renovere eksisterande bygningsmasse eller bygge ein ny skule i Lid/Mork skulekrins.

FAU hevdar at rømingsvegar ved brann ikkje er godkjende. På bakgrunn av denne påstanden har branningeniør vore på synfaring. Han konkluderer med toppetasjen ikkje har godkjende rømingsvegar og at lokala av den grunn ikkje kan nyttast til skuleaktivitet. Under synfaringa fekk branningeniøren stadfesta at toppetasjen ikkje blir brukt til skuleaktivitet, noko som vart verifisert under synfaringa. Brannsynet rår til at etasjen vert sikra på ein slik måte at det ikkje kan opphalde seg personar der utan særskilt løyve.

Fristen (31.08.2018) og dei vilkår som kommunestyret sette for dispensasjon etter *Forskrift om miljørettet helsevern for skoler og barnehager m.v* til bruk av «Gamle-skulen» til undervisningsføremål er overskridne. Det skal utarbeidast sak som kan ligge til grunn ved fornya søknad om godkjenning av skulen etter forskrifta.

Økonomiske konsekvensar:
Ingen

Vurdering og konklusjon:
Delar av bygningsmassen til Mork skule er gamal og viser teikn på slitasje. Den samla bygningsmassen som Mork skule disponerer til undervisningsføremål vert likevel vurdert til å vere forsvarleg med omsyn til tilstand og kapasitet i eit femårsperspektiv.

I gjennomgangen av skuledrifta i 2013 vart det peika på at elevtalet er aukande i krinsen, og at ein måtte vere budde på å auke kapasiteten ved skulen. Med tanke på auka kapasitet, vart vart øvste høgda på «gamleskulen» vurdert, men konklusjonen vart at kostnadene vart for høge i forhold til andre tenlege alternativ. Skulemodulane som er flytta til Mork skule har kome i møte skulen sine behov i eit mellomlangt perspektiv.

I det pågåande planarbeidet til arealdelen av kommuneplanen vil skuledrifta i eit langsiktig perspektiv vere mellom dei momenta planen bør fange opp. Som i anna planarbeid, vil det vere høve til å kome med innspel knytt til arealbehova ved Mork skule i denne planprosessen.

Mork/Furene er eit vekstområde, og ein må sjå samla utvikling for dette området i samband med arealdelen i kommuneplanen. Det vil også vere naturleg at kommunane Volda og Ørsta vurderer om det kan vere tenleg å ha ein felles skule for Mork og Hovden. I alle høve vil Volda kommune i framtidige økonomiplanar vurdere korleis ein skal dekke opp behovet med auka elevtal ved Mork skule. I gjeldande økonomiplan er det gjort andre prioriteringar, og saka som vert teke opp gjennom innbyggarinitiativet er ei økonomiplansak som vert å kome attende til når behovet vert nærare aktualisert.

I lys av dette kan rådmannen ikkje slutte seg til framlegget frå FAU ved Mork skule om å rive gamleskulen og bygge ny med byggestart seinast innan utgangen av desember 2018.

Det skal utarbeidast sak som kan ligge til grunn ved fornya søknad om godkjenning av skulen etter *Forskrift om miljørettet helsevern for barnehager og skoler m.v.*

Rune Sjurgard
rådmann

Per Ivar Kongsvik
oppvekstsjef

Utskrift av endeleg vedtak:
FAU Mork skule
Mork skule

Klageinstans:

En sak har blitt sendt inn via minsak.no

Informasjon:

Mottaker:	Volda, Møre og Romsdal
Opprettet:	20.12.2016
Bruker ID:	1104
E-post:	jan.n.jonsson@gmail.com
Navn:	Jan-Norvald Jønsson (kasserar)
Avsender:	FAU ved Mork skule v/leiar
Adresse:	Morkavegen 64
Postnummer:	6105
Tittel:	Riv gamleskulen på Mork, bygg ny med byggestart seinast innan utgangen av desember 2018.
Lenke til saken:	https://minsak.no/sak/1113

Sakens innhold:

Riv gamleskulen på Mork, bygg ny med byggestart seinast innan utgangen av desember 2018.

Vi viser til at Gamleskulen, som snart er 63 år, har dispensasjon for drift til 31.01.2017. Riv gamleskulen og bygg ny og framtidsretta skule for minimum 150 elevar. Mork skule er den einaste grendaskulen i Volda kommune som har vekst. Per dags dato er det 82 elevar ved skulen. Dette talet kryp raskt oppover med den utviklinga som er i bygda. Mork grendalag la fram eit forslag om ein ny felles skule med Hovdebygda, sentralt plassert midti mellom bygdene, men sidan dei har fått lovnad på ny skule med byggestart i 2018, legg FAU og Morka Grendalag dette dødt. Til våre kjære folkevalde politikar; De kan ikkje lengre gå rundt med "hovudet under armen " og sjå på at Morkabygda si befolkning veks ut av "gryta", slik som grauten i eventyret "Gryta som ikkje ville stoppe å koke". Vi ser at det i budsjettet for 2016 er sett av 2 millionar kroner til kapasitetsutviding, og at det er i form av mellombelse brakker som blir flytta ut til Mork når nye Øyra skule har opna, hausten 2017. Hugs at dette kun er ei mellombels løysing. Vi ser det og som sannsynleg at det vert fremja forslag om å utvide dispensasjonen for gamleskulen endå ein gong. Det kan ikkje skje derfor vil vi at de skal velje vårt alternativ. Forslag frå FAU ved Mork skule, til sak som skal stemmast på i kommunstyremøte i januar 2017(eller når gamleskulen er opp til behandling) er følgjande: ❖ Rive gamleskulen på Mork og bygge ny med byggestart seinast innan utgangen av desember 2018! Brakkene er midlertidig løysing og kan/må plasserast midlertidigt i trygg avstand frå anleggsområdet, rivings- og byggetomta, der gamle skulen står i dag. Punkt som understøttar forslaget er: • Gamleskulen stettar ikkje krava knytta til bygningsmessig tilpasningsdyktigheit. Romma har ein storleik og ei utforming som gjer at dei ikkje kan brukast til fleire typar aktivitetar eller brukargrupper. Skular skal ha fleksibilitet, romma skal på ein relativt enkel måte kunne endrast i storleik, innreiing og utstyr for å verte tilrettelagt for forskjellige aktivitetar og brukargrupper. Bygningsmassen i gamleskulen har ikkje ein slik elastisitet og er ikkje tilrettelagt for at brukargruppane kan vekse eller minke. • Gamleskulen stettar ikkje dagens krav til universell utforming. Korkje internt i kvar enkelt etasje, mellom etasjane, eller til toalett i bygget, sjå pdf.fil http://www.universell-utforming.miljo.no/file_upload/nhfskole-liten-ps.pdf • Eitt anna overordna mål er å skape eit miljøvenleg bygningsanlegg med sunt inneklima og låg energibruk. Når ein då veit at skulen har vore stengd pga. fuktproblem, må dette gjerast noko med. Klasseromma i kjellaren er ein såkalla risikokonstruksjon, og der er det er stor fare for vekst av muggsopp i konstruksjonane pga produksjon av kondens(vatn) som følgje av ein slik feilkonstruert risikokonstruksjon. • Klasseromma er blitt for små allereie. • Den interne hovudtrappa er for bratt, har for lågt rekkverk og har ikkje barnesikra rekkverk. Den er ikkje godkjend som rømingsveg ved brann. • Dårleg isolert bygning som gir store årlege driftskostnader. • Dårleg taktekking, skiferheller(ca 4 kg/STK) som kan dette ned i hovudet på elevar og andre. Det var sikring av taket i haust. Det varer ikkje lenge. Fare for lekkasje. • Heile bygningsmassen er så gamal, at med det vesle vedlikehaldet som har vore utført, har bygget alikevel for lengst oppnådd forventa levetid, og er moden for utskifting. • Rømingsvegar ved brann er ikkje godkjende.

Signaturer:

< td>Morka brauta 8< td>Morkav gen 7< td>ørstavegen 123

Navn	Adresse 1	Adresse 2	Postnummer
Jan- Norvald Jønsson	Olaskogen 4		6105
Andreas Eikrem	Berknesvegen 222		6105
Joakim Mork Bjørgen	Håskjoldvegen 53		6105
Monika Elise Aarsheim Johnsen	Hjellegjerdet 9		6105
Elin Dalhaug	Olaskogen		6105
Heidi Brekke Egset	Morkavegen 36		6105
Arve Vatne Myklebust	Berknesvegen 220		6105
Liv Karin Egset	Rydet 34		6105
Ane Grebstad	Ørstavegen 114		6105
Oddbjørn Mork	Morkavegen 58		6105
Alf Slettevoll	Olaskogen 9		61 05
Espen Viddal	Håskjoldvegen 20		6105
Camilla Nupen	Håskjoldvegen 20		6105
Birte Oline Ytrestøyl	Ytrestøylen		6105
Nina Dale	Ørstavegen 364	Volda	6105
Elisabeth Mork	Morkavegen 35		6105
Harald-Inge Aarflot	Engesetvegen 60C		6253
Heidi Varpen Eikrem	Håskjoldvn 314	Volda	6100
Alfred Steinnes	Lidavegen 80		6105
Mathilde Birkeland	Vinjevollvegen 35		6150
Andor Håskjold	Morkaveien 44		6105
Mari susann Kvien Håskjold	Morkaveien 44		6105
Astrid velsvik Henriksen	Olaskogen 7		6105
Eli Birkeland	Vinjevollvegen35		6150
Hege Steinnes	Lidavegen 80		6105
Karoline birkeland	Vinjevollvg 35		6150
Trine Olin Mork-Bakke	Morkavegen 55		6105
Bente Egset	Ørstavegen 105		6105
Jan Åge Stennes	Morkabrauta 16 B		6105
Solgunn Bratten Stennes	Håskjoldvegen 231		6105
Knut Birger Varpe	Morkavegen 35	Volda	6105
Anita Korsnes	Nedstevegen 57		6110
Idar berstad egset	Morkavegen 36		6105
Jørgen Sortland	Vinjevollvegen 35		6150
Dag Mork	Gamlevegen 36		6102
Helene Fjukstad Mork	Bjørkevegen 20		6103
Jan Raudøy	Ørstaveien		6105
Bodil Egset	K visla 6		6105
Monica Bratteberg	Lidavegen 32		6105
Maria Dalsbø Tøsse	Morkavegen 9		6105

Rebekka Aarsheim Johnsen	Hjellegjerdet 9	Volda	6105
Caroline Klever Stennes	Morkavegen 2		6105
Torill wollmann	Ytrestøylen 74		6105
Lennart Berstad Egset	Morkavegen 34		6105
Tone Vatne Myklebust	Berknesvegen 220		6105
Jan Tore Bjerkvik	Berknesvegen 798		6105
Arild Hagen Bakke	Skogane 8		6100
Siv Randi Humberset	Gamlevegen 46 a		6102
Stian Finnøy	Sivert aarflot vegen 1f		6105
Andreas Drabløs	Reset 2		6105
Øystein Åmelfot		6105	
Margit Drabløs	Hjellegjerde 5		6105
Jostein Drabløs	Hjellegjerde 5		6105
Jacob Bratten	Berknesvegen 127		6105
Bente Bratten	Berknesvegen 127		6105
Elsa Bratten	Berknesvegen 113		6105
Lillian Gjersdal Bjerknes	Sersjantvegen 12		6105
Jørgen Hansen Bjerkvik	Lidavegen 125		6105
Inghild Mårstøl Lade	Olaskogen 11		6106
Randi Lunden	Hagen 3		6104
Cecilie emblem bjerkvik	Lidavegen 125		6105
Elise Haavik	Kleppevegen		6102
Steinar lade	Olaskogen 11		6105
Karoline Bjerknes	Lidavegen 138		610 5
Bjørn Sindre Ytrestøyl	Ytrestøylen 60		6105
Camilla Gjelsvik	Rotsetvegen 10A		6100
Børge Andre Berg	Berknesvegen 835		6105
Marte Digernes	Kleiva 45		6105
Mona Rossetvik	Morkabrauta 8		6105
Unni Drabløs	Reset 2		6105
Ellen M Haugen Egset	Hjellegjerdet 10		6105
Arve Drabløs	Reset 2		6105
Joakim Haugen	Hjellegjerdet 10		6105
Silje Færøy	Olaskogen 15		6105
Ragnhild Bjerknes	Berknesvegen 949		6105
Stian Færøy	Olaskogen 15		6105
Eivind berge	Olaskogen13		6105
Jørn Håskjold	Ørstavege n 152		6105
Aleksander Berget	Lidavegen 34		6105
Solbjørg Eva Berge	Osskarvegen		6155
Sindre Sollid Egset	Morkavegen 60		6105
Knut aslak egset	Hjellegjerdet 10		6105
Lill Mork Bjørgen	Håskjoldvegen 53		6105
Noa gjerseth	Industrigata 1		6100

Martin Bjarne Belt	Lidavegen 38		6105
Sigrid Håskjold	Håskjoldvegen 221		6105
Vildde azora brautaset	Kvisla 6		6105
Robert Lid	Lidaveien 72		6105
Mai Helen Eriksen	Olaskogen 13		6105
Jeanette Aksnes	Flatnesvegen 53		6165
Ingeborg Mork Håskjold	Berknesvegen 37		6105
Vegard Høydalsvik	Berknesvegen 829	6105 volda	6105
Arild Sunde	Berknesvegen 37		6105
Dag Marius øvregård	Eidheimsvegen 159		6105
Jon Rune Gjersdal	Rasmusvegen 13	Volda	6104
Edel Moe Finnøy	Sivert Aarflotveg 3		6105
Vegard Flø	Indrehovdevegen 66		6160
Robin andre lade dybdal	Voldavegen 6	Ørsta	6155
David Merheb	Kleiva 45		6105
Sigridur Elfa Larsen	Engesetvegen 38		6153
Kjetil Olsen Stennes	Håskjoldvegen 231		6105
Knut Busengdal	Liaskar		6105
Jorunn Brune Gjertsen	Hjelpetjenester 7	Volda	6105
Bjørn arild lunna	Olaskogen 8	6105	
Arild Hjorthaug	Ørstavegen 123		6105
Ann Turid Andersen Egset	Morkavegen 41 A	Volda	6105
Kristina Bakke	Morkavegen 55		6105
Tove Mek Eidset	Reset 17		6105
Sigbjørn denton mork	Porsemyrvegen 31		6102
Roy Are Hovdenakk	Morkaveien 55		6105
Mathilde Brekke	Olaskogen 8c		6105
Ivar-Arne Lid	Berknesvegen 766		6105
Annlaug Årflot	Peter Solemdalsv 42 A		6414
Håvard olsen stennes	Morkavegen 2		6105
Roy Kristian Eikrem	Luaskarvegen 10		6105
Terje Klungsøyr	Evenvollvn 6		2653
Janne Håskjold	Håskjoldvegen 221		6100
Svein-Richard Håskjold	Håskjoldvegen 221		6100
Øystein Bjerknes	Sersjantvegen 12		6105
Jan Olav Aakre	Olaskogen 8D		6106
Sigrid Bakke Egset	Hjellegjerdet 10		6105
Ingeborg Bratten Stennes	Håskjoldvegen 231		6105
Frode Busch	hjellegjerdet 4	volda	6105
Jostein Egset	Ørstavegen 127		6105
Stine Marita Dahl	Sivert Aarflot-vegen 20		6105
Petrin Egset	Ørstavegen 105		6105
Åshild Ytredal Liaskar	Ørstavegen 380		6105
Brynjar Egset	Rydet 34		6105

Bård Egset	Rydet 34		6105
Aslak Aarflot Jønsson	Olaskogen 4		6106
Sunniva Grevsneset Bratten	Berknesvegen 127		6105
Henrik Stenersen Rebbestad	Liadasvegen 857		6152
Mariann Fjukstad Mork	Gamlevegen 36		6102
Odd Jarle Ertresvåg	Røyslidvegen 34		6103
Johannes Sæleset	Rundvannet 58		9018
Kristin Bjerkvik	Morkaåsen 27A		6105
Frank Robert Brune	Morkaåsen 27a	volda	6105
Hanna Marie Strand	Einevegen 11B		6011
Mailis Najdorf	Morkavegen 29		6105
Ein hurtigladestasjon i Volda sentrum vil drage folk til vårt sentrum som elles ikkje ville ha stoppa her, eller som vil stoppe ein annan plass for å lade dersom dei ikkje har dette tilbodet i Volda. Ein halv times ladestopp kan føre til meirhandel og vere med å gjere Volda meir attraktivt både for eigne innbyggjarar og gjennomreisande. Kan dei ikkje stoppe hos oss, stoppar dei hos naboen.

Av eiga erfaring som ny elbileigar, kan eg underskrive på at mine valg har endra seg ut frå kvar eg kan kombinere nødvendige ærend med ein kort ladestopp. Eg har lagt min handel til butikken eller kafeen som ligg ved ladestoppen. Og eg til og med handla ting eg ikkje hadde planlagt og gått på kafe berre fordi eg skulle lade. -Meirhandel! Denne meirhandlen må vi sørge for også kjem til Volda sentrum til gode.

Nokre kjeder har alt oppdaga dette og både Coop, Olav Thon-gruppen og Circle K har samarbeid med Grønn Kontakt om utbygging av hurtigladestasjonar på sine områder. I Volda ville ei plassering av hurtigladestasjon i området Circle K - Propellhallen kunne vere ei god og praktisk plassering.

Enova gir etter søknad støtte på 40% av investeringskostnaden med ei øvre grense på kr 200.000 pr. trippelstandard hurtigladar. Ved ei attraktiv plassering i sentrum vil truleg også ladeoperatøren kunne gi ein god pris og eg kjenner til at andre aktørar, mellom andre Sparebank 1, ønskjer å vere med på å finansiere ei slik miljøsatsing.

Vi ønskjer difor at Volda Kommune skal følge opp Kommuneplanen og ta eit snarleg inititaiv til å etablere ein hurtigladestasjon i Volda sentrum. Dette inneber å søkje om støtte og invitere til samarbeid om restfinanisering. Vi fremmar difor foslag til vedtak:

Forslag til vedtak:

1. Volda kommune søkjer Enova om tilskot for å etablere hurtigladestasjon i Volda sentrum.
2. Volda kommune vil invitereaktuelle samarbeidspartar med tanke på ei best mogleg plassering og finansiering.
3. Restfinanisering vert å fremme som eiga sak.

Volda Senterparti, Volda SV og MDG.

Vedlegg:

Informasjon om stønadsordninga og søknadskjema finn ein her:
https://www.enova.no/bedrift/landtransport/stotte-til-infrastruktur/hurtiglading/

Informasjon om utbygginngsamarbeid mellom Grønn kontakt og Olav Thon-gruppen, Coop og Cirkel K: https://gronnkontakt.no/2018/01/gronn-kontakt-etablerer-ladestasjoner-pa-olav-thon-gruppens-kjopesentre-og-hoteller/
https://www.circlek.no/no_NO/pg1334086535135/private/milesDrivstoff/Hurtiglader.html

PS 63/18 Orienteringssaker

FAKTAANALYSE 2018
status, utfordringar, tiltaksplan
på busetjings- og integreringsfeltet i Volda kommune

1. Status og utfordringar

1.1 Befolkning og innvandring

Volda kommune har busett flyktningar sidan 1987. Gjennom 30 år med busetjings- og integreringsarbeid er oppgåva løpande og permanent for kommunen, og det har blitt opparbeidd høg fleirkulturell kompetanse blant dei tilsette i organisasjonen og forøvrig i voldasamfunnet. I høve folketalet har Volda vore blant dei kommunane i landet som har teke i mot flest flyktningar. I perioden 2010-2017 er det busett 264 flyktningar i Volda, inkludert 47 EM u/18 år. Dette utgjer i snitt 33 flyktningar kvart år, derav i snitt seks einslege mindreårige flyktningar (EM) kvart år.

Det er først og fremst innvandring som sikrar positiv folketalsutvikling i Volda. Per januar 2017 utgjer innvandrarar 9,4% av befolkninga i Volda. 41% av innvandrarane har flyktningbakgrunn, eller har kome på familiesameining med flyktningar. 18,3% er arbeidsinnvandrarar, 16,2% er familieinnvandrarar til andre enn flyktningar i befolkninga, 13% har innvandra som følgje av utdanning, og 11,2% har ukjend innvandringsgrunn. Tilsvarande prosenttal for nabokommunar og landet samla per januar 2017, er samanstilt i tabellen under (imdi.no/statistikk).

	Volda	Ørsta	Ulsteinvik	Hareid	Herøy	Noreg
Innvandrarbefolkning	9,4	7,8	15,5	15,4	11,3	13,8
Flyktningar, inkl. familiesameinte	41	29,5	27,4	24,7	14,6	30
Arbeidsinnvandrarar	18,3	29,5	40,8	35,5	49,1	25,3
Familieinnvandrarar	16,2	27,2	22,5	32,5	26,7	22,9
Utdanning	13	4,3	2,4	1,1	1,6	4,6
Ukjend	11,2	9,4	6,9	6,1	8,1	17,3

Som det kjem fram av tabellen over har Volda låg innvandring samanlikna med kommunane på ytre Søre Sunnmøre, og i landet forøvrig. Nabokommunane, inkludert Ørsta, har fleire arbeids- og familieinnvandrarar enn Volda, medan Volda har høgare innvandring knytt til utdanning ved Høgskulen i Volda, busetjing av flyktningar og familiesameinte til desse.

1.2 Jamn og kvartalsvis busetjing

Mål: Volda kommune skal busetje flyktningar i samsvar med gjeldande kommunestyrevedtak, jf. k-sak 148/17 handsama 14.12.17:

1. *Volda kommunestyre er positiv til å busetje 14 flyktningar i 2018, derav to einslege mindreårige. Familiesameiningar kjem i tillegg. I tråd med k-vedtak 95/16 pkt. 1, kan utnytta plassar i 2016 og 2017 overførast til seinare år.*
2. *Volda kommunestyre vil oppmode staten om så langt som råd å gi føreseielege rammevilkår i flyktningpolitikken overfor kommunane.*
3. *Volda kommunestyre er innstilt på å oppretthalde det fleksible rammevedtaket frå k-sak 127/13 om busetjing av 125 flyktningar inkl. einslege mindreårige, som utløyser integreringstilskot. Dvs. ei busetjing på inntil 25 flyktningar kvart år. Ev. familiesameiningar kjem i tillegg. Kommunestyret*

tek konkret stilling til dette i samband med statleg oppmoding om busetjing. Dette må også sjåast i samanheng med økonomi, samla tilbod og oppnådde resultat av integreringsarbeidet.

4. *Kommunestyret viser til reduserte inntekter i samband med busetjing av færre flyktningar, og at drifta med integreringsarbeidet må tilpassast innanfor den totale tilskotsramma.*
5. *Som vertskommune for asylmottak for einslege mindreårige asylsøkjarar ber kommunestyret om at det vert prioritert å busetje einslege mindreårige flyktningar frå Volda EMA-mottak, til Volda kommune. Dette vil lette integreringa for den einskilde som allereie har etablerte tenester frå kommunen. Dei slepp oppbrot og flytting til anna kommune når dei alt har starta integreringsprosessen på fleire område i Voldasamfunnet. Vidare vil dette avlaste fleire tenester i kommunen og vere god ressursbruk for samfunnet samla sett.*

1.1.1 Busetjing av flyktningar i 2018

Kommunestyret vedtok i pkt. 1 i k-sak 148/17 å busetje 14 flyktningar i 2018, derav to EM, i samsvar med oppmodinga frå IMDi. Familiesameiningar kjem i tillegg. I tråd med busetjingsvedtak 95/16 kan unytta plassar frå tidlegare år overførast til seinare år. I 2016 vart det busett 38 av 40 flyktningar. Dette skuldast busetjing av 2 færre EM enn det Volda opprinneleg var oppmoda om. I 2017 vart det busett 38 av 39 flyktningar. Dette skuldast at 1 person ikkje kom til Volda som avtalt i desember 2017. Personen vart busett i Volda i januar 2018. Kommunen har 3 unytta plassar frå 2016 og 2017, derav inntil 2 EM, som kan busetjast i tillegg til vedtaket i k-sak 148/17 på 14 flyktningar 2018.

1.1.2 Busetjingsarbeidet i 2017

I 2017 hadde Volda vedteke i sak 95/16 å busetje 40 flyktningar, inkludert 4 EM. I mars 2017 reduserte IMDi tal EM til 3, og det totale talet flyktningar til 39. Ved årsslutt hadde Volda busett 38 flyktningar, inkludert 3 EM. Det var gjort avtale med IMDi å busetje ytterlegare ein person i desember 2017, men vedkommande ønska ikkje å flytte til kommunen. Det totale talet som vart busett i 2017 vart difor 38 flyktningar. I tillegg kom det 16 på familiesameining, 6 var alternativ mottaksplassert, 8 flytta til Volda frå andre kommunar og 10 flytta frå Volda til andre kommunar, derav 1 barnefamilie. Samla utløyste 205 flyktningar og familiesameinte integreringstilskot i 2017. Pr. 01.01.18 vil om lag 200 flyktningar og familiesameinte utløyse integreringstilskot. I tillegg kjem dei som vert busett og familiesameint i 2018.

Nøkkeltal 2017

Det vart busett 38 flyktningar i 2017:

- 35 vaksne/familiar, derav:
  - 17 einslege vaksne, 2 vaksne flytta til familie i Volda, 4 barnefamiliar; derav 8 vaksne og 10 barn.
- 3 EM i alderen 16-18 år.
- Kjønn: 26 menn, 12 kvinner.

Kvar kom dei frå:

- 5 er overføringsflyktningar, 9 er busett frå mottak i Volda, dei øvrige er busett frå andre mottak.
- Nasjonalitet: Syria: 18, Irak: 6, Iran: 5, Eritrea: 4, Afghanistan: 3. Palestina: 1. Sudan: 1.

Bustader:

- 20 av 35 vaksne/familiar vart busett direkte på den private bustadmarknaden.
- 3 EM vart busett i Smiebakken bufellesskap.
- 1 familie på 5 flytta inn til allereie busett person i kommunal familiebustad
- 3 kommunale bustader vart nytta til 1. gongs busetjing: 2 familiebustader og 1 hybelhusvære.

Kvartalsvis busetjing, familiesameining og alternativ mottaksplassering i 2017

2017	1. kvartal	2. kvartal	3. kvartal	4. kvartal	SUM	*Barn*	*Kvinner*	*Menn*
Vaksen i familie	2	3	1	2	**8**		*5*	*3*
Barn u/18 år	2	3		5	**10**	*10*	*7*	*3*
Einsleg vaksen	9	1	3	4	**17**			*17*
Einsleg mindreårig			3		**3**			*3*
SUM	**13**	**7**	**7**	**11**	**38**	***10***	***12***	***26***
Familiesameining	6	9	1		**16**	*10*	*9*	*7*
Alternativ mottaksplassering	5*			1	**1**	*5*	*5*	*1*
SUM	**24**	**16**	**8**	**12**	**55**	**25**	***26***	***34***

** 5 som var alternativ mottaksplassert registrert på 1. kvartal 2017, vart busett i kommunen 4. kvartal 2017. Det samla talet som kom nye til Volda i 2017 var difor 55 personar.*

Busetjing frå Volda mottak

I samsvar med pkt. 5 i k-vedtak 148/17 har Volda kommune på nytt gjeve signal om at kommunen er særleg positive til å busetje flyktningar frå mottak i Volda, som allereie er godt integrert i voldasamfunnet. Kommunale tenester opplever store fordelar m.a. har mange skaffa seg bustad sjølve, dei er godt kjende og har etablerte relasjonar i lokalmiljø, og det er tidssparande i høve kartleggings- og oppfølgingsarbeid som allereie er gjort av dei kommunale sektorane medan dei var bebuarar i mottak. Dei har allereie hatt mottakssamtale og fått fastlege, og får halde fram med oppfølging av same lærar og helsepersonell i 1. og 2. line etter busetjing.

I 2017 vart 9 av 38 flyktningar busett frå Volda mottak, derav 1 barnefamilie som var alternativ mottaksplassert i kommunen ei periode før busetjing. Etter Volda mottak vart lagt ned frå 1. mars 2017 har det ikkje blitt busett flyktningar frå mottak i Volda. EM som vart busett i 2017 kom frå andre EMA-mottak i landet. I januar 2018 vart det busett 2 EM frå Volda EMA-mottak.

Busetjingsmodell og busetjing frå andre mottak

All busetting avtalast gjennom kontaktsenteret til IMDi. Kommunen melder inn ledig husvære i NIR, og IMDi søker då ut ein flyktning til kommunen. I tillegg kan IMDi kontakte kommunane direkte ved t.d. busetjing av overføringsflyktningar. All godkjenning av busetjing skjer gjennom NIR. Dessverre har det ofte vist seg at det kan ta fleire månader frå kommunen melder inn ledig kapasitet i NIR til ein får utsøkt ein person. Det gjer det vanskeleg å halde av bustader hos private utleigarar. IMDi forklarer at årsaka er at det er så få flyktningar å søke ut. Dei som er i integreringsmottaka skal busetjast i nærleiken av mottaka fordi dei allereie er i eit kvalifiseringsløp (hurtigsporet). Det er berre 5 integreringsmottak i Noreg, og resten av landets kommunar får dermed berre tildelt flyktningar som er i ordinære mottak. I tillegg betyr det at dei flyktningane som er i ordinære mottak ofte er flyktningar med lågare utdanning enn dei som er på integreringsmottak. Dette vil gå utover resultatet til mange av landets kommunar, inkludert Volda.

Til -/fråflytting

Kvart år flyttar personar innafor integreringstilskotsperioden over fem år til andre kommunar, oftast grunna skulegang og arbeid andre stader i landet. Volda har også i 2017 høg grad av fråflytting innafor tilskotsperioden. I 2017 flytta 10, i 2016 flytta 9, i 2015 flytta 12 og i 2014 flytta 13 frå kommunen. I 2017 opplevde kommunen også høg grad av tilflytting av flyktningar frå andre kommunar medan dei er i tilskotsperioden: 8 personar flytta til Volda frå andre kommunar. Halvparten flytta til kommunen

grunna skulegang på Høgskulen i Volda. Dei øvrige gjeld tilbakeflytting til Volda etter ei buperiode i andre kommunar. Dette er det høgaste talet på tilflytting av flyktningar til Volda frå andre kommunar. Kvart av åra 2016 og 2015 hadde Volda tilflytting av 1 person innafor tilskotsperioden.

1.1.3 Framskaffing av bustader

Tilgang på bustader er ofte flaskehalsen i busetjingsarbeidet. I Volda har situasjonen vore annleis. Stadig fleire flyktningar leiger privat bustad, nokre har kjøpt hus, og få kommunale bustader vert nytta til 1. gongs busetjing. Kommunen har 82 gjennomgangsbustader og det er god gjennomstrøyming i desse. I 2017 vart det brukt 3 kommunale bustader til 1. gongs busetjing: To familiebustader og eit hybelhusvære.

Volda har delteke i eit busetjingsforsøk initiert av IMDi der flyktningar skaffar privat bustad sjølve medan dei bur i mottak. I all hovudsak har det vore bebuarar ved Volda mottak som har skaffa privat bustad sjølve, men også nokre få frå andre mottak. I 2017 flytta 20 av 38 inn i private bustader ved 1. gongs busetjing. Dei private kontraktane er mellom utleigar og leigetakar, og alle framleigeavtalar er avslutta. 14 (8) av flyktningane som flytta inn i private bustader i 2017, fekk bustaden formidla av tilsette i flyktningarbeidet. 6 (19) skaffa bustaden sjølve. Tala i parantes () viser tilsvarande tal i 2016.

Situasjonen i Volda har blitt endra som følgje av at Volda mottak vart lagt ned frå 1. mars 2017. Etter nedlegginga av mottaket er det færre som skaffar seg privat bustad sjølve medan dei er bebuarar i mottak. Dei private bustadene som er nytta til 1. gongs busetjing vert i større grad framskaffa og formidla av tilsette i flyktningarbeidet.

Tilsette har over fleire år etablert kontakt med private huseigarar som er positiv til å leige ut til flyktningar. Siste året har vi ved fleire høve opplevd å ha tilgang til ledige private bustader, utan å få flyktningar til busetjing. Det har vore størst utfordringar med å skaffe husvære til barnefamiliar.

1.1.4 Bustadsosiale utviklingsprosjekt

I 2011-2013 fekk kommunen kompetansetilskot frå Husbanken til prosjektet ***Bustadkarriere for flyktningar***. Det vart utvikla metodikk for butrening og buretta tiltak for flyktningar, med mål om sjølvstendig bustadkarriere. Det vert arbeidd godt med buretta tiltak i den grunnleggjande kvalifiseringa av flyktningar og EM. I 2016 fekk Volda læringssenter 1 årsverk som miljøarbeidar til arbeidet med etablering, busetjing, burettleiing og oppfølging i bustad. Målet er at flyktningane raskast råd skal bli sjølvstendig på bustadmarknaden og sikre rask overgang frå kommunal til privat bustad.

I 2013-2014 deltok Volda i Husbanken si målgruppesatsing for ***God og effektiv busetjing av flyktningar***. Fokuset var retta mot bustadsosiale utfordringar med framskaffing av bustader, auka gjennomstrøyming i kommunale bustader, auka bruk av Husbanken sine virkemidlar, bruk av INTRO-tida til å arbeide med sjølvstendig bustadkarriere, og fokus på jamn og kvartalsvis busetjing.

I 2014 fekk kommunen innvilga kompetansetilskot frå Husbanken til greie ut modellen ***Frå leige til eige*** og ***Privat leige av bustad***, samt til prosjektet ***Å koordinere det fragmenterte***, som vart leia og koordinert av Møreforsking AS. Prosjektrapporten vart ferdigstilt i slutten av 2016, og tilrådingar blir følgt opp i arbeidet med bustadsosial handlingsplan og oppfølging av tiltaka i denne.

1.1.5 Vidare satsingsområde

I arbeidet med framskaffing av bustader er det gjort eit godt arbeid i kommunen siste åra, særleg knytt til fokuset mot å nytte den private bustadmarknaden til 1. gongs busetjing av flyktningar. Ved aktivt å nytte den private bustadmarknaden, godt samarbeid med private huseigarar og slik opne for at flyktningar som ønskjer busetjing i Volda skaffar seg bustad sjølv, er det nytta få kommunale bustader til busetjing av nye flyktningar siste åra. Systematisk arbeid med fleire buretta tiltak og sjølvstendig bustadkarriere har gitt rom for jamn og kvartalsvis busetjing og gode busetjingsresultat, samt sikra høgare grad av gjennomstrøyming i kommunale bustader. Slik har fleire kommunale bustader blitt

frigjort til busetjing av flyktningar og andre vanskelegstilte. Vi ønskjer å halde fram med dette gode arbeidet. Nedlegginga av Volda mottak har ført til at færre flyktningar er i stand til å skaffe privat bustad før busetjing, og tilsette må i større grad ta ansvar for framskaffing av bustader til 1. gongs busetjing av flyktningar.

Det er tidlegare kartlagt at kommunen treng fleire sentrumsnære fleksible bustader, som med små grep kan gjerast om frå hyblar til familiebustad. På kort sikt kan det vere aktuelt å kjøpe ledige bustader på den private bustadmarknaden. På lengre sikt kan det vere aktuelt å bygge fleksible kommunale bustader i nye bustadfelt. Kommunestyret løyvde i 2016, pkt. 5 i k-sak 4/16, ei ramme på 6 mill. til låneopptak utover det som vert utløyst i bustadtilskot, til kjøp/bygging av nye bustader til flyktningar, ev. gjennom modellen ***Frå leige til eige***. Dette er prioritert satsingsområde i bustadsosial handlingsplan for 2017-2020. Kvart år får flyktningfamiliar bistand til kjøp av eigen bustad. I 2017 har to familiar gått saman om å kjøpe generasjonsbustad, finansiert av startlån frå Husbanken. Etter 11 års butid i kommunal bustad kunne bustaddraumen realiserast, og kommunen fekk frigjort to kommunale familiebustader.

1.2 Introduksjonsordninga (INTRO) - gode og stabile resultat

Resultatmålet i introduksjonsprogrammet (INTRO) i 2018 er sett 60%, dvs. det same måltalet som i 2017 og 2016. Tidlegare år var måltalet 70 %.

1.2.1 Status og resultat INTRO i 2017

I 2017 hadde Volda rekordhøg deltaking i INTRO i 2017, med heile 95 deltakarar. Dette utgjer ei auke på 39 deltakarar frå 2015 til 2017. 34 av 95 avslutta INTRO gjennom året. 7 hadde overgang til arbeid, 10 hadde overgang til utdanning på vidaregåande skule eller høgskule og 10 hadde overgang til grunnskule for vaksne. Dette utgjer eit samla resultat på 79%. IMDi tel ikkje med overgang til grunnskule i sin statistikk. Resultatet i INTRO for Volda er difor 50% i den offentlege statistikken. Sjå tabellen under for nærare oversikt, samt status for deltakarar 2-4 år etter avslutta INTRO.

Resultat INTRO - Volda kommune	**2015**	**2016**	**2017**
Tal deltakarar INTRO	56	77	95
Tal deltakarar avslutta INTRO	15	17	34
Tal deltakarar overgang utdanning	3	4	10
Tal deltakarar overgang arbeid	7	6	7
Tal deltakarar overgang grunnskule	0	4	10
Tal deltakarar overgang NAV	2	2	4
Tal deltakarar overgang AAP	1	1	1
Tal deltakarar avslutta grunna flytting	1	0	1
Anna	1	0	1
RESULTAT (overgang arbeid/utdanning)	**67%**	**59%**	**50%**
RESULTAT inkl. grunnskule	67%	76%	79%
Tal deltakarar som deltok mindre enn 2 år	8	3	11
Tal deltakarar m/utvida program	0	1	2

1.2.2 Status for 2014-kohorten – 4 år etter avslutta INTRO, pr. mars 2018

2018	• 14 av 20 bur framleis i Volda/Ørsta fire år etter INTRO. • 11 av 14 er i arbeid eller utdanning.
2014	• 20 deltakarar avslutta INTRO: 5 kvinner (K), 15 menn (M) • 55% hadde overgang til arbeid/utdanning (0% K, 74% M)
Konklusjon	• **11 av 14 som framleis bur i Volda er sjølvberga økonomisk fire år etter avslutta INTRO. Dette utgjer eit resultat på 79%.**

1.2.3 Status for 2015-kohorten– 3 år etter avslutta INTRO, pr. mars 2018

2018	• 12 av 15 bur framleis i Volda tre år etter avslutta INTRO • 9 er i arbeid • 2 er på AAP (ein av desse har supplerande sosialhjelp) • 1 er på sosialstønad
2015	• 67% hadde overgang til arbeid/utdanning (0% K, 67% M) • 15 deltakarar avslutta INTRO: 4 kvinner (K) og 11 menn (M)
Konklusjon	• **10 av 12 som framleis bur i Volda er sjølvberga økonomisk 3 år etter avslutta INTRO. Dette utgjer eit resultat på 83%.**

1.2.4 Status for 2016 -kohorten– 2 år etter avslutta INTRO, pr. mars 2018

2018	• 15 av 17 bur framleis i Volda to år etter avslutta INTRO • 9 er i arbeid eller utdanning • 2 har deltidsjobb og har supplerande sosialhjelp • 1 er på AAP • 2 er på tiltak gjennom NAV (arbeidsretta tiltak) • 1 er på KVP
2016	• 17 deltakarar avslutta introduksjonsprogrammet i 2016 (6 (K), 11 (M) • 59 % hadde overgang til arbeid/utdanning • Resultat inkludert overgang til grunnskule: 76 %
Konklusjon	• **10 av 15 som framleis bur i Volda er sjølvberga økonomisk 2 år etter avslutta INTRO. Dette utgjer eit resultat på 67%.**

Status 2-4 ÅR etter avslutta INTRO

- Analysen over viser positiv utvikling og auka resultatoppnåing få år etter avslutta INTRO.
- Butid aukar tilknytinga til arbeidslivet og utdanningssystemet, og færre vert avhengig av offentleg stønad til livsopphald.
- **2-4 år etter avslutta INTRO er fleire flyktningar i ordinært arbeid og utdanningssystem, og er sjølvberga økonomisk.**

1.2.5 Kvalifiserande tiltak i INTRO

Volda kommune har m.a. følgjande tiltak i INTRO pr. 01.03.2018:

Tiltak:

- ❖ Språkretta tiltak
- ❖ Utdanningsretta tiltak
- ❖ Arbeidsretta tiltak
- ❖ Buretta tiltak
- ❖ Helseretta tiltak
- ❖ Foreldreretta tiltak
- ❖ Nettverksfremjande tiltak

- ➢ Norskopplæring
- ➢ Grunnskule
- ➢ Engelsk/matte
- ➢ Samtalegrupper
- ➢ Språkpraksis/arbeids-trening
- ➢ Burettleiing
- ➢ Aktivitet/trening

- ➢ Fritidsaktivitet
- ➢ Flyktningguide
- ➢ Reinhaldskurs
- ➢ Temabaserte kurs
- ➢ Bra Mat-kurs
- ➢ ICDP-kurs
- ➢ Kantinedrift, praksis

1.2.6 Norskopplæring og grunnskuleopplæring for vaksne

Tal elevar ved Volda læringssenter som får norsk- og grunnskuleopplæring er halvert frå 2016 til 2018, frå 220 til 114 elevar. Dvs. ein reduksjon på 106 elevar over to år. Dette skuldast først og fremst at Volda mottak vart lagt ned frå mars 2017, men også færre elevar frå Volda EMA-mottak:

	Februar 2016	Februar 2017	Februar 2018	Reduksjon frå 2016 til 2018
Tal elevar	220	156	114	**- 106**
Samla tal elevgrupper	13	12	8	**- 5**
INTRO/Asyl-grupper	9	7	5	**- 4**
EMA-grupper	2	3	1	**- 1**
Grunnskulegrupper	2	2	2	

I same periode har læringssenteret hatt ansvar for busetjing av auka tal flyktningar og familiesameinte, som no er hovudmålgruppe for aktiviteten ved senteret. Desse er deltakarar i introduksjonsprogram og elevar i norsk- og grunnskuleopplæring. Pr. februar 2017 er 61 av elevane deltakarar i INTRO, fordelt både på grunnskule og norskopplæring. Deltakarar i INTRO får 34 timar undervisning i veka innafor skuleruta, inkludert dei to timane programrådgjevarane har ansvar for. 4 studietimar kjem i tillegg. I 2017 hadde senteret også ei gruppe på kveldstid på 12 elevar, som vert avslutta i mars 2018.

Resultat norskprøve og samfunnskunnskap

Norskprøva er oppdelt i fire delar; lytte, lese, skrive og munnleg. Tal elevar som gjennomførte norskprøve i juni 2017, inkluderer også deltakarar på eit AMO-kurset i regi av A2B. Under er samanstilling av resultata frå desember 2016, juni 2017 og desember 2017:

	Desember 2016					**Juni 2017**					**Desember 2017**				
Norskprøve	**A1**	**A2**	**B1**	**B2**	**SUM**	**A1**	**A2**	**B1**	**B2**	**SUM**	**A1**	**A2**	**B1**	**B2**	**SUM**
Lytte		1	1	3	**5**	3	18	11	4	**36**		3	6	1	**10**
Lese	1		1	3	**5**	11	10	8	7	**26**	1	2	3	4	**10**
Skrive		2	3	2	**7**	10	14	9	2	**35**		6	3	1	**10**
Munnleg		1	3	4	**8**	5	21	10	7	**43**		5	5	3	**13**

1.2.7 Kvalifiseringsretta utviklingsprosjekt

Gjennom deltaking i K+ og forpliktande samarbeidet med IMDi om busetjing og integrering av flyktningar, er kommunen i posisjon til å søke ulike tilskot til utviklingsprosjekt for å sikre jamn og kvartalsvis busetjing av flyktningar, og betre kvalifiseringa og resultatoppnåinga i norsk og introduksjonsprogram. Sidan 2010 har kommunen hatt ulike utviklingsprosjekt med finansiering av kommunale utviklingsmidlar (KUM) frå IMDi.

Kvalifisering til lokalt arbeidskraftbehov 2015

I 2015 hadde vi prosjektet *Kvalifisering til lokalt arbeidskraftsbehov,* der vi m.a. kartla framtidig lokalt arbeidskraftsbehov, arbeidde med rutinar for samarbeid med lokalt næringsliv, informasjon om språk- og arbeidspraksis som metode i kvalifiseringsarbeidet, rutinar for kontinuitet og oppfølging av praksisplassane og utvikla ein modell for kvalifiseringsløp med språk- og arbeidspraksis som tiltak. Kommunen lukkast med å få fleire deltakarar over i arbeid og fekk nyttig informasjon om kva lokalt næringsliv ønskjer av oppfølging og tilrettelegging for å ta i mot personar i praksis. Det vart også avdekt at vi hadde få kommunale praksisplassar samanlikna med privat næringsliv. Dette tok vi utgangspunkt i ved søknad om KUM for 2016 og 2017.

Kommunale kvalifiseringsarena 2016-2017

Søknad om KUM frå IMDi i 2016 tok utgangspunkt i eit toårig prosjekt i 2016/2017, med fokus mot å opprette kommunale praksisarena der Volda læringssenter skulle stå ansvarleg for praksisplassane. I 2016 vart det starta opp ***Kantine*** på rådhuset i Volda, samt ***Serviceteam*** som har hatt oppgåver på kommunale bygg og eigedom. Kvalifiseringstiltaka var etablert og drifta i samarbeid med arbeids- og inkluderingsbedrifta Furene AS. Målgruppe har vore flyktningar og deltakarar i introduksjonsprogram med liten eller ingen skulebakgrunn, som treng tett og god oppfølging i praksis. Medio 2017 vart samarbeidet med Furene AS avslutta, og det vart innleia eit samarbeid med sektor helse og omsorg om kantinetiltaket. Sentralkjøkkenet har det kjøkkenfaglege ansvaret, medan tenesta for funksjonshemma og læringssenteret samarbeider om arbeidsleiing og brukarar frå begge tenestene i tiltaket. Samarbeidet har ført til stabil drift med deltakarar frå begge tenester med pedagogisk og arbeidsretta oppfølging av arbeidsleiar, assistent frå læringssenteret og mentorar som følgjer brukarar frå sektor helse og omsorg. Serviceteamet hadde for få deltakarar til drift 2. halvår 2017, og vart mellombels «lagt på is». Det er dialog med sektor helse og omsorg/Styrk Arbeid om å ta i mot deltakarar frå Volda læringssenter og løyse oppgåver som serviceteamet tidlegare utførte. Vi ser nytten av at fleire tenester snakkar meir saman på tvers av einingar og sektorar, og det er sett ned ei tverrfagleg arbeidsgruppe som har til mandat å kartlegge behov, utfordringar og satsingsområde for å sikre betre samarbeid og samordning av kommunale kvalifiserings- og sysselsettingstiltak.

Kimen Sosial Entreprenør AS si satsing på ***Gartneri*** på Folkestad var initiert av tre deltidsstudentar som deltok på innovasjonsskulen på Lillehammer, i regi av Volda kommune. Som utgangspunkt for studiet skulle studentane velje ei utfordring kommunen står overfor, der det er behov for å finne nye løysingar. Utfordringa ein valde var kvalifisering til entreprenørskap for busette flyktningar i Volda, med fokus på dei som har utfordringar med å kome seg inn på ordinær arbeidsmarknad. Satsinga til Kimen kunne realiserast gjennom tilskot frå NAV og fylket, samt finansiering frå Volda kommune. I 2017 deltok 4 flyktningar i språk- og arbeidskvalifisering som del av sitt introduksjonsprogram. Ein lærar frå Volda læringssenter følgde elevande til gartneriet 5 t/v. Etter ei evaluering av tiltaket valde styret i Kimen å avvikle drifta med verknad frå 2018. Kimen sitt gartneritiltak har vore eit flott tilbod til deltakarane, og det er utarbeidd ein arbeidsmetodikk som del av verdien i innovasjonsprosjektet. Utvikla metodikk vil kommunen arbeide vidare med i kvalifiseringsarbeidet og i utgreiinga om samarbeid og samordning av kommunale kvalifiserings- og sysselsettingstiltak.

Satsinga på etablering og utprøving av kommunale kvalifiseringsarena har gitt fleire gode resultat knytt til overgang til ordinære språkpraksisplassar i lokalt næringsliv, auka språkkunnskapar og kunnskap om norsk arbeidsliv, auka sjølvtillit og sosiale ferdigheiter.

Vi har framleis ein tidlegare deltakar i INTRO i prosjektet ***Menn i helse***, som er inne i sitt siste år som lærling i helse og omsorg. Han har ein av tre ***kommunale lærlingplassar for vaksne flyktningar***, som kommunestyret oppretta i 2016. To av dei tre lærlingplassane er i bruk i dag. Begge i helse og omsorg.

1.2.8 Vidare satsingsområde

Gjennom forpliktande samarbeid mellom staten v/IMDi og Volda kommune om busetjing og integrering av flyktningar, er kommunen i posisjon til å gjere viktige grep og tiltak på feltet for betre resultatoppnåing. Målet er at flyktningane skal bli i stand til eit økonomisk og sjølvstendig liv i det norske samfunnet raskast mogleg. Eit godt busetjings- og integreringsarbeid i ei tidleg kvalifiseringsfase vil gi helse-, miljø- og samfunnsmessige innsparingar i åra framover. Eit forpliktande samarbeid om busetjing av flyktningar over fleire år vil styrke beredskapen på busetjings- og integreringsfeltet og gi meir føreseielege rammer for både staten og kommunen, samt gi rom for vidareutvikling, kompetanseheving og betre resultatoppnåing på feltet.

Næringsstrukturen i Volda med eit akademisk arbeidsliv som krev utdanning for å få arbeid, gjer det meir krevjande å kvalifisere flyktningar i Volda til arbeid og bli økonomisk sjølvstendige med eigen

bustad m.v., enn i samfunn som har meir industriretta næringsliv. Gjennom utviklingsprosjekta i kvalifiseringsarbeidet vert det etablert ny kunnskap og nye metodar, som bidreg til at flyktningane får betre heilskapleg og målretta kvalifisering for raskare overgang til ordinær utdanning og arbeid, og slik bli økonomisk sjølvstendige. Statlege tilskotsordningar gir rom for innovasjon og proaktiv tilnærming, og auka kunnskap og tiltakskapasitet for å gi gode og tilpassa integrerings- og kvalifiseringstiltak for flyktningar.

Satsingsområde for vidareutvikling, implementering og utprøving av kvalifiseringsprosjekt i 2018 vil vere retta inn mot ***kantine, reinhald, tilrettelagt helsefagløp, mentorordning og serviceteam / arbeidslag.***

Over fleire år har vi etterlyst tilpassa løp i utdanningssystemet for elevar med vaksenrett i nærområdet. Vi er glade for at det no endeleg er under planlegging eit tilrettelagt helsefagløp mot å ta fagbrev for vaksne flyktningar på Søre Sunnmøre. IMDi har støtta prosjektet gjennom tilsegn om KUM for 2018, så no gjenstår det å avklare om prosjektet kan realiserast.

Vi vil også kartlegge behov for ***fagnorsk på arbeidsplassen*** i helse og omsorg. Sektoren har mange minoritetsspråklege på dei fleste avdelingane både i praksis, som vikarar og ekstrahjelp, og nokre har faste stillingar. Dette vil vere viktig å sjå i samanheng med lærlingplassane som er oppretta for vaksne flyktningar og tilrettelagt helsefagløp for målgruppa.

Vidare vil kontinuerleg ***resultatfokus*** og at vi når måltala for overgang til utdanning/arbeid, og at flyktningane raskast råd vert økonomisk sjølvstendige, vere sentrale fokusområde for å sikre eit berekraftig busetjings- og integreringsarbeid. Resultatoppnåinga i Volda er høgare enn landsgjennomsnittet, men vi kan bli betre. Vi ser at mykje endrar seg for den einskilde etter avslutta INTRO m.a. grunna overgang til skulegang som utløyser rett til lån og stipend som gjer at mange vert økonomisk sjølvstendige. Butid aukar tilknytinga til arbeidslivet og utdanningssystemet, og færre vert avhengig av offentleg stønad til livsopphald få år etter avslutta INTRO. Dette gir indikasjonar om at det vert gjort eit godt grunnleggjande kvalifiseringsarbeid dei første åra etter busetjing.

2. Tiltaksplan i busetjings- og integreringsarbeidet 2018

(rullerast årleg)

INNSATSOMRÅDE	NR	TILTAK/MÅL	AKTIVITET	ANSVARLEG	TID/FRIST
BUSETJINGS-FREMJANDE TILTAK **2.1 Framskaffe bustader til jamn og kvartalsvis busetjing** Sikre implementering og gjennomføring av prosjekta: "Bustadkarriere for flyktningar" og "God og effektiv busetjing av flyktningar"	1.1	*Framskaffe bustader til 1. gongs busetjing*	• Sikre jamn og kvartalsvis busetjing av flyktningar	**VLS** **EM-tenesta**	Kontinuerleg
	1.2	*Kjøp av bustader*	• Kommunestyret fatta vedtak om kjøp/bygging av nye bustader til flyktningar i 2016 • Låneramma er sett til kr 6 mill., utover det som vert utløyst i bustadtilskot	Arbeidsgruppa for bustadsosialt arbeid	Tiltaket er prioritert i bustadsosial handlingsplan for 2017-2020
	1.3	*Utgreiing av framtidig behov for bustadbygging*	• Kommunestyret har fatta vedtak om at administrasjonen skal utgreie sak om korleis dekke framtidig behov for bustadbygging for busetjing av flyktningar, der ein vurderer alternative samarbeidsformer for bustadbygging.	Arbeidsgruppa for bustadsosialt arbeid	Ikkje avklart
	1.5	*Frå leige til eige / Kjøp av eigen bustad*	• Implementering av "Frå leige til eige" • Tilstrekkeleg låneopptak av startlån for vidaretildeling	Arbeidsgruppa for bustadsosialt arbeid	Prioritert i bustadsosial handlingsplan
	1.6	*Privat leige av bustad*	Vidareutvikle rutinar for privat leige av bustad: • Flyktningar skaffar privat bustad sjølve • Overgang frå kommunal til privat leige av bustad • Oppfølging av huseigar, burettleiing m.v.	**VLS** **EM-tenesta** **Helse og omsorg**	Kontinuerleg
	1.7	*Sikre god gjennomstrøyming i kommunale utleigebustader*	• Kontakte flyktningar i god tid før husleigekontrakta går ut • Informere, motivere og bistå med å skaffe privat bustad • Gi bistand til finansiering av eigen bustad; startlån, bustadtilskot, bustønad	**Helse og omsorg** Husbankansvarleg	Kontinuerlig
	1.8	*Bustadsosial plan*	• Bustadsosial handlingsplan vedtatt av kommunestyret 2018	**Helse og omsorg** Arbeidsgruppa for bustadsosialt arbeid	Februar 2018

INNSATSOMRÅDE	NR	TILTAK/MÅL	AKTIVITET	ANSVARLEG	TID/FRIST
BUSETJINGS-FREMJANDE TILTAK **2.2 Sjølvstendig bustadkarriere for flyktningar** Sikre implementering og gjennomføring av prosjekta: "Bustadkarriere for flyktningar" og "God og effektiv busetjing av flyktningar"	2.1	*Sikre betre implementering og gjennomføring av programmet for burettleiing og sjølvstendig bustadkarriere for flyktningar i Volda*	• Deltakarar i introduksjonsprogram og einslege mindreårige flyktningar skal som fast aktivitet ha tiltak retta mot burettleiing og sjølvstendig bustadkarriere i sin individuell plan • Flyktningar skal frå dag ein i Volda få informasjon om å bu, burettleiing, sjølvstendig bustadkarriere, korleis skaffe eigen bustad, ivaretaking av husværet, uteområde, bumiljø, nabolag • Utarbeide plan for korleis gjennomføre arbeidet med burettleiing og sjølvstendig bustadkarriere i: o Introduksjonsprogrammet o Arbeidet med kvalifisering av einslege mindreårige o For andre flyktningar/tidlegare busette	**VLS** INTRO-teamet / Programrådgjevarar **EM-tenesta,**/særkontakt Bustadkoordinator helse og omsorg	Kontinuerleg
	2.2	*Auke kunnskapen om Husbanken sine lån, tilskot og støtteordningar*	• Gi informasjon på individnivå til brukarar • Gi informasjon i gruppe på Volda læringssenter • Etablere fleire informasjonsarena for brukarar og tilsette • Gjere informasjonsmateriell tilgjengeleg for hjelpeapparatet, leigetakarar i kommunale og private bustadar, og andre interesserte.	**Husbankansvarleg** **VLS**	Kontinuerleg

INNSATSOMRÅDE	NR	TILTAK/MÅL	AKTIVITET	ANSVARLEG	TID/FRIST
INTEGRERINGS-FREMJANDE TILTAK **2.3 Vidareutvikle og sikre gode og stabile resultat i introduksjons-ordninga** Kommunale kvalifiseringsarena helsefagprosjekt KUM-midlar frå IMDi i 2018	3.1	*Vidareutvikle, evaluere og implementere dei kommunale kvalifiseringstiltaka*	Kommunale kvalifiseringsarena for språk- og arbeidstrening for flyktningar og deltakarar med liten eller ingen skulebakgrunn: 1. Kantine på rådhuset 2. Reinhaldskurs 3. Helsefagarbeidarutdanning – oppstart august 2018 4. Mentor 5. Serviceteam/arbeidslag	**PO** **Rektor VLS** **Helse og omsorg** **Eigedomsavdelinga**	Pågåande Februar 18 August 18
	3.2	*Resultatfokus i introduksjons-programmet*	Oppnå resultatmålet om 60% overgang til ordinær utdanning/arbeid: • Utarbeide rutinar for å sikre kontinuerleg resultatfokus i det daglege arbeidet • Redusere fråver og sikre høgare grad av deltaking i INTRO	**Rektor VLS** **Fagansvarleg VLS** Programrådgjevarar Ass. Rektor/lærarar VLS Samarbeid med NAV	Kontinuerleg
	3.3	*Vidareutvikle samarbeidet med NAV*	• Sikre god oppfølging av ny samarbeidsavtale mellom NAV og Volda læringssenter	**Rektor VLS** **NAV-leiar**	Fornya feb.-18
	3.5	*Kompetanseheving i kvalifiseringsarbeidet*	• K+ nettverkssamlingar • Innovasjon og entreprenørskap som verktøy i integreringsarbeidet • Rettleiingsmetodikk og motivasjon av deltakarar	**PO/Rektor VLS**/lærarar Programrådgjevarar	

INNSATSOMRÅDE	NR	TILTAK/MÅL	AKTIVITET	ANSVARLEG	TID/FRIST
INTEGRERINGS-FREMJANE TILTAK **2.4 Vidareutvikle og sikre gode og stabile resultat i norskopplæringa**	4.1	*Fagnorsk på arbeidsplassen*	• Fagnorsk innan helse- og omsorg for deltakarar i helsefagarbeidarutdanning, språk- og arbeidspraksis, minoritetsspråklege vikarar og tilsette.	**Rektor VLS** **HO**	Våren 2018
	4.2	*Basisfag i norskopplæringa*	For deltakarar med utdanning som mål: • Tilby basisfag tidleg for å effektivisere kvalifiseringsløpet og sikre rask overgang til vidaregåande skule	**Rektor VLS**	Kontinuerleg
	4.3	*Tilrettelegge for fleire komprimerte utdanningsløp for vaksne, som fører fram til fagbrev*	• Oppstart av komprimert helsefagarbeidarutdanning i samarbeid med NAV	**NAV** **HO** **PO**	August 18
	4.4	*Resultatfokus i norskopplæringa*	I samband med obligatoriske språkprøver skal det arbeidast for: • Å spisse opplæringa mot språkprøvene	**Rektor VLS**	Kontinuerleg
	4.5	*Jobbmentor*	• Videreføring av jobbmentor i samarbeid med Høgskulen i Volda. • Oppfølging av deltakarar i språkpraksis	**Rektor VLS** Høgskulen i Volda Inclusion AS	Våren 2018

VOLDA KOMMUNE

VEST KONTROLL
SEKRETARIAT FOR KONTROLLUTVAL

MØTEPROTOKOLL

Utval: **Kontrollutvalet i Volda og Hornindal**
Møtestad: **Hornindal kommunehus**
Dato: **12.03.2018**
Tid: **12.30 – 15.30**

Faste medlemer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Volda:		
Ronald Hagen	Leiar	
Solfrid Førde	Nestleiar	
Jørgen Holte	Medlem	
Ragnhild Folkestad	Medlem	
Bjørn Ytrestøyl	Medlem	
Hornindal:		
Rasmus Kirkhorn	Leiar	
Siv Kristensen	Nestleiar	
Rasmus Otterdal	Medlem	

Faste medlemer som ikkje møtte (Volda):

Namn	Funksjon
Torill Rødven Eide	
Inge Alexander Bruheim	

Vara som møtte (Volda):

Namn
Ann Helen Sundalsfoll
Eilev Halkjelsvik

Frå Vest Kontroll møtte:

Namn	Stilling
Jostein Støylen	Dagleg leiar

Frå SEKOM-sekretariat møtte:

Namn	Stilling
Arnar Helgheim	Dagleg leiar
Audhild Ragni Vie Alme	Rådgjevar

Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon møtte:

Namn	Stilling
Halldis Moltu	Oppdragsansvarleg revisor Volda

Frå kommuneadministrasjonen og politisk hald møtte:

Namn	Stilling
Stig Olav Lødemel	Leiar fellesnemnda

SAKLISTE

1) Val av møteleiar
2) Godkjenning av innkalling og sakliste
3) Referatsaker
    a. Prosjektbeskriving - Volda - Hornindal "Vi byggjer ein ny kommune".
    b. Oppretting av fellesnemnd – vedtak i begge kommunestyra
    c. Økonomiplan Nye Volda
    d. Konstituering av fellesnemnda
4) Informasjon frå leiaren i fellesnemnda Stig Olav Lødemel. Høve til spørsmål under vegs.
    a. Status i samanslåingsarbeidet pr i dag
    b. Prosjektbeskriving – gjennomgang
        i. Kva må fungere frå dag 1?
        ii. Korleis prioriterer fellesnemnda?
        iii. Sikrar fellesnemnda at ein har heimel for vedtak?
        iv. Framdriftsplan vidare
5) Risikoar i samanslåingsperioden ved oppdragsansvarleg revisor Haldis Moltu
    a. Risikoar i noverande kommunar fram til 2020
    b. Risikoar for oppstart av den nye kommunen
6) Vidare opplegg ved dagleg leiar Arnar Helgheim i SEKOM-sekretariat
    a. Presentasjon av kontrollutvalet og generelt om tilsyn og kontroll i fellesnemnda?
    b. Innhald i eventuell presentasjon?
    c. Kor mange felles kontrollutvalsmøte vidare?
    d. Observatør frå kontrollutvalet i fellesnemnda?

Møtet starta med lunsj kl. 12:30.

1. Val av møteleiar:
Rasmus Kirkhorn vart vald som møteleiar.

2. Godkjenning av innkalling og sakliste:
Innkalling og sakliste vart godkjent.

3. Referatsaker:
Ingen merknader.

4. Informasjon frå leiar i fellesnemnda Stig Olav Lødemel:
    a. Status i samanslåingsarbeidet pr. i dag
    b. Prosjektbeskriving - gjennomgang
        i. Kva må fungere frå dag 1?
        ii. Korleis prioriterer fellesnemnda?
        iii. Sikrar fellesnemnda at ein har heimel for vedtak?
        iv. Framdriftsplan vidare

5. Risikoar i samanslåingsperioden ved oppdragsansvarleg revisor Haldis Moltu:
presentasjon
    a. Risikoar i noverande kommunar fram til 2020
    b. Risikoar for oppstart av den nye kommunen

6. Vidare opplegg ved dagleg leiar Arnar Helgheim i SEKOM-sekretariat
    a. Presentasjon av kontrollutvalet og generelt om tilsyn og kontroll i fellesnemnda?

b. Innhald i eventuell presentasjon?
Kontrollutvalsleiarane vil møte i fellesnemnda og aktuell dag kan vere 19. april.
SEKOM-sekretariat avklarar tid med fellesnemnda.

c. Kor mange felles kontrollutvalsmøte vidare?
Ynskjer fellesmøter vidare, om lag eitt kvart halvår. Neste møte i Volda **28. november kl. 12:30.**
Volda kontrollutval ordinært møte same dag kl. 10:30, og Hornindal kontrollutval ordinært møte i Hornindal kl. 11:00.

d. Observatør frå kontrollutvala i fellesnemnda?
Kontrollutvalsleiarane møter i fellesnemnda, og fordelar det slik at dei deltek i på møta når møtestaden er i deira eigen kommune.

Informasjon om prosjektet finn de på heimesida til nye Volda kommune
https://nyevolda.no/

Møtet slutt.

Fra: Ida Birgitte Marholm[ida.birgitte.marholm@vestkontroll.no]
Sendt: 22.03.2018 08:55:23
Til: Postmottak Volda
Kopi: Jørgen Amdam; Rune Sjurgard
Tittel: VO 03-18 Møteprotokoll frå felles kontrollutvalsmøte med kontrollutvalet i Hornindal 12.03.2018

Hei
Oversending for behandling, skal som melding til kommunestyret.

Med helsing

Ida Birgitte Marholm
Konsulent
Tlf: 700 30 445/41 47 62 12
ida@vestkontroll.no

VOLDA KOMMUNE

VEST KONTROLL
SEKRETARIAT FOR KONTROLLUTVAL

MØTEPROTOKOLL

Utval: **Kontrollutvalet**
Møtestad: **Møterom 144, Volda rådhus**
Dato: **31.01.2018**
Tid: **13.00 – 15.50**

Faste medlemer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Ronald Hagen	Leiar	
Solfrid Førde	Nestleiar	
Jørgen Holte	Medlem	
Ragnhild Folkestad	Medlem	
Bjørn Ytrestøyl	Medlem	

Faste medlemer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon
Inge Alexander Bruheim	Medlem
Torill Rødven Eide	Medlem

Vara som møtte:

Namn
Anne Helen Sundalsfoll
Eilev Halkjelsvik

Frå Vest Kontroll møtte:

Namn	Stilling
Jostein Støylen	Dagleg leiar

Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon møtte:

Namn	Stilling
Halldis Moltu	Oppdragsansvarleg revisor Volda
Alf Marius Grønnevik	Forvaltningsrevisor

Frå kommuneadministrasjonen og politisk hald møtte:

Namn	Stilling
Berit Lyngstad	Personalsjef. I sak 6
Ingrid Evebø Haug	Leiar PPT. I sak 7

SAKLISTE

SAK 01/18 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLLEN

SAK 02/18 GJENNOMGANG AV MØTE PROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

SAK 03/18 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2017

SAK 04/18 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2018

SAK 05/18 MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET 2018

SAK 06/18 SJUKEFRÅVÆR – ORIENTERING

SAK 07/18 PPT – ORIENTERING

SAK 08/18 MELDINGAR

SAK 09/18 INNOVASJONSPROSJEKTET KIMEN

SAK 10/18 DIVERSE SPØRSMÅL

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
01/18	033	15.01.2018	31.01.2018	IBM

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLL

Samrøystes vedtak

1. Innkalling og sakliste vert godkjent med tilleggssaker 09 Innovasjonsprosjektet Kimen og 10 Diverse spørsmål. Sakene vert behandla i denne rekkefølgja: 1, 2, 3, 4, 5, 8, 6, 7, 8, 9 og 10.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Solfrid Førde.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
02/18	049	15.01.2018	31.01.2018	IBM

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Samrøystes vedtak
Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 29.11.2017.

Vedlegg
Møteprotokollen frå møtet 29.11.2017

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
03/18	033&58	15.01.2018	31.01.2018	IBM

GJENNOMGANG MØTEPROTOKOLLAR 2017

Samrøystes vedtak
Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ikkje merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

Saksopplysing
For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Volda kommune si heimeside - https://innsyn.ssikt.no/volda/dmb
og på www.vor.no .

Møteprotokollar til gjennomgang

Kommunestyret	**30.11**	**14.12**
Formannskapet	**28.11**	**12.12**
Driftsstyret		
Eldrerådet	**20.11**	
Forvaltningsutvalet	**05.12**	
Ungdomsrådet	**06.12**	
Valnemnda	**30.11**	

Råd for likestilling av menneske med nedsett funksj.	**20.11**		
Valstyret			
VØR styret	**14.11**		
Fellesnemnd for nye Volda kommune	**07.12**		
Tenesteutval for oppvekst og kultur	**18.10**	**15.11**	**05.12**
Tenesteutval for helse og omsorg	**12.10**	**16.11**	**07.12**

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
04/18	033&58	15.01.2018	31.01.2018	IBM

GJENNOMGANG MØTEPROTOKOLLAR 2018

Samrøystes vedtak
Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ikkje merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

Saksopplysing
For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Volda kommune si heimeside - https://innsyn.ssikt.no/volda/dmb og på www.vor.no .

Møteprotokollar til gjennomgang	
Kommunestyret	**25.01**
Formannskapet	**16.01**
Driftsstyret	
Eldrerådet	
Forvaltningsutvalet	**09.01**
Ungdomsrådet	**17.01**
Valnemnda	
Råd for likestilling av menneske med nedsett funksj.	
Valstyret	
VØR styret	
Fellesnemnd for nye Volda kommune	
Tenesteutval for oppvekst og kultur	**10.01**
Tenesteutval for helse og omsorg	**11.01**

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
05/18	033	15.01.2018	31.01.2018	IBM

MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET 2018

Samrøystes vedtak
Kontrollutvalet fastset møteplanen i samsvar med framlegget.

Vedlegg
